

**Singelliv -  
i grenselandet mellom  
enslighet og parforhold**

**Kari-Marie Kloster**

**Hovudoppgåve i kulturvitenskap**

**Universitetet i Bergen  
Institutt for kulturstudier og kunsthistorie  
Våren 2003**

## **Førord**

Når eg no har kome til vegs ende med prosjektet mitt, vil eg sende varme tankar til alle som har bidrege til at denne oppgåva har vorte det den har vorte. Fyrst vil eg takke rettleiaren min Nils Gilje for å ha kome med gode idear og nyttige innspel. Ikkje minst vil eg takke Tone Hellesund for å ha lese gjennom teksten min gong på gong og kome med forslag til nyttige endringar. Eg vil takke informantane mine for å ha delt røynslene sine med meg, og dermed lagt grunnlaget for heile oppgåva. Utan dei hadde ikkje prosjektet vore mogleg å gjennomføre. Ellers vil eg sende ei takk til kjende og ukjende for å ha bidrege med nyttig empiri. Vener, medstudentar og familie vil eg sjølvsagt også takke, for støtte, inspirasjon og deltaking i mange interessante samtalar. Til sist vil eg takke meg sjølv for å ha halde meg singel under heile skriveprosessen. Når eg no er ferdig kjenner eg meg klar for å slå meg til ro med mann og barn.

Bergen, juni 2003

Kari-Marie Kloster

<b>1. Innleiing</b>	1
1.1 Oversikt over utviklinga på området	2
1.2 Problemstilling	6
1.3 Oversikt over oppgåva	8
<b>2. Metode</b>	9
2.1 Interne kjelder	11
2.1.1 Informantar: Kvifor og korleis	11
2.1.2 Intervjusituasjonen	12
2.1.3 Overgang frå band til tekst	13
2.1.4 Tolking av intervju	13
2.1.5 Bruk av andre metodar enn intervju – Uformelle samtalar og observasjonar	15
2.2 Eksterne kjelder	16
<b>3. Singelliv – Ei omgrepsavklaring</b>	17
3.1 Fullstendig singel	18
3.2 Ufullstendig singel	20
3.2.1 Serie-singel	20
3.2.2 Delvis singel	23
3.2.3 Blanding av serie-singl og delvis singel	23
3.3 Blanding av fullstendig singel og ufullstendig singel	25
<b>4. Diskurs – Ideal, moral og ambivalens</b>	28
4.1 Moralteori	30
4.2 Ideal og røyndom	35
4.3 Individ og samfunnsnormer – Ein aporetisk situasjon	37
4.4 Hovudendringar i seksualmoralen – Ideelle ytterpunkt	40

<b>5. Opplevingar av forhold – Mellom singeldiskurs og pardiskurs.....</b>	43
<b>    5.1 Definering av forhold.....</b>	45
<b>    5.2 Ideal i høve til kva forhold ein ynskjer seg.....</b>	49
<b>    5.3 Forholdet til den andre – Forpliktande versus uforpliktande forhold (langvarige).....</b>	52
5.3.1 Intensjon med å gå inn i parforholdet – Tryggleik, seksualtrong, kjærleik eller press frå samfunnet.....	53
5.3.2 Jevnbyrdighet? – Om ulik investering i parforholdet.....	58
<b>    5.4 ”One night-stands”.....</b>	65
<b>    5.5 Venskapsforhold – Prioritering.....</b>	66
5.5.1 Ute på byen – fordeling av tid mellom vener og potensielle sex-partnerar.....	66
5.5.2 Fordeling av tid mellom vener og partner i forpliktande forhold.....	68
5.5.3 Involvering av vener i parforholdet – Balanse mellom det eigne og det andre livet.....	69
<b>    5.6 Desperat eller avslappa, aktiv eller passiv – Korrekt eller ukorrekt.....</b>	70
5.6.1 Mellom to diskursar.....	72
5.6.1.1 Pardiskurs - Parforholdet som det politisk korrekte ideal.....	72
5.6.1.2 Singeldiskurs - Singellivet som det politisk korrekte ideal.....	73
5.6.2 Å finne ein partner – Konfliktfelt i singeldiskursen.....	77
5.6.2.1 Tradisjonell sjekking – Aktiv eller passiv.....	77
5.6.2.2 Utradisjonelle metodar for å finne ein partner.....	81
<b>6. Uforpliktande forhold – Moralsk eller umoralsk.....</b>	83
<b>    6.1 Konservativ – moderat – liberal.....</b>	86
6.1.1 Den konservative diskursen.....	86
6.1.2 Den liberale diskursen.....	91

<b>6.1.3 Ambivalent seksualmoral.....</b>	<b>93</b>
<b>6.2 Utruskap.....</b>	<b>97</b>
<b>6.2.1 Å gå inn i andre sitt forhold.....</b>	<b>97</b>
<b>6.2.2 Å gå ut av sitt eige forhold.....</b>	<b>98</b>
<b>6.3 Kjønnsskilnader.....</b>	<b>100</b>
<b>6.3.1 Det <i>er</i> slik, men det <i>bør</i> vera slik – samfunnsnormer versus individuell fridom.....</b>	<b>101</b>
<b><u>7. I spenningsfeltet mellom ulike diskursar.....</u></b>	<b>103</b>
<b><u>8. Kjelder.....</u></b>	<b>106</b>

# 1. Innleiing

Mange lurer sikkert på kva som er så interessant med singellivet. Det som fascinerer meg er korleis single individ organiserer livet sitt i høve til seksualitet og parforhold. Eg meiner å ha funne ei treffande innleiing til dette temaet i 33-årige Bengt si historie (henta frå Shape Up, mars 2001).

*Jeg er singel på andre året og trives med å være alene. Men å få tilfredsstilt mine seksuelle behov er et stort problem. Hvorfor er det så vanskelig å finne kvinnelige sexpartnere? Hvorfor må man på død og liv dele oppvaskbørsten og vrenge sjela si til hverandre for å få hverandre til sengs? På den annen side; jeg er heller ingen tilhenger av one night-stands. For det første må man alltid bruke kondom. For det andre er det grusomt å våkne opp i morgensolen med en du ikke kjenner. For det tredje er som regel sexen dårlig. Og da er vel vitsen borte? Det blir aldri som du ser på film – at man river av hverandre klærne og knuller heftig. Man fomler og fikler, kjenner den siste drinken opp og ned i halsen og har liten kontroll over kroppen. Og her ligger jo selve dilemmaet – for å sjekke opp noen må man være full. Hvis ikke tør man ikke. På grunn av alt dette fommelet innledet jeg et seksuelt forhold til gamlekjæresten, tross mange advarsler. Vi hadde fantastisk sex, og hun nevnte verken forhold eller følelser. Det var for godt til å være sant, og det var det også. Etter ca. tre måneder ville hun plutselig at vi skulle prøve å bli fast sammen igjen. Det var ikke jeg interessert i. Jeg hadde friskt i minne hvor hakkete og humørsvingende hun kunne være. Så da sa jeg takk og farvel. Så fulgte nok et år med noen vellykkede og mange mislykkede one night-stands, til jeg traff en ålreit dame. Det tok allikevel ikke mange stevnemøtene før jeg fant ut at vi var veldig forskjellige. Vi delte verken humor eller interesser, og hadde et grunnleggende ulikt syn på livet. Men sexen var bra – det var det som var så forbannet. For dette viste seg også å være for godt til å være sant. En dag ville hun plutselig snakke alvor med meg. Hun sa at forholdet ikke ga henne noe. At vi burde prøve å gjøre noe annet sammen enn "bare" å ha sex. Jeg tente på alle pluggene. Hvorfor kan ikke jenter nyte uten å tenke forpliktelser? Hvorfor må de involvere følelser i alt de gjør? Jeg sa en masse dumme ting som sikkert var veldig sårende. Det angrer jeg på nå, for hun var egentlig veldig grei. Nå er jeg oppgitt og fortvilet. Ikke vil jeg gå i sølibat, og ikke vil jeg ha noe seriøst forhold. Men det er tydeligvis prisen man må betale for god sex... (Storli, 2001).*

## 1.1 Oversikt over utviklinga på området

Dei siste 30-40 åra har det skjedd ei stor utvikling på området for intimitet og parforhold, og eg skal i denne teksten gje ei framstilling av singellivet i det seinmoderne samfunnet. Det kan vere vanskeleg å plassere eit konkret skilje mellom det gamle og det nye, det tradisjonelle og det moderne, men det er likevel nødvendig å seie noko om det for å kunne seie kva det dreiar seg om. I boka *Conversations with Anthony Giddens – Making Sense of Modernity* definerer Anthony Giddens *tradisjon* på denne måten: "It is a means whereby the past lives in the present and thereby shapes the future" (Giddens & Pierson 1998: 127-128). Det er denne definisjonen eg vil forholde meg til i denne oppgåva.

Ulrich Beck og Elisabeth Beck-Gernsheim nemner i boka *The normal chaos of love* tre stadier forholdet mellom kvinner og menn har gått gjennom i rørsla frå det tradisjonelle til det moderne samfunnet. I den første fasen, kor familien besto av ei økonomisk eining, hadde ingen av partane ein individuell biografi. I den andre fasen, kor den "utvida familien" byrja å gå i oppløysing, vart det forventa av mennene at dei tok meir initiativ til å organisere sine eigne liv. Samhaldet i familien var fortsatt intakt, på kostnad av kvinnene sine rettar. Sidan 1960-åra har det blitt klart at vi har gått inn i ein ny fase, kor begge kjønn har muligheten til å leve sitt eige liv, på godt og vondt (Beck 1995: 76).

Når ein seier det slik, gjev ein uttrykk for at det er snakk om eit tidsperspektiv mellom det tradisjonelle og det moderne. Det stemmer, men ein kan også seie at element av det tradisjonelle eksisterer i det moderne. Sjølv om det vert meir og meir vanleg å leve som singel, i relativt høg alder, har kjernefamilien framleis ein sentral plass i det seinmoderne samfunnet. Beck si framstilling tar eg med for å vise kva endringar det er snakk om.

Giddens innfører i boka *Intimitetens forandring* omgrepene "det rene forhold":

Et rent forhold har intet med seksuel renhet at gjøre og er snarere et begrænsende end blot et beskrivende begreb. Det henviser til en situation hvor to personer indgår i et socialt forhold for dets egen skyld, for hvad de pågældende hver især kan få ud af en varig forbindelse med hinanden, og som kun fortsætter for så vidt som begge parter anser det for at tilfredsstille dem tilstrækkeligt til at blive i det (Giddens 1992: 63).

I dag inngår folk i forhold og ikkje i ekteskap, for å seie det på ein veldig forenkla måte. Mange inngår framleis i ekteskap, men det er ikkje nødvendigvis normen, og utviklinga går mot ”det rene forhold”. Kanskje også det moderne ekteskapet er fundert i eit ”rent forhold”.

I boka *Conversations with Anthony Giddens* får Giddens spørsmålet: ”To what extent are pure relationships ‘pure’ then”? På dette svarer han at reine forhold faktisk er ganske ureine. Med dette meiner han at vi har ein sterk tendens til at forhold er basert på emosjonell kommunikasjon heller enn institusjonelt gitte kjønnsroller. Dette gjeld i forhold mellom menn og kvinner, mellom partnerar av same kjønn, og i forhold mellom foreldre og barn. Samtidig er det mange situasjoner kor tradisjonelle familieformer og gamle haldninga vert helde vedlike. Ideen om reine forhold er ein ideal-type – i røynda er det ein blanda situasjon (Giddens & Pierson 1998: 124-125). Dette viser det eg har sagt tidlegare om at tradisjonen eksisterer i det moderne, at det ikkje er noko som er heilt nytt. Det vil alltid innehalde element av det gamle. Det viser òg at når vi seier noko om skiljet mellom tradisjon og modernitet nyttar vi oss ofte av idealtypar. Vi reindyrkar visse trekk ved røyndomen. Slik sett kan ikkje idealtypar seiast å eksistere som ein sosial kvalitet. Dei er ikke ”der ute”; det er vi som lager dei (Weber 1990).

”Det rene forhold” er beslektat med og parallelt med utviklinga av *plastisk seksualitet*, som er eit anna omgrep Giddens innfører i *Intimitetens forandring*. Seksualiteten er etterkvart blitt ein karaktereigenskap ved det enkelte menneske på grunn av den totale lausrivinga frå forplantninga, slektskapet og generasjonane (Giddens 1992: 34-35). Eg kunne i denne oppgåva valt å fokusere på til dømes boligtilhøve og matvanar, men eg har valt å, i stor grad, setje fokus på seksualitet og parforhold. Dette er på grunn av at seksualiteten er så viktig i vår kultur. Foucault meiner at seksualiteten er så viktig på grunn av at den er identitetsskapande (Foucault 1987). Når det gjeld seksualiteten vert individet stilt overfor mange valg. Ein kan til dømes velje om ein vil vere monogam, om ein vil ha fleire seksualpartnerar, eller om ein vil leve i sølibat. Kva moralske val individet gjer, kan ha sin bakgrunn i familie, utdanning, religion o.s.v. (Foucault 1987: 25). I og med at ulike individ har ulik bakgrunn, vil dei gjere ulike val når det gjeld

seksualitet. Ein kan ut frå dette seie at identitet til ein viss grad vert forma ut frå det seksuelle. Kva ideal ein har, eller kva val ein gjer, kan også endre seg over tid. Seksualiteten kan dermed òg seie oss noko om kulturell endring. Ein kan òg seie at seksualiteten er med på å forme det sosiale kjønnet, og dermed gjev individ identitet som kvinner eller menn (Miles 1991).

Giddens presenterer tre typar kjærleik. Den romantiske kjærleiken, som legg vekt på forholdet mellom to individ som elskar kvarandre og byggjer eit langvarig stabilt og eksklusivt forhold på dette, den lidenskapelige kjærleiken som baserer seg på seksuell tiltrekning, og er normbrytande, og til slutt den konfluerande kjærleiken, kor ein ”spesiell person” vert erstatta av eit ”spesielt forhold”, og oppnåing av gjensidig seksuell nyting står sentralt. Konfluerende kjærleik er ikkje nødvendigvis monogam eller seksuelt eksklusiv, med mindre partane i ”det rene forhold” finn det ynskjeleg (Giddens 1992: 68). Den er heller ikkje spesielt knytta til heteroseksualitet. Det er overgangen til denne siste typen kjærleik Giddens knyt til ”*intimitetens forandring*”.

*The normal chaos of love* av Beck og Beck-Gernsheim er skrive i same tradisjon som *Intimitetens forandring*. Dei hevdar at kjærleik har blitt ein tom kategori, som individet må fylle sjølv. På den eine sida har ein høve til å skape former for demokrati i privatlivet, som er parallelle til demokratiformene i den offentlige sfæren. Alle parter deltek på likefot, og løyser problem som oppstår gjennom diskusjon – utan å ty til vald. På den andre sida meiner Beck det fins eit potensiale til kaos; paradokset er at kjærleik er meir viktig enn før, samstundes som den er meir flyktig eller unnvikande. Kampen for å skape harmoni i familien og parforholdet har erstatta den tidlegare klassekampen. Giddens kjem også inn på demokratiseringa av privatsfæren. Han meiner idear frå det politiske livet vert sett ut i privatsfæren, to prinsipp er dei gjeldande, og det er likskap og likeverd. Denne *demokratiseringa av privatsfæren* skjer på tre måtar: 1) Forholdet mellom kvinner og menn vert demokratisert, kjønna er i teorien likeverdige. 2) I eit demokratisk samfunn løyser ein ikkje problem ved krig og valdsbruk, men med forhandlingar og dialog. Dette gjeld også i parforholdet. 3) Ein kan i eit moderne demokrati velje bort eit parti eller ein

leiar. I privatlivet kan ein velje vekk ein partner. Skilsmisse og andre typar samlivsbrot er stort sett sosialt akseptert.

It is striking how far norms of formal democracy (...) resemble those of a good relationship. Democracy means recognizing that all people are equal: each has a vote and no one's vote counts more than any other. In a democracy, political life is founded on dialogue rather than on violence or coercion – or tradition. Issues, in principle anyway, are publicly discussed and an attempt to reach consensus made. A good relationship is also one in which each party is equal and autonomous, in which issues are discussed rather than driven underground, and which is free from violence. Communication has a key role in public democracy and in relationships. If there is no space in a relationship where the parties can actually talk to one another, the relationship tends to become obsessive, or it sinks into some habitual structure. Communication means being capable of disclosure and being able to talk when necessary. It would be stupid to say, either in democracy or in a good relationship, that we should be talking all the time, because it would drive us mad! But in both, there's the chance of influencing the behaviour of other people without using force or invoking the power of tradition (Giddens & Pierson 1998: 125-126).

Det singellivet som eksisterer i det seinmoderne samfunnet kan sjåast på som ein del av ein slik demokratisk kultur. Ein kan seie det er ein virkning av demokratiseringa av privatsfären. Det inneheld dessutan eit viktig element av kommunikativ rasjonalitet, det vil seie at ein finn fram til fornuftige løysingar og svar gjennom dialog og samtale. Eg vil i kapittel 3 gje ei framstilling av kva som ligg i omgrepet singelliv. I dette kapittelet vil eg berre framheve at demokratiseringa av privatsfären og individualiseringa i samfunnet er viktige aspekt ved singellivet.

Ulrich Beck og Elisabeth Beck-Gernsheim opererer med omgrep om standardbiografiar og individuelle biografiar. I det tradisjonelle samfunnet er det standardbiografien, som inneber å gifte seg og få barn, som er gjeldande. Både menn og kvinner var avhengige av eit ekteskap og ein familie for å overleve. Mannen var avhengig av kvinna til å ta seg av barn, gjere utearbeid og husarbeid og støtte han moralsk. Kvinna var langt på veg økonomisk avhengig av mannen. Ut frå desse føresetnadene vaks det fram allmenne oppfatningar om at alle burde leve på ein slik måte. Det var ikkje mange alternativ å velje mellom, slik vi skal sjå at det er i det seinmoderne samfunnet. Dersom nokon i det tradisjonelle samfunnet var einslege, var det nok av ovanfor nemnde årsaker for det meste ufrivillig. Dersom det ikkje var det, vart ein i det minste ofte sett på som litt "snodig" frå resten av samfunnet si side. Tone Hellesund seier i doktoravhandlinga *Den norske peppermø* dette om temaet:

Fortellingene om og stereotypiene av peppermøen som kulturell figur handler imidlertid om behovet for klare kategorier. Fordi modernitetens fristilling også ble opplevd som truende og kaotisk, etterstebet mange entydighet og skarpt atskilte grenser både i forhold til rase, klasse, kjønn og seksualitet. På denne måte kunne en opprettholde en følelse av orden og stabilitet. Fortellingene om peppermøen viser hvordan hennes måte å leve et kvinneliv på opplevdes som forvirrende og truende, og om hvordan man forsøkte å ufarliggjøre henne gjennom latterliggjøring og gjennom å definere henne som noe annet (Hellesund 2002: 249).

Det er som sagt vanskeleg, tidsmessig, å setje eit klart skilje mellom det tradisjonelle og det moderne, på grunn av at mykje av det tradisjonelle eksisterer saman med det moderne. Det vil sei at element av det eg har skildra som tradisjonelt framleis eksisterer i dagens samfunn.

## 1.2 Problemstilling

Tone Hellesund viser korleis peppermøen vart sett på som snodig, og dermed kan sjåast på som eit liminaltilfelle (Jfr. Douglas 1997). Sjølv om peppermøen i Hellesund si avhandling representerer eit liminaltilfelle, vil ho i mi oppgåve representere ein av to ytterpolar. Dei to ytterpolane er det å vera einsleg, representert ved peppermø og peppersvenn, og det forpliktande parforholdet. Singellivet hamnar i liminalsona mellom desse to. Omgrepene einsleg og singel har i utgangspunktet den same tydinga. Singelomgrepet kom inn i det norske språket med fjernsynsseriar som *Sex og singelliv*, og har difor vorte knyttta til ein ny type livsstil. Det er ikkje lenger synonymt med å vera enslig.

*Einsleg* vert ofte assosiert med ord som stusselig, einsam og trist. Det peikar på ein mangel ved livet. Ein er på veg mot eit mål ein ikkje har nådd. Ein kan òg seie at det å vere einsleg er tradisjonelt og statisk.

*Singel* vekkjer andre assosiasjonar, som det å ha mange vener, mange interesser og mykje moro. Singellivet kan i motsetning til det å vera einsleg og det å vera i eit parforhold, sjåast som noko dynamisk og moderne. Singellivet er uforpliktande, medan parforholdet er forpliktande. Det er her uansett berre snakk om det assosierte innhaldet i omgrepene. Det er ikkje sikkert at dette stemmer overens med røynda. Ein kan også seie at om ein kaller

seg einsleg eller singel kan ha med å gjera kor gamal ein er, altså kva tid ein er oppvaksen i. Ein person som kaller seg sjølv einsleg kan vere meir nøgd med livet sitt enn ein annan person, som kallar seg singel. Parforholdet i denne samanhengen må forståast som det forpliktande parforholdet, kan hende ekteskapet.

Dersom ein er singel har ein kanskje eit anna forhold til sex enn folk som lever i eit parforhold. Ein har kanskje eit anna fohold til andre menneske generelt, sidan mange i denne situasjonen er på utkikk etter ein mogleg seksualpartner eller kjærast. Slike spørsmål kan ofte bringe individet opp i moralske dilemma, både i høve til seg sjølv og i høve til andre menneske. Venninner kjem til meg og skal fortelle om noko dei har gjort: "ehh...eg hadde eigentleg ikkje tenkt å fortelle dette, for eg føler meg så umoralsk...ehh...men eg seier det likevel..." Slike ting får meg til å lure på kva som gjer at enkelte handlingar vert oppfatta som moralske og andre som umoralske. Eg har inntrykk av at folk er veldig redde for kva andre folk meiner om deira handlingar og haldningar. Folk er redde for å dumme seg ut. På den andre sida er det ikkje sikkert at nokon andre eigentleg bryr seg om kva "naboen" driv med. Samstundes er det veldig mange som faktisk bryr seg om kva andre driv med, og er moraliserande i høve til dette. Det kan sjå ut til at vi er i ein fase kor det er stor usemje og uvisse om kva som er dei eksisterande sosiale normene når det gjeld seksualmoral og andre ting knytta til singelliv og parforhold. Kanskje dei tradisjonelle normene som byggjer på kristen moral er i oppløysing? Vi lever i eit samfunn og ein kultur kor det vert forhandla og reforhandla om moral knytta til alle moglege personlege relasjonar. Vi har ein utstrakt grad av dobbeltmoral, og det er rett og slett ein generell uklarhet om kva som er rett og galt. Det er dette eg vil ta utgangspunkt i her. Problemet er ikkje *om* handlingar er moralske eller umoralske, men *kvifor* dei vert oppfatta slik frå ulike perspektiv.

Jill M. Loga seier i artikkelen *Sex & the City* at singeldiskursen, som er prega av urbane verdiar, etterkvart har blitt ein reell utfordrar til familiendiskursen, som fram til no har vore den dominerande diskursen (Loga 2002). Dei urbane verdiane det er snakk om er fridom, fart, spenning, og eit generelt ynskje om at det stadig skal hende noko nytt. Eg meiner vi òg kan snakke om ein pardiskurs, som ikkje nødvendigvis involverer ekteskap

og barn. Denne kan då seiast å vere eit utskot frå den opprinnelige familiediskursen. Eg vil sjå på singeldiskursen i høve til pardiskursen. I tillegg vil eg setje fokus på to områder innanfor singeldiskursen. Det eine dreier seg om korleis ein skal oppføre seg i høve til det å finne seg ein partner, eller kva haldning ein bør ha til dette. Det andre dreiar seg om kva haldningar ein bør ha til seksuell åtferd. Begge områda kan seiast vere prega av at, til ein viss grad, ulike diskursar kjem i konflikt med kvarandre. Konfliktane på begge områda kan grovt sett seiast å vere todelte, og det er usikkert kva diskurs som er den leiande eller hegemoniske. Det er heller ikkje sikkert at ein av dei er det. Kanskje diskursane og ideala er likeverdige, men at ein av dei er leiande i ulike situasjonar eller kontekstar.

Problemstillinga denne oppgåva er basert på er korleis single aktørar opplever å bevege seg i grenselandet mellom det å vera einsleg og det å vera i eit parforhold. Menneske forhandlar om seksualitet, kva eit forhold er eller skal vere, og generelt om korleis relasjonar mellom folk skal vere eller ikkje vere. Eg vil undersøkje kva for diskursar single personar forheld seg til når det gjeld singellivet sin status i høve til parforholdet, og kva for diskursar om seksualmoral som er tilstades i singelkulturen.

### **1.3 Oversikt over oppgåva**

Eg vil byrje i kapittel 2 med å gå gjennom korleis eg har gjort undersøkinga, deretter vil eg i kapittel 3 kome med ei avklaring av kva eg meiner ligg i dei sentrale omgrepene knytta til singellivet. I kapittel 4 vil eg gje ein presentasjon av det teoretiske rammeverket, som skal støtte analysen av intervjuaterialet i kapittel 5 og 6. I kapittel 5 handler det om korleis individua organiserer livet sitt ut frå ulike ideal om singelliv eller parforhold. Kapittel 6 skal handle om single individ sin seksualmoral, det vil seie kva dei ser på som akseptabel eller uakseptabel åtferd, både for seg sjølv og for andre. Konklusjonen vil eg trekke i kapittel 7.

## 2. Metode

Steinar Kvale nevner i boka *Det kvalitative forskningsintervju* tre sider ved forskaren si rolle: 1. vitenskapelig ansvar, 2. forholdet til intervjupersonane, 3. forskeruavhengigheten (Kvale 1997: 69). Dette kapittelet skal handle om dei to første av desse sidene. Han nevner sju stadier i ei intervjuundersøkjing: Tematisering, planlegging, intervjuing, transkribering, analysering, verifisering og rapportering (Kvale 1997: 47). Det første stadiet – tematisering – inneber spørsmåla om ”kva” og ”kvifor”: Kva er emnet som skal undersøkjast, ein må innhente førehandskunnskap om emnet som skal undersøkast (kva), og ein må klargjera formålet med studien, det vil seie å presisere ein problemstilling (kvifor).

Spørsmåla om ”kva” og ”kvifor” må svarast på, før ein kan stille spørsmålet om ”korleis” ein skal utføre undersøkelsen, altså kva for ein metode ein skal bruke. Dette er, dessverre kan ein kanskje seie, ikkje fullstendig gjennomført i mitt prosjekt. I og med at eg sjølv er ein del av den kulturen eg undersøker, kan eg seie at eg i utgangspunktet hadde stor kunnskap om ”kva” singelliv er. Karl-Olov Arnstberg kaller i boka ”Fältetnologi” dette for indexikalitet, altså ”den gemensamma bakgrund som är nödvändig för att en person skall förstå det meddelande en annan ger” (Arnstberg 1997: 90). Eg visste likevel ikkje nok, og det er det som er svaret på ”kvifor” eg ville undersøkje singellivet nærmare. Når ein skal forske på noko ein i utgangspunktet ikkje veit noko om, seier det seg sjølv at ein må skaffe seg kunnskapar om emnet på ein eller annan måte, for å vite kva det er som er relevant å stille spørsmål til i det aktuelle emnet. I tillegg til den kunnskapen eg allereie hadde om singellivet, valgte eg å skaffe meg meir kunnskapar om emnet gjennom kvalitative intervju. Det vil seie at eg valde metode før eg hadde problemstillinga heilt klart føre meg. Eg hadde i utgangspunktet ein relativt vag tanke om kva eg ville undersøkje – eit eller anna med holdningar til singellivet og parforholdet i det moderne samfunnet – men det tok lang tid før eg klarte å formulere problemstillinga heilt konkret. Uten intervjeta mine trur eg ikkje eg hadde klart dette. Formuleringa av problemstillingen min har delvis vore eit resultat av intervjeta eg har teke, eg føler eg har kome eit steg vidare etter kvart ferdige intervju.

Kvale nevner tre etiske reglar for forsking på menneske: ”informert samtykke, konfidensialitet og konsekvenser” (Kvale 1997: 66). Når det gjeld det *informerte samtykke*, så har alle informantar skrive under på ei samtykkeerklæring, kor det står kva som er føremålet med prosjektet, og at dei gjev meg løyve til å nytte informasjonen i arbeidet mitt. Føremålet med prosjektet har som sagt ikkje vore like klart heile tida, men eg trur ikkje informantane vil sjå dette som eit problem. *Konfidensialitet* har eg freista oppnå ved å anonymisere informantane så godt det let seg gjera. Eg har gjeve dei fiktive namn og har i dei sitata eg nyttar i teksten normalisert dialekten deira til anten bokmål eller nynorsk. Eventuelle stadnamn og liknande har eg bytta ut. Den siste regelen som handlar om *konsekvensane* for deltakarane er at dei får eit djupare innsyn i sin eigen livssituasjon.

Eit sentralt problem i dette prosjektet er at eg sjølv, som sagt, befinn meg i same situasjon som enkelte av informantane mine, noko som kan bidra til at eg har problem med å ha nok avstand til feltet (Ehn & Löfgren 1997: 12). Dette kan også bli sett som ein styrke, då eg allereie hadde kunnskap om temaet i intervjustituasjonen, men på den andre sida kan det også vera ein veikskap då det i ein slik situasjon kan vera lett å stille leiande spørsmål. Eit anna problem er kor mykje eg som forskar skal delta i samtalen med informanten. Det handler om formen på intervjuet.

Forskningsintervjuer har som oftest en mildere form (motsetning til filosofiske intervjuer); intervjugersonen er en informant, og ikke en filosofisk opponent. Intervjueren stiller spørsmål for å innhente kunnskap om intervjugersonens livssituasjon, og krangler sjeldan med personen om uttalelsenes logikk eller sannhetsinnhold. Det ville ligge utenfor forskningintervjuets rekkevidde dersom intervjueren skulle argumentere for sine egne oppfatninger om det aktuelle emnet eller prøve å endre den intervjuedes meninger (Kvale 1997: 34).

Det kan òg reisast innvendingar mot denne påstanden. Ut frå mine røynsler meiner eg det kan vere fornuftig å stille kritiske spørsmål til informanten for å få han eller ho til å tenkje nøye gjennom kva han eller ho meiner om eit emne. Det, meiner eg, vil bidra til større visse i analyseresultatet. Målet er sjølvsagt ikkje å endre informanten sine meininger, men å få størst mogleg tryggleik i at informanten verkeleg meiner det han eller

ho seier. Det kan også vera relevant å stille nye spørsmål for å få klarlagt *kva* som eigentleg vart sagt.

Eg skal i dei to neste del-kapittela gje ei framstilling av kva kjeldemateriale eg har nytta meg av, og korleis eg har gått fram for å tolke dette. Ein kan setje eit skille mellom interne og eksterne kjelder (Alver & Selberg 1992: 27-28). Dei interne kjeldene er dei eg sjølv (forskaren) har delteke aktivt i skapinga av, det vil seie kvalitative intervju, tilfeldige samtalar og andre feltobservasjonar. Dei eksterne kjeldene er dei eg ikkje har delteke i skapinga av. Det vil seie aviser, diverse ”dameblad” og andre magasin og ”sjølvhjelps”-bøker, som er skrive om singellivet.

## 2.1 Interne kjelder

### 2.1.1 Informantar: Kvifor og korleis

Eg har valt å handsame informantane mine som enkeltindivid, og ikkje som del av ei bestemt gruppe; det vil seie som del av bestemte sosiale grupper eller yrkesgrupper til dømes. Informantane er difor tilfeldig valt. Nokre informantar har eg truffe ute på byen, fått telefonnummeret til og kontakta seinare for å avtale tidspunkt for eit intervju. Andre har eg fått telefonnummeret til via vene og kjende. Alt i alt kan eg seie at å skaffe informantar til denne oppgåva har vore det absolutt minste problemet mitt. Enkelte gonger har det vore slik at informantane har kome til meg og ikkje omvendt. Det er tydelegvis mange som kan tenkje seg å bli intervjua om dette temaet. Eg har prøvd å få ein nokolunde 50-50 fordeling mellom informantane når det gjeld alder og kjønn. Det vil seie at eg har 9 intervju, 4 menn og 5 kvinner, 4 rundt 25-30 år, 4 rundt 30-35 år og 1 rundt 65 år. Eg har lagt vekt på at utvalet av informantar skal vere tilfeldig, det vil seie at eg ikkje har visst noko om informantane sin bakgrunn, sett bort frå at dei er single. Dette gjer at eg kanskje ikkje alltid har fått den informasjonen eg var ute etter, på grunn av at informantane ikkje nødvendigvis har eit forhold til, eller ei meinинг om det eg spør om. Dersom eg har truffe folk tilfeldigvis og spurt dei same spørsmåla eg stilte til intervjugersonane, har eg ofte fått mykje meir utfyllande svar enn eg fekk i dei formelle intervjuua. Dette er på grunn av at den tilfeldige personen har eit forhold til det aktuelle

tema (noko som kanskje var utgangspunktet for at temaet vart tatt opp), og då blir det meir naturleg å snakke om det. Dette er årsaka til at eg har sett det som naudsynt å trekke inn andre kjelder enn dei formelle intervjuia. Singellivet er nemlig så mangslungent og allsidig at det ikkje er nok med 9 djupneintervju for å få fram dette mangfaldet. No er det og slik at sjølv om eg er i den same livssituasjonen som enkelte av informantane mine, betyr ikkje det nødvendigvis at eg har dei same erfaringane som dei. Det er fordi eg ikkje har desse erfaringane at eg treng informantar.

### **2.1.2 Intervjusituasjonen**

Intervjuinga har vore mykje enklare enn det eg trudde i utgangspunktet. Eg hadde trudd det skulle vere svært vanskeleg å snakke med folk om eit tema som seksualitet, men det gjekk ganske greit likevel. Intervju mine innehold ein del informasjon, som strengt tatt ikkje er naudsynt for å svare på problemstillinga. Dette gjeld spørsmål om til dømes personen sin familiebakgrunn, matvaner og fjernsynssjåing. I utgangspunktet tok eg alt dette med på grunn av at eg ikkje visste heilt konkret kva det var eg var ute etter og spurte difor om alt eg kunne kome på, for å sleppe å kontakte informanten igjen. Det positive med dette var at eg etterkvart oppdaga at desse spørsmåla fungerte som ei slags oppvarming til dei meir sensitive spørsmåla. Det negative var at eg har brukt mykje tid på å transkribere informasjon, som eg eigentleg ikkje har bruk for.

Kvale nevner to metaforer for intervjuaren si rolle. Den første, *Gruvearbeidermetaforen*, går ut på at intervjuaren gav fram gullkorn frå informanten sine erfaringar. Desse skal vere reine og upåvirka av leiande spørsmål. Den andre, *reisemetaforen*, går ut på at intervjuaren vandrer gjennom landskapet og deltek i samtalar med folk han treff på vegen. Dette resulterer i ein historie som skal fortellast når han kjem heim (Kvale 1997: 20). Eg meiner mi rolle har vore ei blanding av desse to.

Eg har delvis basert oppgåva mi på intervju og delvis på observasjonar og samtalar eg har gjort i andre samanhengar. Det kan dreie seg om samtaler med vene og kjende, eller observasjonar og samtaler med kjente og ukjente ute på byen.

### **2.1.3 Overgang frå band til tekst**

Eg har prøvd å skrive så nøyaktig som mogleg kva informantane seier, det vil seie at eg har skrive ned når dei ler og liknande. Eg har skrive ned intervjeta på den dialekten informanten snakkar, men sidan dette kan vera negativt i høve til informantane sin anonymitet, vil eg normalisere dei sitata eg tek med i sjølve oppgåveteksten. Korleis dei seier ting har eg ikkje vore så nøyne med å få med, til dømes om dei høyres trist eller sint ut når dei seier noko. Eventuelle pausar i snakkinga har eg markert ved hjelp av prikkar. Eg har altså fått med *kva* dei seier, men ikkje alltid *korleis* dei seier det. Enkelte avsnitt har eg kutta heilt ut, dersom temaet det vert snakka om virkar veldig lite relevant for mitt prosjekt. Eg har likevel markert at det manglar noko, med tre prikkar i parentes, slik at det er mogleg å gå tilbake til bandet og hente det ut dersom det likevel skulle vise seg å vera interessant.

### **2.1.4 Tolking av intervju**

Kvale skiller mellom to typer intervju: Utforskande og hypotesetestande (Kvale 1997: 55). Det *utforskande intervjuet* er opent og har minimalt med struktur, medan det *hypotesetestande intervjuet* er meir strukturert. Eg hadde i utgangspunktet ingen hypotese eg ville teste, så ein kan seie at mine intervju har vore utforskande, altså relativt opne intervju. Ein kan velje å tolke innhaldet i intervjeta på til dømes to måtar. Den eine er å setje dei ulike intervjeta opp mot kvarandre og sjå om informantane kjem med ulike svar på dei same spørsmåla, eller ein kan gå inn i det enkelte intervju og sjå om informanten kjem med ulike svar på det same spørsmålet dersom spørsmålet vert stilt på ulike måtar. På grunn av at intervjeta mine, som sagt, er halvstrukturerte, vart det vanskelig å setje dei ulike intervjeta direkte opp mot kvarandre. Eg har difor nytta meg av ein kombinasjon av dei to tolkingsmåtane. For å få fram singellivet sin ambivalens må ein setje fokus både på skilnader mellom ulike individ, og på uvisse hos det enkelte individet.

For å få fram den informasjonen eg ville ha, har eg prøvd å få fram om informantane til dømes motseier seg sjølv med omsyn til visse tema, noko som er relevant når ein skal

forske på haldningar. Dette er ikkje enkelt å påvise, og eg støyter på eit problem dersom eg seier at informanten *eigentleg* meiner det eine han seier, medan den motstridande meiningsa berre er eit skalkeskjul for den andre. Ein skal vera varsam med å påsta at informantane motseier seg sjølv. Eg har likevel valt å gjere det slik, då det uansett er snakk om tolkningar. Det er berre den aktuelle informanten som til sjuande og sist kan svare på kva han eller ho eigentleg meiner. Bente Gullveig Alver har gjort ei undersøkjing, der ho ser på avvik i svar mellom spørjeskjema og kvalitative djupneintervju. Undersøkjinga gjaldt revmatikarar sitt forhold til skulemedisin og alternative behandlingsmetodar.

Ser man på de to materialgruppene, ser det ut som om de som svarer på *skjemaene* forsøker å leve opp til denne forventningen (at man i spørreskjemaer har et standpunkt, selv om man i realiteten bare har vase ideer) ved å svare i samsvar med *godtatte normer og verdier* i større grad enn ut fra sine egne. I stor grad kommer de *egne* forventningene til synne i *samtalens opplevelsesfortellinger*, noe som gir en viktig kontroll av skjemavarene. At folks holdninger og verdisystemer kommer til uttrykk i opplevelsesfortellinger, er ikke noe som er spesielt i forhold til dette temaet, men er noe vi vet fra mange andre felt innenfor folkelig forestillingsverden (Alver 1984: 88).

Eg har nytta kvalitative djupneintervju og ikkje spørjeskjema i undersøkinga mi, så eg kan ikkje jamføre to slike materialgrupper. Eg meiner likevel eg kan nytte metoden som Alver har nytta, til å sjå om det finst avvik innan kvart enkelt av intervjeta mine. Karl-Olov Arnstberg kjem inn på korleis ein skal tolke felterbeid. Han seier at den fullstendige forklaringa utelukkar referanser til til dømes konservativisme, menneske si fakunne eller dumskap. Menneske skal alltid antakast å vere rasjonelle, alt dei gjer kan studerast som val, uansett korleis dei sjølv oppfattar saka. Forskaren si oppgåve vert å avdekke valsituasjonar og forklare kvifor dei studerte menneska gjorde som dei gjorde. Alt er kultur, alt er rasjonelt og alt kan forklarast (Arnstberg 1997: 71). Som eg har sagt, så tykkjer eg ofte det har vore vanskeleg å forstå kva informantane mine eigentleg meiner. Kanskje er det slik at dei seier ein ting, men meiner ein annan ting. Eg skal likevel freiste å sjå det logiske i det informantane seier, det vil seie at eg vil prøve å sjå situasjonen frå dei ulike informantane sin ståstad, altså ha ei empatisk tilnærming til stoffet (Jfr. Arnstberg, 1997: 52).

Steinar Kvale nemner to typar perspektiv eller tilnærmingar ein kan ha i intervjuet: Eit fenomenologisk perspektiv, som fokuserer på personen si livsverd og ein dialektisk tilnærming, som fokuserer på motseiingane i ei utsegn (Kvale 1997: 40). Eg vil gå inn for ei blanding av desse to. Eg føler at eg har fått vite mykje om kva oppfatningar som eksisterer blandt folk, men lite om kor utbredte dei er. Dette har med å gjera at eg har nytta kvalitative intervju og ikkje spørjeskjema (Kvale 1997: 51-52).

### **2.1.5 Bruk av andre metodar enn intervju – uformelle samtalar og observasjonar**

I tillegg til intervju har eg òg nytta meg av andre metodar i denne studien. Det dreier seg om uformelle samtalar og observasjonar gjort i det offentlege rom.

Hvis man ønsker å studere menneskers aferd og måten de interagerer med samfunnet på, er observasjoner gjennom feltstudier vanligvis en mer pålitelig metode enn bare å be intervjupersonene fortelle om sin egen aferd. Hvis problemstillingen berører underforståtte meninger og stilltiende oppfatninger, som en gruppe eller kulturs stilltiende antakelser, vil deltakende observasjon og feltstudier av disse menneskenes faktiske aferd, kombinert med uformelle intervjuer, være den metoden som gir mest holdbare resultater (Kvale 1997: 61).

Eg har i fleire år vore ein del av den kulturen eg skriv om, og etter at eg byrja på denne oppgåva for to år sidan har eg bevisst tenkt fagleg på ting som har kome fram i samtalar eg har hatt når eg til dømes har vore ute på byen eller snakka med vene og kjende i andre situasjonar. Eg vil seie at dette har gjeve meg bakgrunnskunnskap om emnet som kan bli rekna som eit feltarbeid. Eg tykkjer at det, som Kvale seier, kan vere vanskeleg å få fram underforståtte meningar og stilltiande oppfatningar i eit formelt intervju, men det er akkurat det som er interessant i denne samanhengen. Det eg trur at informanten meiner, men som eg også trur at informanten ikkje vil uttrykkje eksplisitt blir ekstra interessant på denne måten. Grunnen til at eg ofte går ut frå at det er slik, er at eg altså har førehandskunnskap om emnet. I den forstand kan eg nytta meg sjølv som informant. Som deltakar i spelet kring singellivet har eg ofte laga meg det Alfred Schütz kallar *førsteordens-* eller *første nivås-fortolkninger*, det vil seie at eg har utvikla livsverdsbaserte forståingar eller interpretasjonar av singellivet (Schütz 1963). Dette er

ein måte å vere i verda på, som eg deler med informantane mine. Som forskar prøver eg å utvikle kulturanalytiske interpretasjonar og forklaringar av kva det er som går føre seg på første ordens nivå, det vil seie i kvardagen. Ut frå desse opplysningane kan ein seie at det er fruktbart med ein kombinasjon av ulike kjelder og metodar, eller som Kvale seier: ”overskride dikotomien mellom bare-metode og ingen metode” ( Kvale 1997: 62).

La oss seie at eg ikkje hadde den bakgrunnen eg har, men derimot gifta meg og fekk barn då eg var 18 år. Mitt sosiale liv besto av å vere saman med familien, gå på kino eller gå på kaffibesøk til vene som var i same livssituasjon som meg sjølv. Dersom livet mitt hadde vore slik, hadde truleg det livet eg skriv om her vore eit meir ukjent og fjernt territorium for meg. Eg trur eg då hadde fått eit anna bilet av ting dersom eg kùn hadde basert meg på formelle intervju. Temaet vert lettare tilgjengelig og lettare å forstå, dersom ein sjølv har personlege opplevingar i høve til det. I den fiktive livssituasjonen min ville eg truleg ikkje vere i stand til å stilla bestemte spørsmål, og hadde kanskje ikkje forstått ting som låg bak det informanten sa. ”Ferdighetsmestringen oppnås gjennom å gå fra en regelstyrt ”vite at” til et erfaringsbasert ”vite hvordan” (Kvale 1997: 63). Kvale meiner at i den kvalitative intervjuforskninga er regelbundetheten bytta ut med forskaren sine ekspertkunnskapar om temaet, og med mestringa av dei metodane ein slik intervjuundersøkjing forutset (Kvale 1997: 64). Forstått adekvat, må ”ekspertkunnskaper” i denne samanhengen også implisere forskaren sine kunnskapar og røynsler frå livsverda. Når det er sagt, så er det ikkje berre positivt at eg har den bakgrunnen eg har heller. Det kan ha bidratt til at eg ikkje har vore open nok i høve til andre moglege innfallsvinklar.

## 2.2 Eksterne kjelder

Artiklar og reportasjer om singellivet i aviser, ”dameblad” og andre magasin seier oss noko om korleis kulturen eller samfunnet er. Eg har nytta meg av desse eksterne kjeldene for å sjå dei interne kjeldene i ein større samanheng. Når det gjeld ”sjølvhelps”-bøker ser eg på desse som ein mellomting mellom intervju, artiklar og reportasjer. Det er på grunn av at dei er resultat av ein enkelt person sine røynsler og arbeid, samstundes som dei er skrivne med eit klart føremål.

### 3. Singelliv – Ei omgrepsavklaring

Singellivet kan ta mange ulike former, og at eit individ lever som singel kan ha konsekvensar på mange områder i livet. Det kan til dømes virke inn på kva mat ein et, korleis ein bur, kva ein driv med på fritida, kor mykje ein jobbar og mange andre ting. Ein kan òg til dømes dele single folk inn i tre grupper: 1) dei som alltid har vore singel, 2) dei som er skilt og 3) dei som er enke eller enkemann (Cargan 1982: 32). Dette er ei inndeling eg ikkje vil ta hensyn til her. Eg vil heller ikkje ta hensyn til om folk hører til ei bestemt yrkesgruppe eller bestemte sosiale lag. Eg vil no gje eit framstilling av korleis eg forstår omgrepene singelliv. Eg vil gjere framstillinga som ein presentasjon av informantane mine.

Det moderne singellivet kan i forlenging av Anthony Giddens sine teoriar kallast eit refleksivt singelliv. Individualiseringa i samfunnet er ein av faktorane som speler inn når singellivet etterkvart vert rekna som ein sjølvstendig status. Han meiner at det moderne mennesket er tvungen til å vere sjølvrefleksiv på grunn av at tradisjonen er svekka og at livet ikkje lenger er fastlagt etter allereie eksisterande mønster og vanar. Dette fører til at ein heile tida må gjere eigne val. Det moderne singellivet kan seiast å vera refleksivt på grunn av at individet er klar over at dette er ein status i seg sjølv (og av den grunn gjer seg eigne refleksjonar kring dette) og ikkje nødvendigvis berre eit mellomstadium på vegen mot parforholdet. Det betyr ikkje at individet nødvendigvis har valgt å leve som singel, ein kan vera både nøgd og misnøgd med statusen.

Det blir meir og meir vanlig å vere singel, men statusen vert framleis til ein viss grad sett på som spesiell, på den eine eller andre måten. Dette kan enten tyde at det er kult og bra å vere singel, eller det kan tyde at det er därleg og at du heller burde vore ein del av eit fast parforhold. Når ein er singel, må ein forhalde seg til samfunnet sine normer når det gjeld til dømes seksualmoral. Ein kan, sjølv om ein er definert som singel, inngå i ulike typar seksuelle og/eller kjærleiksforhold til andre personar. Når det gjeld kjærleiks- eller seksuelle forhold, kan ein i hovudsak setje eit skilje mellom forpliktande og uforpliktande forhold. *Forpliktande forhold* vil eg definere som eit forhold der partane ikkje har lov til

å inngå liknande forhold til andre personar. Eit *uforpliktande forhold* er eit forhold der partane i teorien står fritt til å ha liknande forhold til kven dei vil. Single personar vil, dersom dei inngår i seksuelle og/eller kjærleiks relasjonar til andre personar, oftast havne i sistnevnte kategori. Eg seier oftast, for single personar kan iblandt også inngå i forpliktande forhold, men desse er då av kortvarig art eller av forbigåande karakter. Det ligg heilt klart nokre problem i denne avgrensinga av omgrep: Mange vil oppfatte det som rart at ein person både kan vere singel og inngå i eit parforhold. Slik eg ser det har dette noko å gjere med karakteren til parforholdet: det er ikkje naudsynleg basert på at det skal vere langvarig – eller: det er ikkje ein føresetnad.

Når det gjeld kva type ulike former for singelliv som eksisterer, kan ein i realiteten sjølv sagt ikkje gjere enkle kategoriseringar, men eg skal for å gjere temaet lettare tilgjengeleg konstruere nokre idealtypar (Weber 1990). For å introdusere dei ulike informantane, og få presentert tankane deira om deira eigen singelstatus, og for å vise kva singelliv i den aktuelle konteksten kan dreie seg om, har eg valt å nytte informantane sine skildringar til å antyde ulike idealtypiske måtar å vere singel på. Premissane for kategorisering av personane vil vere om dei inngår i seksuelle- eller kjærleiksforhold, eventuelt kva typer forhold dei inngår i, og om dei er nøgd eller misnøgd med sin eigen sivilstatus eller livssituasjon. Den første inndelinga av single personar vil eg gjere mellom dei som inngår i ulike typar forhold, og dei som ikkje inngår i forhold i det heile teke. Det vil altså seie: mellom dei som er *fullstendig singel* og dei som er *ufullstendig singel*.

### 3.1 Fullstendig singel

Eg vil anta at det er veldig få personar som lever heilt utan ulike former kjærleik og sex, før dei eventuelt går inn i ein eller annan type forhold, men det finns enkelte som langt på veg tilfredsstiller krava til å havne i kategorien fullstendig singel. For å illustrere kva eg meiner med kategorien ”fullstendig singel”, vil eg nytte ei kvinne på 67 som døme. Eg kallar ho Klara. Ho har vore einsleg heile livet og har ingen barn. Ho kallar seg sjølv einsleg, noko som kan ha med alderen hennar å gjere, altså at singelomgrepet er relativt

nytt i det norske språket. Eg vel likevel å setje Klara inn i den same samanhengen som dei andre informantane. Nokre mannlege kavalerar har ho hatt, men ingen ho ville satse på. Slik eg forstår det har det vore hennar eige val, og ho trives med livet sitt. Sjølv om ho legg vekt på at ho har valt statusen sin, seier ho også at det er tilfeldig, at det er skjebne. Eg spør kor ofte ho har kjærast og kor lenge forholda varer, og ho svarer:

Det lengste var tre år, det var lenge, men det var ikkje noko fantastisk forhold...det var mykje kaos og...Eg var sjøleglad når eg var ferdig med det (Intervju nr. 6).

Eit forhold som varer i tre år i løpet av eit liv på 67 år, utgjer ikkje ein stor prosentdel. I den store samanhengen vel eg difor å sjå litt vekk frå dette forholdet når eg skal ”kategorisere” Klara. Sitatet meiner eg også viser at ho ikkje ser på forholdet som noko viktig. Det neste sitatet viser mellom anna at ho har valt statusen sjølv.

Eg har hatt mange mannlige kameratar, og eg har jo hatt litt meir og sjølvsagt i eit langt liv...det har eg, men...det har jo ikkje...Det har ikkje vore så aktuelt at eg har venta (...) Ja...det er bevisst...eg er sånn som set meg opp i senga kvelden før eg må svare på noko alvorleg og så tenkjer eg: ”kva vil eg? eg vil ikkje”, altså eg vil ikkje, så eg syns eg har det så godt at, no er eg no 100% sikker, men eg har no vore litt meir vinglante då til det spørsmålet...Eg har vore veldig realistisk til det der...Dei går no over dei sterke følelsane, sant, og det stemmer jo, og då sit du der...Det er kjekt å ha barn, men no er eg kjempeglad eg ikkje har, men eg hadde ein periode eg kunne tenkt meg det (Intervju nr. 6).

Ho kjem difor nær idealtypen fullstendig singel og er i tillegg nøgd med dette, altså kjem ho svært nær idealtypen ”nøgd, fullstendig singel”

Ei anna kvinne, Nina på 27 år, kan også plasserast i kategorien fullstendig singel, men ho ser i motsetning til Klara ut til å vere misnøgd med denne statusen. Ho gjev uttrykk for at ho ikkje trives så bra med dette. Eg spør kor lenge ho har hatt statusen som singel, og ho svarer: ”Hmmm...veldig lenge...no må eg telle...fem år trur eg” (Intervju nr. 2). På spørsmålet om ho har hatt noko som kan kallast eit forhold i denne perioden svarer ho: ”Nei” (Intervju nr. 2). Ho seier at ”det å vere singel kan vere på hundre ulike måtar (...) det er jo ein del som liker å gå ut på byen og finn seg nye bekjentskapar på sånn kortsiktig...Personleg syns eg ikkje det er så veldig kult då” (Intervju nr. 2). Dette viser at ho heller ikkje er interessert i å ha ein form for uforpliktande forhold i det ho anser som ei ventetid.

Ut frå det overståande kan eg plassere Nina i kategorien tilnærma ”fullstendig singel”. Eg spør vidare om korleis ho kjenner det er å vere singel, og ho svarer:

Det er litt sånn både og for at du får liksom vite alle stader at du...særlig i KK sant...at det er så kult å vera singel...Det har liksom blitt ei sånn greie og dei siste åra, kanskje særlig då, at det kan vera like bra å vera singel som på ein måte i par, men uansett i alle fall for min del...Eg føler at det å vera singel blir sett på som mindre bra enn å vera i par (...) I forhold til samfunnet generelt og i forhold til gjerne dei...Eg føler eg er underveis for eg har ikkje fått meg nokon kjærast...Eg er på vei mot et mål som eg ikkje har nådd (Intervju nr. 2).

Dette sitatet er eit døme på at Nina ikkje ser på singellivet som eit optimalt eller fullverdig liv, ein kan altså seie at ho er misnøgd med statusen. Ho kjem difor nær idealtypen ”misfornøyd fullstendig singel”.

## 3.2 Ufullstendig singel

Kategorien ”ufullstendig singel” kan delast inn i to underkategoriar. Den første er dei som er fullstendig singel i lange periodar og regelmessig inngår i forpliktande forhold av ulik lengde, frå kanskje ein månad til eit år. Ein passande tittel på desse kan vere ”*serie-singel*”. Ein kan kanskje lure på kva som skiljer det å vere serie-singel frå det å vere serie-monogam. Eg definerer ein serie-singel som ein som nyttar totalt meir tid i singellivet enn i parforholdet, og ein serie-monogam som ein som nyttar meir tid i parforholdet enn i singellivet. I begge tilfelle går ein inn og ut av ulike forhold. Den andre kategorien er dei som er singel, men som heile tida inngår i lange eller korte uforpliktande forhold, anten med den same personen heile tida eller med fleire ulike personar. Under denne kategorien fell òg dei som av og til har såkalla ”one night-stands”, det vil seie å ha sex med ein person ein gong og aldri meir, til dømes etter ein tur på byen. Eg vil kalle denne kategorien ”*delvis singel*”.

### 3.2.1 Seriesingel

Nedanfor har eg sett opp nokre utdrag frå eit intervju med Anne, ei kvinne på 25 år. Eg spør henne korleis ho vil definere sin eigen sivilstatus, og ho svarer: ”Singel og

lykkelig..hohoho” (Intervju nr. 1), noko som får meg til å konkludere med at ho er nøgd med statusen som singel. Ho ser ut til å trivast svært bra i denne posisjonen. Det neste sitatet viser at ho ikkje har hatt nokre forhold av langvarig art:

Min store rekord er på to månader...Det er kanskje ein kombinasjon av at eg er kresen, og at det rett og slett ikkje har klaffa dei gongane eg har prøvd (Intervju nr. 1).

Når eg spør korleis forholda har vore, kjem det fram at det har vore forhold av forbigåande karakter: ”Veldig veldig lange forspel og ein kort kulminasjon...viss det seier deg noko” (Intervju nr. 1). Ho seier også at forholda har tatt slutt omtrent før dei har byrja. Eg spør Anne om ho nokon gong har hatt sex uten å vere i eit forpliktande forhold, og ho svarer:

Nei...eg veit ikkje...Ein vil så gjerne ha nærhet og føle samhørighet, men det blir feil måte å oppnå det på...ein føler seg...etterpå...det blir feil for min del (...) Eg respekterer sjølvsagt at andre på ein måte kan syns at det er greit, men eg syns ikkje det er ein bra ting for dei. Viss det var mine vennar som gikk kvar helg og hadde one night-stand ofte, då hadde eg villa snakka litt med dei...Det trur eg hadde vore litt problematisk (Intervju nr. 1).

Ho virkar altså ikkje interesseret i å ha sex med mindre ho er i eit forpliktande forhold. Ut frå det ovanståande meiner eg det er god grunn til å plassere Anne i nærleiken av idealtypen ”nøgd serie-singel”, eller kanskje ein slags ”halvnøgd serie-singel”.

Ein annan av mine informantar, som høver bra i denne kategorien er Axel, ein mann på 27 år, som er homofil. Han er ein av dei som trives med å leve åleine, men han har likevel hatt ein del forhold.

Det varierer veldig altså (...) Eg har jo hatt nokon lengre forhold sant, som har vart i 2-3 år i alle fall...Eg har hatt to forhold som varte i tre år...og har vel hatt nokon forhold som har vart sånn...borti eit år eller litt mindre enn det (...) Spesielt i England så hadde eg veldig mange som var på nokon veker..hohoho...men det er jo typisk, i hvertfall i det der homofile...eller verden er liksom, sånn at det er berre nokre veker og så nei vil ikkje likevel...Det er alltid noko som fristar meir liksom (Intervju nr. 5).

Han nevner riktignok at han har ein elskar som han ser eit par gongar i året og at han tidlegare gjekk ein del på byen og hadde sex, men på grunn av at han er lite oppteken av dette no, og treff elskaren sin ganske sjeldan, vel eg å oversjå det i denne samanhengen.

Denne kategoriseringa gjer eg kùn for å gje døme på kva som er tydinga av idealtypane eg har konstruert. Axel har valt å busette seg åleine på ein gard på landsbygda. Ellers består livet hans veldig mykje av jobben hans. Eg spør han korleis han kjenner det er å vere singel og kva som er årsaka til at han er det, og han svarer:

Eg har ikkje noko problem med det...det er ikkje noko eg syns er vanskelig eller ekkelt og...Eg vil mykje heller vere singel enn å vere i eit forhold som ikkje er rett (...) Eg veit ikkje eg..det er vel fordi at eg...altså sånn som..med den livsstilen som eg har valgt, så er det mykje vanskeligare å finne nokon som vil vere med på eit sånt liv...Men det er mykje viktigare for meg å ha eit sånt liv der eg føler at eg lever, enn å bu i ein by og berre springe rundt med ei handveske liksom (Intervju nr. 5).

Ut frå det ovanståande sitatet kan vi sjå at Axel trives med det livet han lever og ikkje ser det som eit påtrengande behov å finne ein kjærast. Dermed havnar han også nær idealtypen ”nøgd serie-singel”.

For å komplettere dette biletet vil eg presentere Jørgen, ein mann på 25, som eg vil karakterisere som ”misnøgd serie-singel”. Eg spør han kor ofte han har kjærast, kor lange forholda pleier å vere og korleis han vil definere det å ha eit forhold, altså om det er forpliktande eller uforpliktande, og han svarer:

Et forhold der jeg regner for at vi er kjærester...jeg har aldri hatt det i over et par måneder (...) hva det skyldes..det syns jeg har vært veldig dårlig klaff med hvor vi som personer har vært i livene våre...og innsett at vi kan ikke liksom kaste bort alt annet og satse på dette...får heller se hvordan det går og da liksom...fått det litt på avstand og ikke vært sammen en stund...sett at dette her det ikke ville fungere...Det er vel egentlig en ting som plager meg litt, men jeg er litt irritert...har liksom aldri hatt muligheten til at det kan utvikle seg noe mer (...) Definitivt forpliktende...det jeg kaller et forhold er veldig forpliktende...Jeg har veldig konservative holdninger egentlig...forventer veldig mye av den personen jeg har et forhold til (Intervju nr. 3).

På grunn av at hans ideal er å ha forpliktande forhold, reknar eg med at han ikkje har uforpliktande forhold på gang mellom dei aktuelle forholda. Dette, saman med at dei aktuelle forholda er av forbigåande karakter, altså av relativt kortvarig art, gjer at eg plasserer han nær idealtypen serie-singel. Han seier at han kunne tenkje seg at forholda ville utvikle seg til noko meir, men dette har han dessverre ikkje lukkast med. Eg vil av den grunn plassere han i kategorien ”misnøgd serie-singel”.

### **3.2.2 Delvis singel**

Gro, ei kvinne på 25 år, har heile tida uforpliktande forhold på gang og høver dermed bra til denne kategorien. Hennar forhold avgrensar seg til ein person om gangen og kan pågå over lengre periodar. Forholda er uforpliktande, men Gro kan gjerne tenkje seg eit forpliktande forhold til den aktuelle personen. Eg spør kva type forhold ho eigentleg kan tenkje seg å ha til den mannen ho har eit forhold til no, og ho svarer:

No kunne eg tenkt meg at vi var litt meir kompisar utenom, at vi møttes ein del utenfor senga, for der kan vi få snakka mykje, men eg føler vi gjer litt lite utenom...Det er igrunn ikkje sånn at eg kunne tenkt meg å sett han kvar dag...ok...kunne godt vore trofaste mot kvarandre heldt eg på å seie, at du ikkje akkurat rotar deg borti nokon andre...Gjer han det, då er det slutt, då er det jo ikkje aktuelt med noko anna...Trur eg kunne tenkt meg å begynt med det berre for å sjå, i og med at eg er så usikker på han, for det, men litt sånn finne på noko to gonger i veka kanskje...kanskje meir, men ok...det er ikkje noko problem, gjerne saman med andre, ikkje berre meg og han...altså eit normalt forhold sånn eg ser det for meg, berre at du ikkje sit heime og glor på tv og at du ikkje er med kvarandre kvar dag (Intervju nr. 8).

Ho seier at ho kan tenkje seg at dei skal vere trofaste mot kvarandre, noko som tyder på at ho vil at forholdet skal vere forpliktande. I og med at forholdet ikkje fungerer slik, kan ein seie at ho er misnøgd med statusen sin. Ho kan difor seiast å vere ”misnøgd delvis singel”.

### **3.2.3 Blanding av serie-singel og delvis singel**

Det er enkelte personar eg ikkje kan plassere i hverken kategorien ”serie-singel” eller i kategorien ”delvis singel”. Årsaka til det er at dei heller like mykje i begge retningar, og ein kan dermed seie at dei står med ein fot i kvar av kategoriene. Ein som høver bra i denne samanhengen er Per, ein mann på 32 år. Han har ein son på 5 år og har fleire gongar vore sambuar med den same kvinnen. No for tida lever han åleine, men har likevel ein del relasjonar til kvinner han har sex med, det vil seie ”one night-stands” eller forhold som går over lengre tid. Han gjev ei skildring av korleis forholda hans pleier å utarte seg.

Tja...si det du...eh...den seriøse biten varer vel stort sett ikke lenger enn noen uker tror jeg, og så begynner det å skli littegranne fra hverandre...og så blir det litt sånn...det har kanskje

med det at det kommer litt an på hvem man treffer, og det har liksom ikke vært de store pangforbindelsene liksom....så... og da... Etter liksom den der morsomme første tiden er over, så viss det ikke er noe mer igjen da, så går det...da renner det ut i sanden som oftest (Intervju nr. 4).

Dette vil eg seie er ei skildring av eit forhold av forbigåande karakter, altså kriteriet for å havne i kategorien serie-singel. Han svarer på spørsmåla om det er lov å ha sex når ein er singel, kor ofte han har sex, og kor mange personar som er involvert i dette:

Om du har lov å ha sex når du er singel?! Hohoho Selvfølgelig hohohoh....ellers hadde jeg ikke klart å være singel lenge...hohoho (...) Hahahahaha...jeg har mange relasjoner ja (...) Hmm...nei det varierer veldig det...Det er som oftest sånn at når man først har sex den ene dagen, så har man liksom lyst på mer de andre dagene, så det går veldig i perioder...Noen ganger så er det veldig mye sex i en sånn måneds-tomånds periode, og så er det kanskje en måneds opphold, og så er det liksom påan igjen en måned eller to (...) Det varierer og veldig...noen ganger er det med en og noen ganger er det med flere (Intervju nr. 4).

Her er altså eit døme på at han også høver i kategorien delvis singel. Eg spurde om han ikkje sakna eit fast parforhold, og han svara slik:

Nei...trives veldig godt alene..slipper å ta hensyn, slipper å...og så kan jeg gjøre akkurat det jeg vil hele tiden...det er det jeg trives faktisk best med...det tror jeg faktisk de fleste trives best med...Altså, jeg føler meg ikke ensom i det hele tatt...stor forskjell på å vere ensom og enslig..hehehe (Intervju nr. 4).

Dette siste utdraget viser at eg kan kalle han nøgd singel på grunn av at han trives bra med statusen. På grunn av at han er singel, men stort sett heile tida har eit eller anna seksuelt forhold passer han inn i kategorien delvis singel. På den andre sida så har han fleire gongar hatt forpliktande forhold til den same kvinnen og til andre kvinner, og passar dermed òg inn under kategorien serie-singel. Ein kan altså seie at åtferda hans overlappar med dei to kategoriane serie-singel og delvis singel.

Det same kan ein seie om Janne, ei kvinne på 32 år. Eg spør kor lenge ho har vore singel, og ho svarer:

Jeg har vært singel stort sett fra 1996 fra jeg var 26 år...da var det første gang nesten siden puberteten som jeg var singel...Har hatt forhold, lange forhold og korte forhold sammenhengende fra jeg var 14 til jeg var 26...Så da hadde jeg behov for å være for meg selv...for å finne litt ut av min egen identitet, mitt eget liv, se hvordan det var på egenhånd (Intervju nr. 7).

På spørsmålet om ho har hatt nokre forhold i perioden etter at ho vart singel, altså frå ho var 26 år, svarer ho:

Jeg har hatt noen korte forhold, ikke noen som har vart over tre måneder... det er vel det lengste (...) Litt sånn korte intense forhold hvor man går fort inn og så er det plutselig må man veldig ut, har ikke hatt noe behov for å ha mer kontakt med de tre personene som det gjelder, så har jeg hatt noen one night-stands...4-5 kanskje (Intervju nr. 7).

Dette viser at Janne har hatt ein del forhold av forbigåande karakter, og passer av den grunn inn i kategorien serie-singel. På grunn av at ho òg har one night-stands, altså uforpliktande sex, passer ho også inn i kategorien delvis singel. Ein kan altså seie at ho kjem nær dei to kategoriane serie-singel og delvis singel. Når det gjeld spørsmålet om ho er nøgd eller misnøgd med statusen sin, er svaret litt meir komplisert:

Jeg kjenner det at jeg kunne godt tenke meg å ha et mer forpliktende forhold og en partner som er interessert i å ta del i mitt liv...ja...Det er ganske viktig for meg, kjenner jeg, at jeg har en partner som ikke er så egosentrert at jeg bare skal være en statist i vedkommendes liv...Men jeg har jo veldig behov for å ta vare på det der egne livet, vennene mine, har familie her, har interesser...Jeg har jo...håper ikke det høres altfor perfekt ut, men jeg har et veldig godt liv føler jeg, selv som singel...Selvfølgelig er det savn etter en kjæreste eller noe sånt innimellom, noen å dele mer med, men jeg føler meg veldig heldig med venner, så jeg er nok ikke interessert i å gå inn i en sånn kjempetett union, hvor ikke jeg kan ta vare på viktige deler av mitt liv...Jeg trenger et relativt stort egenrom, men ikke så stort at jeg føler at vi ikke deler så særlig mye, må ha en balansegang mellom det egne og det vi har felles (Intervju nr. 7).

Vi kan her sjå at ho ynskjer seg eit kjærleiksforhold, men at ho ikkje vil ha det for ein kvar pris. Ho seier at ho har eit godt liv, noko som gjer at eg vel å tolke det som at ho er nøgd med singellivet. Janne vert altså plassert i kategorien ”nøgd blanding av serie-singel og delvis singel”.

### **3.3 Blanding av fullstendig singel og ufullstendig singel**

I dei foregåande avsnitta har eg gitt døme på personar som passer inn i ein av dei to hovudkategoriane ”fullstendig singel” eller ”ufullstendig singel”. Det er også personar som overskrir grensa mellom desse to kategoriane.

Den siste personen eg vil presentere er ein mann på 30 år, som heiter Olav. På nesten same måte som Per representerer Olav ei blanding av to kategoriar. Skilnaden er berre den at Per representerer ei blanding av to underkategoriar (serie-singel og delvis singel) til ein hovudkategori (ufullstendig singel), medan Olav representerer ei blanding på tvers av dei to hovudkategoriane, fullstendig singel og ufullstendig singel (delvis singel).

Eg spør kor ofte han har kjærast, og kor lange forholda pleier å vere, og han svarer: "Den siste kjæresten jeg hadde, det var for ti år siden og det varte i tre år, så så enkelt er det...hehehe..." (Intervju nr. 9). Han har altså ikkje hatt eit einaste forpliktande forhold på ti år, og ut frå dette kriteriet kjem han nær idealtypen "fullstendig singel", men i løpet av desse ti åra har han hatt uforpliktande forhold til to kvinner.

K-M: Etter det forholdet for ti år sidan, har du ikkje hatt nokon forhold då?

X: Jo det har jeg hatt, men ikke som jeg vil karakterisere som kjærester...

K-M: Kva typer forhold er det då?

X: Jeg tror nok det kunne blitt kanskje kjæresteri holdt jeg på å si...det var mer sånn flyktig...

K-M: Kva vil det seie?

X: Det vil jo vel si da at det var kanskje litt mer...nei det var jo seksuelle forhold da...

K-M: Var det noko som gjekk over tid eller var det sånn eingongs? Er det fleire forhold?

X: Nei, det har ikke vært mange, det er vel to tror jeg...ja...nei det var gode venner liksom og...det gikk over tid...

K-M: Fleire gonger?

X: Ja...

K-M: Kor lang tid då?

X: En måned, to måneder kanskje...så det kunne vel kanskje blitt mer ut av det liksom, men det strandet litt av seg selv...

K-M: Korleis var dei forholda organisert?

X: Var egentlig bare at vi hadde det utrolig moro...lo masse og hadde det skikkelig moro...eh...og det var vel begge som ringte og snakket i telefonen og møttes og ja...

K-M: Kva er det som gjer at du ikkje vil definere det som eit kjæresteforhold då?

X: Det var liksom ikke noe mer substans i det enn...altså begge to gikk vel ikke inn for at det skulle være det, for å si det sånn (Intervju nr. 9).

Ut frå det Olav seier her har disse to forholda vore av så kortvarig art at eg ikkje kan seie at han er kùn "delvis singel". Kategorien "fullstendig singel" er den dominerande kategorien i Olav sitt tilfelle. Eg vil altså ut frå dette seie at Olav sitt singelliv- sett i eit langtidsperspektiv – viser til kategoriane "fullstendig singel" og "delvis singel". Eg spør han om han er lukkeleg, og han svarer:

Jjja, det vil jeg si at jeg er...selv om man har de savnene av og til, så er jeg lykkelig så lenge jeg får være ute og gjøre de tingene jeg trives med å gjøre og treffe de folkene jeg trives med, og jeg vet at familien har det bra og sånn, så er jeg lykkelig (Intervju nr. 9).

Han er altså ein nøgd med livet sitt, sjølv om han samstundes meiner at han kunne hatt det betre.

Eg har no gjeve ein kort presentasjon av alle personane eg har intervjua. Det er desse intervjuia eg vil jobbe vidare med i resten av denne oppgåva. Eg har gjennom desse gjeve døme på fem typar moderne singelliv; nøgd fullstendig singelliv, misnøgd fullstendig singelliv, nøgd seriesingelliv, misnøgd seriesingelliv, misnøgd delvis singelliv, nøgd blanding av seriesingelliv og delvis singelliv og nøgd blanding av fullstendig singelliv og delvis singelliv. Ingen av informantane passer fullstendig inn i den kategorien eg har plassert dei i, men framstillinga viser ein tendens til kva element den problematiserte delen av singellivet er samansett av. Eg har plassert informantane i den kategorien eg tykkjer dei heller mest mot, sjølv om eg dersom eg hadde lagt vekt på andre sider av livet deira kanskje like gjerne kunne plassert dei i ein annan kategori.

## 4. Diskurs – Ideal, moral og ambivalens

Allt socialt liv förutsätter tolkning, dvs meningstildelning. Men vardagslivets tolkningar är oftast underförstådda. De styr handlandet och varseblivningen utan att verbaliseras. Ett syfte med kulturanalys är att medvetandegöra sådana dolda premisser (Ehn & Löfgren 1982: 12).

Eg vil ha ei kulturanalytisk tilnærming til materialet mitt. Tor Folgerø seier i hovudoppgåva ”*Skeive barnefamiliar?*” at kulturanalyse ikkje er eit einskapleg teoretisk perspektiv eller ein spesifikk metode, men snarare ein innfallsvinkel til å studere kulturelle fenomen. Å ha fokus på empirien er eit viktig ideal innanfor den kulturanalytiske forskingspraksisen. Eit anna trekk som kjenneteiknar kulturanalysen, er bruken av eit mangfold av teoretiske perspektiv for å kaste lys over ulike sider ved det empiriske materialet (Folgerø 2001: 13). Det kulturanalytiske i denne oppgåva vil bestå i å skilje ut ulike kulturelle diskursar som gjeld singellivet, og vise korleis desse står i høve til kvarandre. Tone Hellesund definerer diskurs som ”de forståelsessystemene vi opplever og organiserer våre liv og handlinger gjennom” (Hellesund 2002: 55). Ulike individ kan oppleve og organisere liv og handlingar ut frå til ein viss grad ulike forståelsessystem. Individ og grupper sine ulike interesser og tradisjonar kjem ofte i konflikt med kvarandre. Det vil seie at individet oppheld seg i eit spenningsfelt mellom ulike diskursar. Kva for ein diskurs som kan sjåast som marginal eller dominerande varierer frå kontekst til kontekst, og frå individ til individ. Ein kan og seie at hegemoni og tyngdepunkt forflyttar seg over tid (Frønes 2001: 14). Førestellingane om kva det inneber å leve som singel er eit døme på at ulike diskursar kjem i konflikt med kvarandre, og skaper komplekse, foranderlige og dynamiske kulturelle mønster. Eg vil, som eg tidlegare har sagt, setje fokus på to områder i singellivet. Det gjeld singellivet sin status i høve til parforholdet, og singellivet sin seksualmoral. Det er inga klar grense mellom desse to områda når det gjeld den teoretiske tilnærminga. Hovudsakleg kan ein seie at områda er prega av komplekse og delvis motstridande forståingar av korleis røynda *er* og *bør* vere. Kulturanalyse er ein reiskap til å få fram denne distinksjonen.

Därmed fokuserar vi det omedvetna, det självklara och naturliga – hur verkligheten *är*. Det är på denna nivå som kulturanalys kan bli speciellt fruktbar och det är just denna ”vardagliga” nivå som ofta försummats för studiet av vad man skulle kunna kalla ”högtidskulturen”, dvs normativa, preskriptiva kategorier som mer hör till festtalens

utsagor om hur man *bør* leva – normer, ideal, utopier och ”högre värden” (Ehn & Löfgren 1982: 15).

Eit slikt skilje er òg relevant i denne teksten. At noko ikkje er slik det bør vere kan argumenterast for ut frå til dømes etiske teoriar. Bauman meiner at mange postmoderne teoretikarar begår ein feil når dei ikkje skiljer mellom *er* og *bør*, mellom faktisk åtferd og korleis ein frå eit moralsk perspektiv bør handle:

Att beskriva det rådande beteende innebär inte att man gör en moralisk utsaga: de båda förfaringssätten skiljer sig lika mycket i postmodern tid som de en gång gjorde i förpostmodern (...) De (sociologerna) skulle vägra acceptera att något är rätt bara för att det finns där och skulle inte heller ta för givet att det som människor gör inte är något annat än vad de tror att de gör eller hur de berättar vad de har gjort (Bauman 1995: 9).

Altså, dersom ein kan observere at det er ei auka seksuell frigjering i samfunnet, så vil ikkje det nødvendigvis seie at det vert oppfatta som riktig eller moralsk åtferd av alle og einkvar. Det er ikkje ein gong sikkert at den som utfører handlinga tykkjer eller føler at den er riktig eller moralsk.

På området for singellivet sin status, dreier det seg i hovudsak om ein konflikt mellom ulike diskursar angåande kva ulike individ oppfattar som det politisk korrekte ideal, om det er singellivet eller parforholdet som har den høgaste statusen. På området for seksualmoral, dreiar det seg om ein konflikt mellom ulike diskursar om kva ulike individ ser på som moralsk eller umoralsk når det gjeld seksuelle handlingar. Det er i grove trekk snakk om diskursar angåande konservative eller liberale haldningar. Dersom den liberale diskursen er dominerande på området for seksualmoral, og diskursen som seier at parforholdet har den høgaste statusen er den dominerande på området for singellivet sin status (eller omvendt), kan ein seie at dei to ulike områda og kjem i konflikt med kvarandre. På begge områda er det haldningane og ideala som står i fokus. Handlingar vert trekt fram dersom dei kan bidra til å kaste lys over individene sine ideal og haldningar.

## 4.1 Moralteori

Når ein skal skrive om seksualmoral, såvel som andre typar moral, kan ein ikkje kome utanom ei drøfting av teoriar om etikk og moral. Desse kan vere retta i både filosofisk, theologisk og sosiologisk retning.

Ein kan spørje kva det er som skil ein singel person frå ein person som inngår i eit forpliktande parforhold av langvarig art. Svaret vil bli at det er ikkje nødvendigvis *tronjen* til sex, men *tilgangen* på sex som er ulik. Om eller på kva måte ein skal benytte denne tilgangen er eit moralsk spørsmål. Når eg jamfører intervjuet eg har teke, ser det ut til at det òg er skilnad mellom dei single informantane mine, når det gjeld kor stort eller lite behov dei har for sex. Foucault skiller mellom ”freedom of sexual acts” og ”freedom of sexual choice” (Weeks 1995: 58). Han argumenterer for at så lenge ein ikkje skader andre, så er det moralsk å velje det ein sjølv vil. Det er dette han meiner med seksuelt val; ein kan velje å leve med dei seksuelle preferansane ein føler for, så lenge ein ikkje påfører andre skade. Dersom det skulle vere fridom når det gjeld seksuelle handlingar, kunne det hende at nokon valde å utføre ei seksuell handling som ville vere smertefull for andre.

Det etiske og det moralske foregår, i følge Frode Nyeng, på to ulike plan. Etikk er teoriar om moral. Det fyrste er eit teoretisk og overordna plan, det andre er det som faktisk foregår mellom individ. Eg vil, for å presisere kva etikk og moral er, nytte ein filosofisk definisjon.

Grovt formulert kan vi si at en etisk teori (normativ etisk teori) er et helhetlig syn på det riktige og det gode (...) Etikk er med andre ord uunngåelig en formalisering av moralen; i en teori skal man tross alt systematisere og samle sine oppfatninger i et forenklet bilde (...) Vi kan derfor innledningsvis si at etisk teori innebærer prinsipper for normativ vurdering av personer og deres holdninger og karakteregenskaper, samt måter å leve på, handlinger (som berører andre moralske subjekter og objekter), mellommenneskelige relasjoner, og dessuten de ulike samfunnsordninger som legger rammene for individets livsutfoldelse (Nyeng 1999: 18-21).

Vi kan dele etisk teori inn i to hovudgrupper: normativ etikk og deskriptiv etikk. Normativ etikk kan seiast å representera eit *førstepersonperspektiv*, medan deskriptiv etikk representerer eit *tredjepersonperspektiv*. Med eit førstepersonperspektiv foretek ein

normative vurderingar av eigne eller andre sine handlingar eller utsagn, altså vurderingar av om handlingane og utsagna er rette eller gale, medan eit tredjepersonperspektiv er moralsk nøytralt. Her skildrar ein kva folk faktisk gjer. Tredjepersonperspektivet kan likevel innehalde implisitte moralske vurderingar (Nyeng 1999: 16). Eit døme på dette kan vere når nokon seier at ”ho der borte har hatt sex med to stykker eg kjenner.” Då kan ein tolke det som at personen også seier at ”ho der borte” er ganske horete og billig, altså at det ho har gjort er moralsk forkastelig. I normativ etikk må det vere einskap mellom liv og lære. Det same prinsippet kan trekkjast fram når det gjeld å anten leve som singel eller å omtale folk som gjer det. Det vil seie at dersom ein til dømes seier at ein ikkje tykkjer det er ein bra ting å sjekke opp nokon på byen, så må ein leve opp til dette ved å ikkje freiste å sjekke opp nokon på byen. Dersom ein likevel gjer dette, kan ein av andre verte oppfatta som ein umoralsk person, eller ein kan oppfatte seg sjølv som ein umoralsk person. Kva som ligg til grunn for at enkelte seier at dei har eit ideal, men lever opp til eit anna ideal, kanskje det motsatte, kan vere at det er ein skilnad mellom kva individet faktisk ynskjer å gjere, og kva individet oppfatter som det det burde gjere. Altså, det er ein skilnad mellom røyndom og ideal, mellom er og bør.

Vi kan skilje mellom egoistiske handlingar og moralske handlingar. Ein kan seie at ein moralsk handling er genuint retta mot andre sine behov og interesser og dermed er ein altruistisk handling. Det er likevel meir komplisert enn som så. Ei mildare og meir allmenngyldig formulering vil vere å seie at moralske normer har status som ikkje-egoistiske handlingsanvisningar (Nyeng 1999: 25). Handlingar kan delast inn i to kategoriar: amoralske handlingar, som ikkje påvirker andre, og moralsk viktige handlingar, som påvirker andre (Nyeng 1999: 25-26). Det som viser seg når det gjeld mitt tema er at handlingar som tilsynelatande ikkje skal påvirke andre gjer det likevel. Det at ein til dømes ”utleverer seg sjølv intimt til Gud og kvarmann” gjeld i utgangspunktet berre det enkelte individet, men andre kan likevel føle trøng for å uttrykkje at dei tykkjer det er moralsk uriktig. Eit døme på ein handling som i utgangspunktet påvirker andre, kan vere at ein til dømes har sex med nokon som er forelska i ein, dersom ein sjølv ikkje er forelska. Når det gjeld forholdet til andre personar handler den moralske vurderinga ofte om tilhøvet mellom *plikt og lyst*. ”Vi vil normalt si det slik at det vi foretrekker eller

ønsker å gjøre, bør vurderes i lys av vår oppfatning av de krav som ligger i plikten” (Nyeng 1999: 29). Plikt er i større grad enn lyst knytta til omgrepene sjølvrespekt. I enkelte situasjoner bør ein ta hensyn til seg sjølv, og gjere det ein har lyst til, medan i andre situasjoner er det plikta ein føler i høve til andre som er det viktigaste.

Nyeng tar for seg fleire ulike retningar innan etisk teori: *Konsekvensetikk*, som handlar om respekt for ulike typer konsekvensar av ein handling, *pliktetikk*, som handler om respekt for evna til rasjonell viljesdanning, kor hovedfokus ligg på om handlingar vert utført i samsvar med, og eventuelt også ut av, erkjenninga av plikt. Begge desse retningane er handlingsorienterte. Dei andre teoriane, som ein kan seie er aktørorienterte, er *dydsetikk*, som handlar om respekt for mennesket sine særegne karaktereigenskapar. Handlingane sin verdi er avleda av kvaliteten på det mennesket som utfører dei, og idealet om handling ut frå dei rette kjenslene står sentralt. *Kontraktsetikk* handlar om respekt for eigeninteressa, og redsla for straff. Moralen er eit verkty som skal avgrense skadenvirkningane av enkeltindividet si sjølviske streben. *Diskursetikk* handler om respekt for evna til å delta i rasjonell dialog, som er ein prosess fram mot samme standpunkt. At alle menneske er likeverdige diskusjonspartnerar står sentralt. *Nærhetsetikk* handler om respekt for sosiale livs- og handlingsbetingelsar. Vi har ei absolutt fordring og eit absolutt ansvar for Den Andre på skuldrene våre. Dei etiske grunnfenomena er tillit, ærlegdom og medynk. *Eksistensialistisk etikk* handler om respekt for mennesket sin radikale fridom. Det er ikkje noko bakanfor det frie valet som kan rettleie mennesket til det absolutt riktige eller gode liv. Ved å velje, vel vi både for oss sjølv og for andre. Det oppstår angst og usikkerhet, når ein må balansere dei ulike mulighetane opp mot kvarandre.

I denne oppgåva skal eg ikkje ta utgangspunkt i berre ein av desse teoriane. Dei er alle saman viktige, for å få eit heilskapleg bilet av menneske i moralske situasjoner. Når ein beveger seg i det sosio-seksuelle landskapet vil ein freiste å få best mogleg konsekvensar av handlingane sine, utføre handlingar ut frå plikt, handlingar vil verte ulikt oppfatta ut frå eigenskapane til individet som utfører dei, ein vil balansere handlingar ut frå om kva som gjev størst utbyte og minst straff, ein vil inngå i diskusjonar eller forhandlingar med

andre om kva ein bør eller ikkje bør gjere, ein vil freiste å handle slik at ein skader andre minst mogleg, og ein vil samstundes velje kva eller korleis ein vil handle.

Weeks' hovedargument er at mange livsformer kan vere moralsk eller etisk gyldige, spesielt med hensyn til det erotiske. Det handlar ikkje så mykje om kva du gjer, men *korleis du gjer det*: "Less a morality of acts, more an ethics of relationships" (Weeks 1995: x).

We have long been used to the idea that morality and sexual behaviour have a peculiarly intimate relationship – to the extent that 'immorality' in the English language almost invariably means sexual misbehaviour, and 'moral', to a lesser, but still potent extent, implies adherence to certain agreed norms of behaviour, and types of activity (Weeks 1995: 47).

Weeks seier altså her at spørsmål om moral ofte er knytta til seksuell åtferd. Det vil seie at dersom noko er umoralsk, viser det til dårlig seksuell åtferd. Dersom noko er moralsk, viser det til at ein oppfører seg i tråd med gitte normer for oppførsel og typar av aktivitet.

Weeks skriv om tema som vald i ekteskapet og kor vidt ein har høve til å velje om ein vil bli eller stikke av, og om valet å anten føde barn eller ta abort. Eg meiner ein også kan snakke om val i samband med om ein har valt å leve som singel eller ikkje, og om ein har valt å leve i sølibat eller ikkje. Denne type val er like mykje gjenstand for påvirkning av sosiale normer og forhold til andre personar sine haldningar, handlingar og kjensler.

The truth is that freedom of choice is often difficult, especially in sexual matters, because of the delicate relationship between desire, emotions and social norms (...) But we know that in practice such choices are difficult. Loyalties, commitments, dependency and fear all block the free play of choice (Weeks 1995: 60).

Han seier altså her at fridom til å velje, spesielt når det gjeld seksuelle spørsmål, ofte er vanskeleg. Dette er på grunn av det vanskelege bandet mellom begjær, kjensler og sosiale normer. Det er lojalitet, plikter, avhengighet og frykt, som står i vegen for fridomen til å velje. Når det gjeld singellivet, vil lojalitet, plikt, avhengighet og frykt gjelda i høve til sine eigne, partneren og eventuelt vener sine kjensler. Frykt vil kanskje mest handle om kva vener og andre folk måtte meine om ein enkelt person sine handlingar.

Vi kan sjå for oss ein situasjon der to single personar, Knut og Else møter kvarandre. Hans, som er kameraten til Knut er veldig forelska i Else, og Knut veit om dette. Knut tykkjer Else er veldig tiltrekkande, og kan godt tenkje seg å ha eit lite uforpliktande eventyr med henne, men i kraft av lojalitet til Hans burde han kanskje ikkje gjere dette. Han hamnar i ein konflikt med seg sjølv om kva han skal gjera, då han har eit godt forhold til Hans, og veit at han vil kome til å miste han dersom han gjer alvor av den hugen han har til Else. Samstundes så har han ikkje dei rette kjenslene for Else til å innleie eit forpliktande kjærleiksforhold av langvarig art til ho. Dersom ho har slike kjensler for han, vil han sannsynligvis hamne i ein annan type konflikt, som går ut på at han skal vere forplikta til ho på eit vis, sjølv om han ikkje ynskjer dette. Til sist inneber denne situasjonen kan hende ein frykt for å bryte sosiale normer. Dette kan gjelde normer som at ein ikkje skal ha sex uten å vere i eit forpliktande forhold, at ein ikkje skal vere saman med ei dame som kameraten din ville hatt, og at du ikkje skal ha sex med ein person som er forelska i deg, dersom du ikkje er forelska i denne personen. Frykten er ein frykt for korleis andre vil reagere på slike normbrot.

Det har vore vanlig å meine at moralske oppfatningar endrar seg med samfunnstilhøva. I eit *moderne* samfunn tenker ein ofte at normative teoriar fungerer uavhengig av eit sosialt fellesskap. Plikter, normer og rettighetar er upersonlige og ahistoriske. Ein søker universelle svar på normative spørsmål. Den kantianske pliktetikken er eit godt døme på dette. I *det postmoderne*, som det er snakk om i denne teksten, må individet forholde seg til ein oppstykka røyndom, som det sjølv er med på å skape. På grunn av dette får ein identitetsproblem. Det fins ikkje lenger faste sosiale roller, og dermed ikkje lenger ein uavhengig menneskelig rasjonalitet (Nyeng 1999: 142-148). Det sentrale spørsmålet blir ikkje "kven er eg", men "kven er eg *no*". Det er heller ikkje eit spørsmål om "kven er den rette for meg", men "kven er den rette for meg *no*". Det postmoderne eg er eit *forbrukareg*. Ein kan seie at individet i teorien står fritt til å velje mellom ulike moglegheitar. Val som er gjort, kan heile tida bli endra eller gjort på nytt. Det er viktig å ikkje danne eit stabilt eg i eit samfunn som endrar seg heile tida. "Det er en frihet hvis mål er plikt- og konsekvensløse relasjoner, både til ting og personer (hvilket også selvsagt innebærer en tingliggjøring av personene)" (Nyeng 1999: 147). Slik er det også i

singellivet. Konflikten går ofte her på om forhold til andre personar skal ha konsekvensar eller ikkje, eller om forholda skal vere forpliktande eller uforpliktande. Dette kan gjelde både vennskapsforhold og kjærleiks- og seksuelle forhold.

I det postmoderne perspektivet blir det derfor moralens *problem* (...) å bite seg fast i noe som i praksis ustanselig skifter ham. Særlig når denne "hammen" er alt som er, når det ikke (lenger) finnes noen stabil underliggende identitet å henvende seg til (Nyeng 1999: 147).

I følge Nyeng er det kanskje ein samanheng mellom postmodernisme og ein emotiv moralforståelse, dvs. at moralen er basert på subjektive kjensler – emosjonar. Sidan dei subjektive kjenslene for kva som er rett og gale varierer frå person til person (i alle fall til ein viss grad) vert moralen ut frå dette subjektiv, og diskusjon og usemje vert umogleg eller irrelevant når det kun dreiar seg om kjensler (Nyeng 1999: 149). Dette markerer dermed eit brot med dei tidlegare nemnde teoriretningane. Nyeng meiner likevel at ein ikkje kan trekkje det så langt at alt dreiar seg om subjektivitet, individualitet, fridom og kjensler (Nyeng 1999: 151). Ein kan altså då argumentere for ei moderert form for emotivismen: felles kjensler, felles moral.

## 4.2 Ideal og røyndom

*Ideologi* dreier seg i en kulturanalytisk sammenheng ikke primært om de eksplisitte ideologier, men om de implisisse. Bak hverdagslivets symbolske mylder kan man f.eks. se skjulte ideologiers trykk og mekanismar for selvfølgeliggjøring av maktforhold og sosiale strukturer (Frønes 2001: 13).

Ideal varierer; ære i ein kulturell samanheng er vanære i ein annan (Frønes 2001: 14). Slik er det i singellivet òg. Det å ha sex med mange ulike personar vart i tidlegare tider ofte sett på som noko negativt, og vert det av enkelte i dag og. Spesielt kvinner vart sett på som horete (Frykman 1993). I dag vert slike handlingar ofte sett som eit teikn på individuell fridom, altså noko positivt. Dette er eit døme på at det kan vere knytta ulike meininger til identiske handlingar. Det som vert sett som aksepterte haldningar og handlingar av nokon, vert sett på som uakseptert av andre. Det eg meiner med ideal, er at enkelte typar oppførsel vert sett på som korrekt, og andre typar oppførsel vert rekna som ukorrekt. Ein kan snakke om *det politisk korrekste ideal*, men det er ikkje sikkert at dette idealet samsvarer med korleis folk faktisk handler. Det kan òg verta sett som at den

dominerande diskursen i ein kontekst kan oppfattast som røyndomen, og den marginale diskursen som individet òg forheld seg til kan oppfattast som idelet. Weeks seier at vår kultur vanlegvis rettferdiggjer erotisk aktivitet i forhold til noko anna – reproduksjon, slik som Skirbekk argumenterer for, eller til å halde saman forhold – og har ignorert det erotiske si tyding for fridom, glede og nyting. Han meiner at det ikkje er formen, men innhaldet eller meiningsane knytta til dei erotiske handlingane som burde oppta vår interesse (Weeks 1995). I denne oppgåva er det blandt anna seksualmoralen som står i fokus, altså ikkje kva eller korleis ein gjer ting, men kva moralske haldningar og motivasjonar som ligg bak dei seksuelle- og erotiske handlingane til single personar.

I samfunnsvitenskapen vert det ofte sett på som det mest vitenskapelige å innta ei aksepterande avstandshaldning til dei sosiale fakta: ”En passivt aksepterende holdning til moral kan faktisk innebære en inngrisen i et samfunns egen moraloppfatning” (Skirbekk 1999: 240). Skirbekk meiner dette er negativt. Han vel å sjå på moralen som funksjonell eller dysfunksjonell for oppretthaldning av samfunnet, familien og ekteskapet. Individentrerte tolkningar er i følge dette ikkje adekvate til å tolke moral. Han skriv at familieinstitusjonen har overlevd opp gjennom tidene, men at utviklinga fleire gonger kunne ha gått riktig galt: ”Når det likevel gikk godt, henger det sammen med at frafallet av noen forutsetninger for familiens opprettholdelse ble gradvis erstattet av andre ordninger, som også kunne gi meningsbærende svar innenfor funksjonelle rammer” (Skirbekk 1999: 249). Eg meiner at det blir feil å tolke moral kùn ut frå kva som er funksjonelt for samfunnet, familien og ekteskapet, då det er mange menneske som lever som singel, og som trass i dette kan seiast å ha ein ”funksjonell” moral. Ein kan òg seie at det sikkert er riktig at ei passiv og aksepterande avstandshaldning kan bidra til å endre den gjeldande moraloppfatninga, men er det eit mål at samfunnet og moraloppfatninga ikkje skal endre seg? Er det kanskje slik at det på mange område er best at det ikkje skjer ei endring, men at ei endring på andre område til ein viss grad kan vere hensiktsmessig eller funksjonell? Med dette meiner eg at det på området for seksualitet, for det enkelte individ, kan vere hensiktsmessig med ei endring i det moralske grunnlaget. Det at ikkje alle har den same tilgangen til seksuelle goder er ikkje nødvendigvis positivt. Det er ikkje

nødvendigvis hensiktsmessig for den enkelte single aktør, dersom sex utenfor parforholdet vert rekna som umoralsk.

## 4.3 Individ og samfunnsnormer - Ein aporetisk situasjon

Handling går føre seg i eit landskap som analytisk kan delast i den sosiale og den symbolske orden (Frønes 2001: 12). Det sosiale er slik samfunnet faktisk ser ut, og det symbolske er dei kulturelt gitte meiningane som ligg bak. Den sosiale handlinga vil alltid skapast i møtepunktet mellom subjektive *intensjonar*, *sosiale strukturar* og *kulturelle førestellingar*; handlinga vert utvikla i interaksjonen mellom aktør, andre aktørar og sosiale og symbolske mønster (Frønes 2001: 13).

Språket, symbola og førestellingane er på same tid både i individua, og ein objektiv sosial og kulturell realitet utanfor dei (Frønes 2001: 8). Individua er ikkje berre brikker i strukturen sitt spel, dei handler og reflekterer, gjer kloke ting og ukloke ting. Dei er strategiske og aktive, på same tid som dei kulturelle mønstera lever i dei og rundt dei (Frønes 2001: 9).

Forholdet mellom symbolske strukturer og subjektene er ikke et enveisforhold: det er i prosessene, spenningen mellom de handlende subjekt og de symbolske mønster, at individet skapes (Frønes 2001: 11).

Eg vil seinare vise at det er stor skilnad på kva som vart sett på som umoral for nokre år sidan, og kva som vert sett på som umoral i dag. Samstundes er det også uvisse og usemje om kva det er som er moralsk eller umoralsk. Alt dette viser at det er ein vekselvirkning mellom teori og handling/erfaring. Dersom nokon gjer noko som vert rekna som umoralsk, vil denne handlinga ofte etterkvart verta rekna som moralsk, når fleire og fleire utfører denne (Sjølv om dette sjølvsagt ikkje gjeld for alle handlingar). Dette kan òg sjåast som eit døme på at det enkelte individ er med på å forme dei sosiale normene, og at "hegemoni og tyngdepunkter forflyttes over tid" (Frønes 2001: 14).

Zygmunt Bauman skriv i boka *Postmodern etik* om den postmoderne etikken. Det vil seie "det erfarenhetssammanhang i vilket det specifikt postmoderna moralperspektivet

utvecklas” (Bauman 1995: 8). Han vil undersøkje korleis ein ut frå dette postmoderne perspektivet ser slike problem, og korleis ein tilskriv dei meining. Alle handlingar inneber vurdering av kva ein skal gjere, kriterier for vurdering og det endelige valet (Bauman 1995: 11). Bauman seier også at det moderne livet ikkje har ein anten-eller logikk. Det er med andre ord ambivalent (Bauman 1995: 12). Den postmoderne tilstanden vert ofte forbunde med ei førestelling om at mennesket har ein absolutt fridom: ”Vad som kommit att förknippas med föreställningen om ett postmodernt moralperspektiv är alltför ofta lovsjungandet av ’det etiskas död’, av etikens utbyte mot estetik och den ’slutliga befrielse’ som följer derav” (Bauman 1995: 8). Bauman meiner at dette er feil. Han meiner at etikkens store spørsmål – i denne samanhengen synkronisering av individuell åtferd og kollektiv åtferd - ikkje har mista aktualitet. Det må berre sjåast og handsamast på ein ny måte (Bauman 1995: 10).

Moralen har som sagt to sider, ei ovanfrå og ei nedanfrå, det etiske og det moralske. Ovanfrå er det filosofar og lovgjevarar som har bestemt kva som er lov og kva som ikkje er lov. Nedanfrå er det individet som nyttar sin sunne fornuft til å handle slik det meiner er rett. Desse to nivåa kjem ofte i konflikt med kvarandre. Det er på grunn av at frå lovgjevarar og tenkjarar sin ståstad, altså frå det øvre nivået, må det finnast eit moment av tvang dersom dei frie individua skal gjere det som er rett. Dette kan skje på to måtar; ”antingen inifrån eller utifrån; antingen av aktörerna själva genom att de brukar sitt ’bättre omdöme’ och undertrycker instinkterna med hjälp av sina förståndsgåvor, eller genom att aktörerna utsätts för ett rationellt utformat yttre tryck som ser till att ’det inte lönar sig att göra orätt’ så att de flesta individer för det mesta avskräcks från att göra det” (Bauman 1995: 14). Begge deler står i samband med kvarandre på den måten at dersom individet ikkje hadde ein eigen fornuft, ville det ikkje reagere på ytre lovgjeving. På den andre sida vil eit individ med ei sjølvstendig vurderingsevne kanskje bli fornærma og freiste å motsetje seg innblanding berre på grunn av at det er ei innblanding (Bauman 1995: 14). Det er denne situasjonen Bauman kaller ein aporetisk situasjon, altså ei motseiing som ikkje kan overvinnast eller ei motseiing som leier til ei konflikt som ikkje kan løysast. Modernitetens moraltenkning fekk liv gjennom trua på at det var ein moglegheit for å finne ein ikkje-ambivalent og ikkje-aporetisk moralkodeks. Det er tvilen

på ein slik moglegheit som er postmoderne (Bauman 1995: 17). Bauman meiner ikkje ”post” i kronologisk forstand. Dersom vi ser på det øvre nivået som dei sosiale normene folk skal forholde seg til, og det nedre nivået som slik folk faktisk handlar eller vel å handle, kan vi sjå at desse to nivåa også ofte kjem i konflikt. Informanten Janne seier at ”man skal ikke plage andre liksom, men man skal heller ikke plage seg selv med å leve etter andres regler” (Intervju nr. 7). Dette tolkar eg som at ho ikkje vil akseptere at nokon andre skal bestemme korleis ho skal leve. Ho vel å leve etter ”sin eigen moral”. Samstundes skal vi sjå at fleire av informantane mine har problem med å leve berre etter sin eigen moral, dei tek anten dei vil det eller ikkje, omsyn til dei eksisterande sosiale normene. Sjølv om dei sosiale normene virkar inn på korleis individet vel å handle, kan ein seie at individet sjølv i stor grad er med på å skape dei normene og verdiane det organiserer livet sitt ut frå. Eit slikt synspunkt vert sett fram av Weeks:

Values are human inventions, products of complex histories and the intermingling of many individual and collective aspirations and anxieties. Values depend on us, what we want or desire. At the moment there appears to be a high degree of uncertainty about values, leading among many to a search for new absolutes (Weeks 1995: xi).

Weeks argumenterer for at autonomi vil seie at individet har fridom til å evaluere motstridande verdiar, har retten til å ta personlige avgjerder og at autonomien er eit mål for personleg utvikling. Det vil også seie at individet har rett til å vurdere eigne og andre sine handlingar. Han seier at autonomien aldri må bli absolutt. Det er, som Weeks understrekar, skilnad på *optimal* fridom og *absolutt* fridom. *Relativ autonomi* er derfor den menneskelige tilstand. Demokratisk autonomi forpliktar individet til å uttrykkje eigne ynskjer på måtar som respekterer andre sine ynskjer, men individet må likevel gjere dette i ein form som er moralsk riktig for seg sjølv. Altså ein freistnad på å takle ulikskapar som eksisterer mellom sosiale aktørar. Dette er eller burde til ein viss grad også vere rett når det gjeld singellivet.

#### **4.4 Hovudendringar i seksualmoralen - Ideelle ytterpunkt**

Anthony Giddens skriv i boka *Intimitetens forandring* om korleis seksualiteten har endra seg frå det tradisjonelle samfunnet til det moderne samfunnet.

"Seksualiteten" er i dag blevet opdaget, åbnet og gjort tilgængelig for en udvikling af forskellige former for livsstil. Det er noget som vi hver især "har", eller dyrker, og ikke længere en naturlig tilstand som den enkelte accepterer som en forud fastlagt tingenes tilstand. På en eller anden måde, en måde som må udforskes, fungerer seksualiteten som et bearbejdligt træk ved selvet, et uhyre vigtigt forbindelsesled mellem kroppen, selvidentiteten og de sociale normer (Giddens 1992: 24).

Den seksuelle revolusjon som har foregått dei siste tredve, førti åra er sett saman av to grunnelement. Det eine er ein revolusjon når det gjeld *kvinneelig seksuell autonomi*, noko som og får følger formannens seksualitet. Det andre er ein blomstrande *homoseksualitet*. Dei ulike rørslene i 1960-åra som kjempa for seksuelle fridomsprinsipp var viktige, men ikkje avgjerande for ei slik utvikling (Giddens 1992: 35). Eg vil vise denne endringa ved å trekke fram nokre døme.

Når det gjeld kva som er ideell eller akseptert seksuell åtferd, kan eg nevne nokre ytterpunkt. Det eine er slik det dominerande sosiale idealet var for ca. 60-70 år sidan og eit anna er slik det kanskje kjem til å vere om 30-40 år. Det neste sitatet er eit utdrag frå eit foredrag om "den nye moral" som vart halde av O. Hallesby i Universitetets gamle festsal i 1931. Det viser eit døme på det første idealet, som Hallesby kaller den kristne moral.

Den kristne moral har alle dager kjempet mot umoralen. Og umoralen har til de forskjellige tider antatt både store dimensjoner og uhyggelige former. Men nu i den siste tid er der dog inntrådt noget nytt. Nu kaller man umoralen "*den nye moral*". Å synde er en gammel og kjent sak i vår slekt. Også før var der mange som forførte sin næstes datter til utukt. Men da kalte man det *løslevnet*. Nu kaller man det den nye moral. Også før var der mange som forførte sin næstes hustru. Men da kalte man det *hor*. Nu kaller man det den nye moral. Også før var der mange som levde sammen som ektefeller uten å være gift. Men da kalte man det *konkubinat*. Nu kaller man det *kamerattekteskap*. Den nye moral legger ikke skjul på, at den vil hjelpe menneskene til å "synde med glade øine". Og mens synderen før skjulte sig i mørket, av en naturlig og løfterik blusel, så er det "syndere i sommersol" man nu ønsker å være (...) Den (den kristne moral) sier til de unge: Moralen kan hverken du eller noget annet menneske bestemme. Ikke din kropp og ikke din sjel kan bestemme hvad der er moralsk, og hvad der er umoralsk. Moralen bestemmer *Gud* og ingen annen. Mennesket kan bare oppfatte, motta og leve det moralske liv, som Gud gjennem sin åpenbaring meddeler det menneske som ved tro åpner sig for Guds åpenbaring. Og Guds åpenbaring har menneskene fått bare gjennem Jesus Kristus. Han er derfor den eneste sakkynlige på moralens område (Hallesby 1931: 8-9/15).

Hallesby taler her *for* den kristne moral og *mot* den nye moral, som han meiner er einsbetydande med umoral. Han meiner at ein i den nye moral har funne ord for i

utgangspunktet syndige handlingar, som skjuler at dei er syndige og umoralske. Det som i følge den kristne moral vart rekna som umoral, har altså med den nye moral blitt legitimt. Det viktigaste han gjev uttrykk for er at det er Gud, og ingen menneske eller individ sett bort frå Jesus Kristus, som kan bestemme kva som er moralsk riktig. Bauman skildrar ein situasjon der fornuften har erstatta trua som kjelde til moralske oppfatningar:

De (moderna lagstiftare och moderna tänkare) trodde på fullt allvar att det tomrum som lämnats av kyrkans nu svunna eller ineffektiva moraliska övervakning kunde och borde fyllas med en uppsättning omsorgsfullt och konstfärdigt samordnade förfuftsregler; att *förfuftet* kunde göra vad *tron* inte längre förmådde; att människorna med öppna ögon och falnade lidenser kunde reglera sina ömsesidiga relationer inte sämre utan kanske till och med bättre (på ett mer "civiliserat", fredligt och rationellt sätt) än när de var "förblindade" av tro och deras otyglade och obehärskade känslor rasade. I linje med denna övertygelse gjordes ständiga försök att konstruera en moralkodex som inte längre dolde sig bakom Guds bud utan högljutt och oblygt förkunnade sitt "människoskapade" ursprung, och trots (eller kanske snarare tack vare) detta skulle omfattas och lydas av "alla rationella människor" (Bauman 1995: 13).

Denne "fornuftsmoralen", som ligg tett opptil det Hallesby kaller den nye moral, har kanskje gjort seg stadig meir gjeldande i tida etter ca 1960, og kjem til uttrykk i organisasjonar som til dømes "Human-etisk forbund". Den er likevel ikkje einerådande, og eksisterer saman med kristen moral i dei fleste sosiale kontekstar.

Ein del av dagens 18-20 åringar kan synast å ha eit anna ideal, som kan karakteriserast som ein postmoderne moral. I Dagbladet kan vi lese om unge som praktiserer sex med vener, for å bli gode i senga. Dei har ikkje lyst på forpliktande kjærleksforhold, dei tykkjer det fungerer greitt med såkalte "fucking good friends"-relasjonar (Kaluza & Ystehede 2002). Eg vil argumentere for at vi i dag oppheld oss i eit skjæringspunkt mellom desse ulike ideala. Som eg før har sagt, så er det ikkje nødvendigvis eit tidsmessig skilje mellom det tradisjonelle og det moderne. Slik er det også når det gjeld dei nemnde ideelle ytterpunktta. Ein del unge tykkjer det er greit med "fucking good friends"-relasjonar for å bli gode i senga. Det er likevel mulig at denne treninga er meint for eit framtidig godt parforhold. Poenget mitt er at unge i dag kanskje er like mykje ute etter eit parforhold som dei unge for 50 år sidan (Bjelland 1999). Skilnaden er berre den at ein no for tida ofte er meir liberal til kva ein foretek seg av seksuell aktivitet før parforholdet enn det ein var før. Det som er utgangspunktet for heile denne oppgåva er at

dei ulike ideala eksisterer side om side den dag i dag. Folk vil til ein viss grad tilpasse seg det første idealet om ”den kristne moral”, sjølv om det kanskje er fornuftsmoralen, eller ”den nye moral”, som gradvis slår gjennom, eller har slått gjennom, som den dominerande moralen. Den postmoderne moralen vert òg praktisert av enkelte. Det er heile tida ein spenning mellom fridom og fornuft – ikkje alt det vi vil er fornuftig, og ikkje alt som er fornuftig er noko vi vil.

For å oppsummere kan ein seie at singellivet er del av ein dynamisk kultur. Ulike individ held seg til, og handler ut frå ulike, og til dels motstridande ideal og haldningar. Det kan argumenterast for at det er ein skilnad mellom korleis ting er, og korleis ting bør vere, eller mellom røyndom og ideal. Ein kan òg seie at det pågår ein kamp mellom ulike diskursar. Moralteori er med på å forklare kva folk ser på som det riktige, gode eller ideelle liv. I den konteksten eg skriv om, er det snakk om uskrivne normer, det vil seie at ein i teorien står fritt til å bryte dei om ein ynskjer det. Å bryte slike uskrivne normer kan bidra til at det oppstår nye diskursar (Jfr. Foucault 1999). I praksis kan det då oppstå problem for det enkelte individet, som hamnar mellom desse diskursane. Ulike individ kan ha ulike argument for kvifor ein handling er moralsk eller umoralsk, riktig eller feil, god eller dårlig. Innanfor visse begrensningar (det vil seie kor mykje ein tek hensyn til andre sine meningar) kan ein seie at det er individet sjølv som er med på å bestemme korleis det vel å handle. På grunn av at det i teorien er ein stor valfridom når det gjeld kva som er akseptert å gje uttrykk for, og kva som er akseptert å gjere, kan det ofte oppstå uvisse om kva ein skal velje. Som Bauman seier: teori og ideal er ikkje alltid i samsvar med det folk faktisk gjer, og det folk gjer er ikkje alltid i samsvar med det dei ynskjer å gjere. Det dei seier er heller ikkje alltid det same som det dei meiner. På bakgrunn av dette kan ein seie at det oppstår ein ambivalens både i individet og mellom individ. Det går føre seg ein konflikt mellom kor mykje ein skal vektlegge sine eigne ynskjer, i høve til dei uskrivne samfunnsnormene. Det er umogleg å sette eit klart skilje mellom sine eigne og kollektivet sine meningar. Med dagens mangfold på moral- og livsstilsmarknaden er det kanskje vanskeleg å ha klart føre seg korleis ein ynskjer å leve. Det er truleg mange som ikkje handlar ut frå heilskaplege og konsistente moralsystem.

## **5. Opplevingar av forhold – Mellom singeldiskurs og pardiskurs**

Vi skal i dette kapittelet sjå korleis diskursar knytta til haldninga til singellivet sin status er sett saman, og fungerer i høve til kvarandre. Eg vil ta utgangspunkt i at det eksisterer ein singeldiskurs og ein pardiskurs. Dei to diskursane er prega av ulike verdiar og står dermed mot kvarandre. For å finne ut av dette, må eg komme inn på kva tankar informantane gjer seg om singellivet. Det vil seie korleis dei generelt definerer det å ha eit forhold, kva ideal dei har i høve til kva forhold dei ynskjer seg eller ikkje ynskjer seg, og korleis dei opplever dei forholda dei faktisk er, eller har vore ein del av. Dette gjeld både seksuelle forhold, kjærleiksforhold og venskapsforhold. Vi skal sjå at ulike individ har ulike oppfatningar av kva forhold er eller skal vere. Dette kan ha sin bakgrunn i at dei opplever og organiserer livet sitt ut frå ulike diskursar. Eg vil vise korleis desse ulike oppfatningane kjem i konflikt med kvarandre.

Petter, som eg òg skal komme tilbake til i del-kapittel 5.4, har telefonboka si full av nummer han kan ringje viss han skulle ha behov for sex, eller kanskje berre litt kos. Dette er damer han har truffe ute på byen eller på fest til dømes. Det er mykje enklare for alle partar viss han ringer på fredag eller laurdag når ein kanskje er full, på fest eller ute på byen. Sex- eller kosebehovet til Petter melder seg ofte like sterkt når han sit åleine heime i sofaen ein søndagskveld. Han veit at han kan ringje til ei kvinne, og ho vil komme med ein gong han ber ho om det. Kva er då årsaka til at han kanskje ikkje gjer det? Han seier at grunnen er todelt: På den eine sida er det av hensyn til partneren, at ho kanskje vil tru at forholdet er meir forpliktande viss han tar kontakt på ein søndagskveld. På den andre sida, og dette er kanskje den grunnen som veg tyngst, er det for å sleppe å måtte komme med ubehagelege forklaringar på kvifor han ringjer viss ikkje han kan tenkje seg eit forpliktande forhold. Han vil med andre ord gjera det mest mogleg behageleg for seg sjølv, og minst mogleg ubehageleg. Dette sjåast som ein form for kontraktsetikk. Han veg eigeninteressa opp mot kva ”straff” han kjem til å få dersom han ringer på ein søndagskveld, og kjem fram til at det beste er å ikkje ringje. Ein kan også seie at det kjem an på konteksten kva meinинг handlinga får.

Det er tilhøvet mellom forpliktande og uforpliktande forhold som kjem i fokus når informantane skal definere kva som ligg i det å ha eit forhold. Dei kjem blant anna inn på kva som er skilnaden mellom forpliktande forhold og uforpliktande forhold.

## 5.1 Definering av forhold

Det eksisterer ulike meininger om kva eit forhold er eller skal vere. Graden av forplikting i eit forhold, er ofte det som er det sentrale når ein snakker om kva eit forhold dreier seg om. Det er ulike syn på kva element eit forhold må innehalde for å kunne kallast eit forhold. Romantikk, kjærleik og seksuell tiltrekning er noko som vert trekt fram som dei viktigaste elementa i moderne forhold (Giddens 1992). På grunn av at det i det seinmoderne samfunnet er desse tre elementa, og ikkje element som økonomisk avhengighet bl.a., som er dei viktigaste for å binde saman forhold, kan det lett oppstå usikkerhet om korleis balansen skal vere mellom kjærleik og sex, og dermed kor stor grad av forpliktelse eit forhold skal ha. Vi skal sjå at det er mange kriterier som må oppfyllast for at ein skal kunne snakke om eit forpliktande forhold, eller kva som skiller eit forpliktande forhold frå eit uforpliktande forhold. Ein må òg skille mellom det å vere fullstendig singel og det å vere i ein kva som helst type forhold.

Det er også det at når du treffer noen så på en måte går du inn i *et annet landskap* enn når du lever singel, da begynner du å savne ting som du ikke savner når du er singel, så når du trekker deg ut av det kjærestegreiene så går det litt tid og så slutter du å savne det, for da er du tilbake i singellivet ditt hvor du har andre (Intervju nr. 7).

Janne legg her vekt på at det å vere singel og det å vere i eit parforhold (både forpliktande og uforpliktande) er to ulike landskap. Eg tolkar det ho seier som at når ein er i eit parforhold er ein til dømes vant til å ha sex og nærliek relativt ofte, så når forholdet tar slutt vil ein sakne sex og nærliek ei stund. Når ein i motsett fall er singel er ein ikkje nødvendigvis vant til å ha sex og nærliek like ofte, og saknar det dermed mindre. Det er i singellivet andre ting, som samvær med venner o.l. som ofte er det sentrale og viktige.

Det er mange ting som spelar inn når ein skal avgjere om eit forhold er forpliktande eller uforpliktande. Forholdet sin *varighet* kan vere eit kriterium.

Eg ser ikkje på veldig kortvarige forhold som ein kjærast heller liksom, eg tenkjer fortsatt at eg er singel viss det skulle skjedd liksom (...) Eg trur at eg ville tenkt at det var noko ein skulle bestemt seg for saman med den andre, eventuelt at det var blitt så etablert at begge to skjønte det, at ein har ein forpliktelse overfor den andre...I det ein begynner å føle seg forpliktta overfor den andre, og den føler det for deg, og du veit at det er ein sånn felles ting, då trur eg at eg ville tenkt at då var eg i eit forhold liksom (Intervju nr. 2).

Nina definerer ikkje veldig kortvarige forhold som kjæresteforhold. Slik eg tolkar det vil det seie at forholdet er uforpliktande i eit visst tidsrom, til det er blitt definert som forpliktande. Ikkje alle er enige i ein slik definisjon, blant andre Jørgen har eit anna syn på saka:

Som person er jeg kanskje heller litt avventende...tar lengre tid for å gå inn i et forhold i forhold til andre personer, i steden for å hoppe inn i et forhold og se hvordan det går...Jeg er heller personen som ser hvordan det går, og så eventuelt går inn i et forhold...Det skjer jo ikke så veldig ofte. Sånn kjærlighet ved første blick, det vet jeg ikke om jeg skal tro på...har ikke helt gjort meg opp en mening om det, men har en tendens til å se det før det skjer (Intervju nr. 3).

Jørgen er altså avventande før han går inn i eit forhold. Det tolkar eg som at han vil bli skikkeleg kjent med ein potensiell partner før han innleier eit seksuelt forhold til henne, og når det er gjort er forholdet forpliktande frå første dag. Dette er delvis motstridande til Nina sin definisjon. Jørgen ser ikkje på varigheten i eit forhold når han skal definere det som forpliktande eller ikkje. Slik eg oppfattar det har han ei *enten-eller haldning* til dette temaet. Enten er han i eit forpliktande forhold eller så er han ikkje i eit forhold. Bauman seier at ein slik logikk ikkje eksisterer i det postmoderne samfunnet (Bauman 1995). Dette er eit døme på at ulike aktørar legg ulike meininger i det å ha eit forhold. Det kan ha å gjere med at ein til ein viss grad er oppdratt i ulike tradisjonar og har ulik erfaringsmessig bakgrunn. Enkelte har kanskje slike erfaringar at dei rett og slett ikkje tenkjer over muligheten for at det eksisterer noko ein kan kalle uforpliktande forhold. Andre har kanskje opplevd slike forhold, og har dermed blitt merksam på at det finst.

Jørgen seier at han "har opplevd at det har blitt mer enn bare den oppsjekkingen...liksom prøvd flere anledninger for å prøve og se om det er noe mer...men ikke at det har blitt et fast forhold av det" (Intervju nr. 3). På bakgrunn av det Jørgen tidlegare har uttalt i høve til forpliktande eller uforpliktande forhold, reknar eg med at det her er snakk om "dating" uten sex. Kanskje det han kaller oppsjekking dreiar seg om at dei har hatt ein hyggelig

samtale, kanskje dansa litt, utveksla telefonnummer, og avtalt å møtast igjen. Dersom det betyr at dei har truffe kvarandre igjen ved fleire anledningar og hatt sex utan at det har blitt eit "forpliktande forhold" kjem det i strid med Jørgen sine tidlegare uttalte prinsipp.

Det er også andre kriterium som er med på å avgjere om ein er i eit forhold, blant anna at ein skal vere glad i og ha lyst til å vere med personen ein har eit forhold til, slik Axel her gjev uttrykk for: "Det må jo vere det at det er nokon som du vil vere med og er glad i." (Intervju nr.5). Han legg altså vekt på at ein må vere glad i personen og ha lyst å vere med personen ein har eit forhold til, for at det skal definerast som eit forhold. Per legg vekt på at eit forhold er forpliktande, men presiserer, som Axel, at den *kjenslemessige forbindinga* er det viktigaste kriteriet.

Hmmmm...nei det er jo for det første å ha en eller annen følelsesmessig connection...og....ja det er egentlig en utvidelse av vennskapet (...) Ja det er jo selvfølgelig forpliktende...ellers er det liksom ikke noen vits, og så er det stor forskjell på sånn lek og moro som jeg også har en del bekjentskaper på...og forhold...da skal man liksom prøve å gjøre litt...være litt sånn...litt mer forpliktende og mer sånn...gjøre ting som par gjør liksom (...) Gå på Fløyen og sitte hjemme, lage god mat på en lørdagskveld (Intervju nr. 4).

Vi kan her sjå at Per seier at eit forhold sjølv sagt er forpliktande. Det er ganske interessant når ein tek i betrakting at han sjølv har ein del av det vi kan kalte uforpliktande forhold. Grunnen til dette kan vere at han legg betydninga forpliktande i ordet forhold, og at han ikkje ser på dei uforpliktande forholda han har som forhold. Det kan argumenterast for at å sjå forhold som forpliktande er del av ein dominerande diskurs, medan å generelt definere eit forhold som uforpliktande i mange samanhengar kan sjåast som ein marginal diskurs. Kriteriet om å føle *ansvar* i forhold til partneren kan òg leggjast til grunn for definisjonen av kva eit forhold skal vere.

Hvis man er kjærest, da er man kanskje litt bekymret for den andre og hva gjør den andre på nå, og når skal han komme eller hun komme liksom og sånn, men når det er uforpliktende så er det litt mer...ja en har jo på en måte litt ansvar også, i og med at man er gode venner og sånn, men det er ikke så viktig å holde hverandre oppdatert liksom...I et forhold så har man litt ansvar for å holde hverandre oppdatert på en måte, mens når det er et sånt flyktig forhold, da er det ikke så...ja...det er ikke så...det føles i hvertfall ikke så viktig...uten at den andre spør da (Intervju nr. 9).

Olav beskriv skilnaden mellom forpliktande og uforpliktande forhold med hensyn til ansvaret for å halde kvarandre oppdatert på kva ein driv med. I eit forpliktande forhold

skal ein seie frå kvar ein går, men dette er ikkje naudsynt i eit uforpliktande forhold. Olav seier at ”det føles i hvertfall ikke så viktig” (å halde kvarandre oppdatert i eit uforpliktande forhold), og her har vi eit svært viktig poeng. Det er kva ein *føler* for som avgjer om eit forhold er forpliktande eller uforpliktande. Ut frå det kan ein tenkje seg at det ikkje nødvendigvis er slik at begge partar i eit forhold føler like mykje for å halde den andre oppdatert. Kan ein av den grunn kalle forholdet eit uforpliktande forhold? Nei, ikkje berre av denne årsaka, det er andre kriterier som må oppfyllast i tillegg. Det viktigaste er at ein har ei *felles semje* om at ein er kjæraster og har eit forpliktande forhold, men ein slik enighet har sjølvsagt sin bakgrunn i at minst ein av personane føler for å halde den andre oppdatert på kva han eller ho driv med. Årsaka til at forhold, som tilsynelatande er uforpliktande og kun basert på sex varer over tid, er at minst ein av partane har eit ynskje om at forholdet skal bli forpliktande. Ellers kan ikkje forholdet bli vedlikeheldt over lang tid.

Grunnen til at Olav ikkje vil definere dei to forholda han har hatt i løpet av 10 år som singel, som kjærasteforhold er: ”Det var liksom ikke noe mer substans i det enn...altså begge to gikk vel ikke inn for at det skulle være det, for å si det sånn” (Intervju nr. 9). Han seier på ein måte her at begge var samde om at forholdet skulle vere uforpliktande. Kriteriet er altså semje eller usemjje. På den andre sida er det ikkje sikkert at partneren til Olav eigentleg ville at forholdet skulle vere uforpliktande, kanskje ho ikkje turde ta initiativ til eit forpliktande forhold då ho merka at Olav ville ha eit uforpliktande forhold. Moglegheitane er mange.

Eit anna viktig kriterium er *tidsforbruk* saman med partneren. Om ein kaller eit forhold forpliktande kjem til ein viss grad an på kor mykje eller ofte ein er saman med partneren, og i kor stor grad dette inkluderer andre personar (det vil seie partneren sine vene). Kva *aktivitetar* ein driv med når ein er saman har også noko å seie. Per seier at det å gå på kino, gå tur på fjellet, eller sitje heime på ein laurdagskveld og lage god mat, er aktivitetar som høyrer med til eit forpliktande parforhold. Dersom det er snakk om eit uforpliktande forhold vil aktivitetane stort sett dreie seg om sex. I ein kontekst der sex er ein blant mange andre aktivitetar, kan ein snakke om eit forpliktande forhold, men i ein

kontekst der sex er den einaste aktiviteten, dreiar det seg ofte om eit uforpliktande forhold. Ein kan altså seie at dei same aktivitetane får ulik meining i ulike kontekstar.

Informantane har til ein viss grad ulike syn på kva som kan defineraast som forhold, kvifor det kan defineraast som forhold og eventuelt kva typar forhold som eksisterer. På mange punkt samsvarer dei også. Uansett kva forhold det gjeld, så er det å vere fullstendig singel og det å inngå i ein eller annan type forhold heilt ulike landskap. Skilnaden mellom å vere delvis singel og det å vere i eit forpliktande forhold kan òg sjåast som to ulike landskap. Ein kan seie at det å inngå i eit forpliktande parforhold av langvarig art høyrer til ein pardiskurs. Når ein er singel vil ein forhalde seg til denne pardiskursen, samstundes som ein òg skal forhalde seg til ein singeldiskurs. Som eg har sagt før, så inneber denne ein oppfattelse av singellivet som dynamisk, fritt og uforpliktande. Eit forpliktande parforhold passer ikkje inn her. Sjølv om single individ ofte prøver å organisere livet sitt ut frå forståinga av at det forpliktande forholdet er det dei skal trakte etter, må dei samstundes forholde seg til singeldiskursen, kor denne typen forhold som sagt ikkje passer inn. På bakgrunn av måten informantane mine definerer kva eit forhold er, kan ein få inntrykk av at pardiskursen er den dominante i samfunnet, og at singeldiskursen er ein marginal diskurs.

## 5.2 Ideal i høve til kva forhold ein ynskjer seg

Vi har sett korleis informantane generelt definera det å ha eit forhold. No skal vi sjå nærmare på kva ideal informantane har i høve til sine eigne personlege forhold. Korleis ynskjer dei at eit forhold skal vere, og korleis ynskjer dei ikkje at eit forhold skal vere? I stor grad ser det også her ut til at det er det forpliktande forholdet som er idealet.

Axel snakker om kor seriøse forholda hans pleier å vere, og om han må vere forelska for å gå inn i eit fast forhold:

Viss eg er på byen og liksom, så må eg...viss eg skulle vore med nokon heim, eller viss noko skulle skje, så må eg liksom forsvare for meg sjølv at det kan vere noko meir i det liksom (...) Alle har behov for å vere med nokon og sånn, men det er ikkje sånn at eg leiter

sånn etter det at det er sånn at når det kjem nokon, så berre den første og beste liksom (...)  
Viss ikkje det er noko som eg trur fungerer eller, så gidd ikkje eg (Intervju nr. 5).

Han seier her at han må vere forelska for å gå inn i eit forhold. Dersom han tar med seg nokon heim frå byen (eg antar det er for å ha sex), må han forsvere for seg sjølv at det kan bli noko meir ut av det. Eg tolkar det som at han meiner at det skal bli eit forpliktande forhold ut av det. Dette kan på den eine sida bety at han ikkje vil ha sex med nokon uten at det fører til eit forpliktande forhold, eller det kan på den andre sida bety at han trur moglegheita for at det kan bli eit forhold er der, men at sannsynlegheita kanskje er liten. Poenget er at han ikkje føler det er rett å ha sex med nokon, dersom han i utgangspunktet veit at det ikkje har potensiale til å utvikle seg til eit forpliktande forhold.

Ein kan lure på om det er frivillig eller ufrivillig at enkelte er single. Janne har eit svært så diplomatisk svar på dette:

Det er ikke noe ideal for meg å være singel nei, men det er ikke noe ideal for meg å være i et forhold som ikke er godt heller...det er litt sånn, jeg må prøve å gjøre det beste ut av det, uansett hvordan det er (Intervju nr. 7).

Dette sitatet oppsummerer det som er kjernen i den ambivalansen ein kan spore i dei fleste intervjuer. Det viser at ho ser på det som eit betre alternativ å vere i eit godt parforhold enn det er å vere singel. Men ho tykkjer det er betre å vere singel enn å vere i eit parforhold som ikkje fungerer tilfredsstillande. Ho legg også vekt på at ho gjer slutt på forhold som ho ikkje føler er bra, på grunn av at ho har eit ansvar for seg sjølv og sitt eige velvære. Eg spør kva ho saknar mest med det å ha eit forhold, dersom ho saknar eit forhold.

Tror det er den nærheten, tror det er det...for et par år siden hadde jeg sagt sex, men det er liksom...det er liksom ikke det som er viktig...det er like mye det, bare det at noen ligger og holder rundt deg og (...) Jeg føler jeg får de fleste behov dekket på andre måter (...) Akkurat nå så vet jeg ikke om det er rett å si at jeg savner et forhold, men det er vel at hvis jeg savner et forhold, så hadde jeg savnet *det* uansett, men jeg vet ikke om jeg savner et forhold, for da hadde det kommet en del negativt og (Intervju nr. 8).

Kva som er idealet når det gjeld parforhold kan vere eit spørsmål om kor tett unionen skal vere mellom dei to partane. Janne seier:

Symbiose, det er ikke noe ideal (...) jeg er usikker på den balansen (...) Hvor mye vi må dele for at det skal kjennes nok ut, det vet jeg ikke helt (...) Jeg vet ikke egentlig hva som er mitt ideal, men jeg vet at det må være en del trygghet i det (...) man må kunne ta ansvar for ting og snakke om behovene sine, selv om de er upopulære (...) det er mitt ideal (Intervju nr. 7).

Janne vil altså ikkje ha eit forhold som munnar ut i symbiose, men ho vil heller ikkje ha eit forhold utan rom for nærliek, tryggleik og tillit. ”Det er et ideal for meg å ha et trygt og spennende forhold, en balansegang mellom det trygge og det spennende...å ha et fast forhold som er etablert er et ideal for meg” (Intervju nr. 7). Ho har som ideal å ha eit fast, forpliktande og etablert forhold. Samstundes betyr ikkje det nødvendigvis at ho vil bu saman med personen. Ho vil at forholdet skal vere spennande. Ein kan då spørje kva ho meiner med at forholdet skal vere etablert. I vår kultur er det fleire kriterium som må oppfyllast for at eit forhold kan kallast etablert. Eit kriterium er knytta til bolig. Det kan ha å gjera med korleis ein bur, korleis boligen er finansiert og kven ein bur saman med. Eit forhold kan også vere etablert sjølv om partane ikkje bur i lag, og det er sannsynlegvis dette kriteriet Janne siktar til. Det har å gjera med kor mykje partane er saman, og i kva grad det at dei er saman også involverer andre personar. Kva aktivitetar dei førettek seg når dei er saman har også noko å seie for om eit forhold vert rekna som etablert. Janne seier at det er snakk om å finne ein balansegang mellom det trygge og det spennande. Ho veit veldig godt korleis ho vil at ting skal vere. Samstundes er det vanskelig å få desse ønska til å samsvare med dei forholda ho har hatt. Ho vil både ha ein del av slik forholda hennar bruker å vere, og ein del av det idealet ho har om korleis eit forhold ideelt skal vere. Derfor er det sentrale her å finne ein balansegang, som kombinerer desse to på ein tilfredsstillande måte. Ein kan seie at det kanskje er det som kjenneteiknar noko som er eit ideal: ein kan lett beskrive eit ideal, men ikkje nødvendigvis korleis ein har tenkt å gjennomføre det i røynda.

Informantane har ofte eit ideal om å inngå i eit forpliktande forhold ein gong i framtida. Ein kan altså seie at diskursen som er prega av det forpliktande parforholdet, til ein viss grad, er idealet til dei fleste informantane. Dei vil likevel heller vere singel enn å vere i eit forhold som ikkje fungerer tilfredsstillande. Altså, ein forholdsvis enkel og grei enten- eller haldning. Som vi ser er ideal ofte ukompliserte og enkle. Det er det som faktisk skjer og opplevast, som kan oppfattast som ambivalent og komplisert.

## **5.3 Forholdet til den andre - Forpliktande versus uforpliktande forhold (langvarige)**

Eg skal no gje ei framstilling av korleis informantane opplever å finne seg i langvarige forhold, kor det er usemje om definering av forholdet, eller kor graden av forpliktelse er usikker. Vi skal og sjå at det i mange samanhengar kan vere vanskeleg for aktørane å få sine faktiske forhold til å samsvare med ideala dei har i høve til korleis eit bra forhold skal vere. Det vil seie at forholda ofte fungerer som uforpliktande, sjølv om ikkje begge partar er nøgde med dette. Ulike individ har ofte ulike intensjonar med å gå inn i eit forhold, noko som kan føre til at forholdet ikkje vert å rekne som jevnbyrdig. Ein kan seie at partane i forholdet, til ein viss grad, organiserer livet sitt, og handler gjennom to ulike forståingssystem. Den eine parten ser på singellivet som det ideelle, medan den andre parten ynskjer seg eit forpliktande parforhold. Partane har altså ulike intensjonar og interesser for forholdet. Eg vil trekke inn Gro, som eit døme på at singellivet kan vere ambivalent.

"Det er ganske mange merkelige forhold rundt meg, det er ganske mange som sliter med, lurar på kva det går i eigentleg" (Intervju nr. 8). Dette kjem fram når Gro snakkar om at ho og venninnene tolkar signal som partnerane deira sender ut. Dei er kanskje i forhold som ikkje er klart definert, og då tolkar dei heile tida kva ulike signal eigentleg betyr.

Viss folk er singel så er det *som regel kaos* har eg inntrykk av (...) kjem ikkje på så veldig mange der verken han eller ho har vore utro med nokon ein eller annan gong...Det er veldig mange forhold der folk framleis er utro, eller har store problem på andre områder, og dei slit med det...og dei som er fram og tilbake, av og på, kutter ut, men så blir dei saman igjen for å prøve ein gong til, så er det nokon andre, som er sånn i byrjinga av eit forhold, og blir det noko, meir sånn som eg gjer, eller no har eg eigentleg bestemt meg for å kutte ut (Intervju nr. 8).

Dette viser at det kan vere vanskelig å definere kvar grensa går mellom eit forpliktande og eit uforpliktande forhold. Er det eigentleg mogleg, i praksis, å setje eit skilje her, eller er det berre i teorien dette er mogleg? Skiljet mellom forpliktande og uforpliktande forhold er, som sagt, ofte avhengig av konteksten. Ulike kontekstar definerer ulike typar forhold. I definisjonen av uforpliktande forhold ligg det at "ein i *teorien* har lov å ha

liknande forhold til kven ein vil.” Spørsmålet er då om ein nyttar seg av denne teoretiske ”har lov til” eller ikkje. Dersom ein ufrivillig er ein del av eit uforpliktande forhold (det vil seie at ein eigentleg ynskjer seg eit forpliktande forhold til den aktuelle partneren) og kanskje er forelska i partneren, vil ein sannsynlegvis ikkje ha sex med eller innleie liknande forhold til nokon andre, sjølv om ein i *teorien* har lov til det. Då kan ein seie at for den eine personen dette gjeld er forholdet i teorien uforpliktande, men i praksis er det forpliktande. For den andre parten, som kanskje ikkje er forelska og ikkje har noko ynskje om eit forpliktande forhold, er forholdet uforpliktande både i teori og i praksis. Det må likevel nevnast at det finst unntak frå denne regelen. Ein kan komme til å ha sex med eller innleie forhold til andre personar, sjølv om ein er forelska i partneren sin. Det kan vere mange grunnar til dette. Kanskje ein er frustrert og har eit ynskje om enten å hevne seg på partneren, prøve å gløyme det vanskelige forholdet for ei stund, eller rett og slett å prøve å innbille seg sjølv at ein eigentleg ynskjer seg eit uforpliktande forhold. Ein partner som ikkje er forelska kan også la vere å ha sex med eller innleie forhold til andre personar, men dette har då ofte andre årsaker enn at han ikkje ynskjer det. Det har kanskje samanheng med ei sterk pliktkjensle hos denne personen.

### **5.3.1 Intensjon med å gå inn i parforholdet - Tryggleik, seksualtrong, kjærleik eller press frå samfunnet**

Når det er snakk om forhold som ikkje er klart definert som forpliktande eller uforpliktande, er det rimeleg å anta at det dreiar seg om forhold kor partane har ulike intensjonar med å gå inn i parforholdet. Det er ikkje sikkert aktørane er fullstendig klar over kva interesser dei har, noko som kan ha med å gjera at grensa mellom sex og kjærleik er uklar. Det vil seie at dei involverte partane kan hende er usikre på kjenslene sine. Ein av partane kan vere litt forelska eller betatt, og den andre veldig forelska eller besatt. Slikt blir det konfliktar av. Dette kan òg dreie seg om at enkelte føler at dei må vere meir forelska for å gå inn i eit forhold enn andre. Dette kan ha med å gjera at nokon let andre ting enn forelsking, som til dømes behov for tryggleik, avgjere om dei går inn i eit forhold eller ikkje.

Kvifor er enkelte personar single stort sett heile tida, sjølv om dei kanskje ynskjer seg eit forpliktande forhold av langvarig art, medan enkelte andre har hatt kjærast omtrent heile livet? Dersom vi seier at alle har eit like sterkt ynskje om å finne seg ein kjærast; kvifor er det så enkelt for nokon og så vanskelig for andre å finne seg ein kjærast? Har det noko å gjera med om ein har høg eller låg terskel for å gå inn i eit forhold?

Ei kvinne eg snakka med, ho er vel rundt 50, fortalte meg at ho var skilt og hadde tre vaksne barn. Ho har alltid hatt kjærast, men etter at ho var skilt kunne ho eigentleg tenkje seg å vere singel eller åleine i inntil 10 år. No har ho derimot truffe ein ny kjærast, som ho har vore saman med i eit år. Eigentleg prøver ho å halde han litt på avstand, for ho har eit stort behov for å vere åleine. Ho er eigentleg ikkje forelska i han, men ho er litt glad i han, og så er han så snill med ho. Av den grunn føler ho at ho må vere saman med han. Ein kan anta at det er behovet for *tryggleik* som gjer at denne kvinnen vel å bli i parforholdet. Det kan òg argumenterast for at ho organiserer livet sitt ut frå eit ideal om at det forpliktande parforholdet er målet med livet. Klara er eit døme på at det går an å føle at ein har eit godt liv utan ein partner. Ho peiker likevel på at ein kan føle eit visst *press frå samfunnet* si side.

Ja presset frå omgjevnadene var veldig sterkt i ungdommen...ja...til og med mamma...Eg har lyst du skal finna deg nokon, sa mamma...og då vart eg litt sint, for eg kan jo ikkje berre gå ut og finne meg nåken...og så seier broren i huset, det er ikkje så ofte han seier nåke (...) Då tykte han eg var vorte så gammal at då kunne eg fått meg noko, og så seier han: Dei kjem no ikkje dettande ned, seier han...Han tykte eg skulle vere aktiv og sånn som...gå ut og sjekka nåken...nei så mennsanten om eg gidd (Intervju nr. 6).

Ho seier her at det i ungdommen, til ein viss grad, var eit press om å finne seg ein partner. Klara brydde seg uansett ikkje om dette. Ho ville ikkje gjera ein aktiv innsats for å finna nokon. Klara saknar ikkje eit forhold, bortsett frå ”til å bera kofferten når eg er på tur...ahaha” (Intervju nr. 6). Ho meiner at folk som går frå partner til partner, dei vi kan kalte seriemonogame, gjer det på grunn av forventningspress frå samfunnet. Dei passar ikkje inn i systemet dersom dei ikkje er to. Ho seier at verda er tillaga slik at den skal gå vidare. Det er årsaka til at ein må vere to i lag, for å ta vare på neste generasjon, for at menneskja ikkje skal døy ut. Klara har altså eit ganske funksjonelt syn på kvifor ein eventuelt skal gå inn i parforholdet. Ho har likevel, for sin eigen del, valgt det vekk fleire

gonger. På bakgrunn av dette kan det vere interessant å stille spørsmålet om kven det er som definerer dei verdiane ein skal leve etter. Er det samfunnet eller individet? Ein kan seie at det pågår eit samspele eller ein dialektikk mellom samfunn og individ. Individet kan føle at dei er pressa av samfunnet eller kollektivet for å finne seg ein partner, men dei avgjer sjølv kor mykje dei let seg påvirke av dette presset. Individet kan forhalde seg både til singellivet og parforholdet som ideal, men det varierer på kva ideal tyngdepunktet er plassert i den enkelte si livsverdsforståing. Dersom tyngdepunktet er på parforholdet som ideal, har dette individet kan hende lettare for å gje etter for press, enn eit individ som har tyngdepunktet plassert på singellivet som ideal.

Klara nevner også ei anna årsak til at enkelte går så lett, eller så tidleg inn i forpliktande parforhold, nemlig *seksualtrong*. Ho meiner at kvinner har ei lågare seksualtrong enn menn, og at mange ser på det som ei plikt å ha sex med mannen sin. Er dette teikn på at ho meiner det er låg status å vere i eit forhold (med andre ord at singellivet er Klara sitt ideal), sidan du har plikter i forhold til partneren? Det vil seie at dersom ein har plikter, så er ein ein slags tjenar, altså låg status, men dersom ein berre har plikter i høve til seg sjølv så har ein høg status.

Olav vil ha ekte *kjærleik* dersom han skal gå inn i eit forpliktande parforhold av langvarig art.

Hvis du skal gifte deg, så måtte det vært ekte kjærlighet (...) jeg måtte vært sikker på at den personen ville jeg leve resten av mitt liv med, og at jeg ville klare å leve resten av mitt liv med den personen (...) Ikke nødvendigvis for seg selv hele tiden, men for eventuelt unger (...) Da må det være god kommunikasjon og...man blir tent både intellektuelt og seksuelt og (Intervju nr. 9).

Olav seier på eit seinare punkt i intervjuet at einkvar er seg sjølv nærmast og at det alltid er viktig å ta hensyn til eigne interesser og ynskjer: "Det er så viktig dette her å være seg selv nærmest, og så føler jeg det at man får lov til å være seg selv nærmest...det...kan hoppe tilbake til det spørsmålet om hva jeg hadde sett etter, så hadde det vært å få være seg selv nærmest litt liksom" (Intervju nr. 9). Han refererer altså til spørsmålet mitt om kva eigenskapar han ser etter i ein potensiell partner, og han ser etter i ein partner er at han skal få vere seg sjølv nærmast. Dette kan verke litt rart, og kan få oss til å tenkje at det ikkje er så merkeleg at Olav er singel. På den andre sida kan det hende at han også her

snakkar om å finne ein balansegang eller ein gylden middelveg. Han vil ha eit forhold der det også, til tider, er plass til å vere berre seg sjølv. Uansett må ein sikkert til ein viss grad endre eller modifisere sine eigne vanar dersom ein skal gå inn i eit forhold til ein annan person.

Tror det er veldig vanskelig altså...Jeg tror jeg ville prøvd å være litt aktiv, og da tror jeg jeg ville vært aktiv ikke bare overfor den personen, men litt med meg selv også tror jeg (...) Nei sant når man er singel så kan man gjøre akkurat som man vil (...) så jeg tror jeg ville prøvd å tilpasse meg litt altså, men sant det er viktig å vite at man er seg selv nærmest (...) Jeg tror de der småtingene er veldig viktige, komplimenter og ta initiativ til ting og jobbe med kommunikasjon tror jeg er veldig viktig også (Intervju nr. 9).

Han snakker her om kva han vil gjera med si eiga åtferd dersom han skulle gå inn i eit forhold. Det handlar om kor mykje han skal tilpasse seg sjølv til partneren, og kor godt dei kommuniserer. Det er to ting som går igjen gjennom heile intervjuet med Olav, og det er at "kommunikasjon er viktig" og at "en er seg selv nærmest". Ein kan her sjå at det er ein viss dynamikk i det å gå ut og inn av ulike forhold. Individet endrar seg til ein viss grad, for å tilpasse seg partneren. Det foregår forhandlingar mellom partane om kor mykje ein skal vektleggje det eigne livet i høve til parforholdet.

Per uttrykker liknande haldningar som Olav når det gjeld kor grensa går for om eit forhold er forpliktande eller uforpliktande. Han seier at partane må gå godt overeins, men at ein også må føle ein eller annan gnist. Ellers kunne ein jo hatt sex med kven som helst av dei gode venene. Det fine med det er altså å ha den spesielle kjensla. Kva som utgjer denne "spesielle kjensla" er litt usikkert. Det kan vere både seksuell tiltrekning og kjærleik, eller litt av begge deler.

Olav tykkjer uforpliktande sex kan vere bra, sjølv om "hvis man har sex med noen man er glad i, så tror jeg det er mye bedre enn å ha uforpliktende sex." Han seier at uforpliktande sex kan verke øydeleggjande på til dømes venskapet ein har til den aktuelle personen. Han seier også at det kan vere vanskeleg å finne ein balansegang mellom det "uhyre private" og det som ikkje er så privat, spesielt viss ein ikkje kjenner kvarandre så godt. Det kan bli ekstra vanskeleg dersom kommunikasjonen er dårlig. Med dette meiner han sannsynlegvis at det kan bli vanskeleg viss ikkje begge to har den same oppfatninga

av kva forholdet dreier seg om. Det er viktig at begge to er innforstått med kva det er som skjer, kommunikasjonen må altså vere bra.

Per har nokre såkalla "knulle-kompisar", altså perifere venninner (det vil seie at dei ikkje er i den nærmaste venekretsen) som han også har sex med. Dette er berre ein leik, seier han, kor begge partar er klar over at ein berre har det gøy, at det er det som er premissane for forholdet. Han legg altså vekt på, slik Olav også gjer, at det må vere god kommunikasjon mellom partane. Sjølv om idealet er at kommunikasjonen skal vere god og at begge partar skal vere innforstått og samde om premissane for forholdet, kan det hende at det i praksis ikkje er slik. Det kan hende at ideal og praksis stemmer overeins, men det kan også hende at han ikkje er klar over kva venninnene tenkjer om saka. Kanskje dei eigentleg kan tenkje seg at det er andre premissar som ligg til grunn for forholdet. Vi kan i såfall snakke om ulike intensjonar og interesser.

Eg spør Per om han har opplevd at det har blitt noko seriøst ut av sjekking på byen, og han svarer "Nei...neineinei." Han seier vidare at "Noen ganger er det sånn "one night-stand" og noen ganger er det sånn at det varer i noen dager, og noen ganger så kan det vare i noen uker liksom" (Intervju nr. 4). Eg spør kva han meiner med dette, og kva dei gjer på når det varer i nokre dagar eller nokre veker. Han svarer: "Det varierer veldig...hohoho...det kan være litt alt då...da er det vel stort sett....Det har hendt noen ganger at vi kanskje har tatt noen tradisjonelle Fløyenturer eller kinoturer, og sånt som eg syns er helt tüpelig...hohoho" (Interjvu nr. 4). Det er her snakk om typiske forpliktande parforholds-aktivitetar. Årsaka til at dei har gjort slike ting, kan vere at dei har vore i ein fase kor det har vore usikkert om forholdet skulle bli forpliktande. I staden har det teke slutt. Kva er det då som avgjer når eit slikt forhold er slutt? Per seier at ein merkar det ganske fort om eit forhold tar slutt, og som oftast renn det berre ut i sanden. Det er ikkje alltid det vert definert at ein er kjæraster heller. Det viser at det kan ta ei viss tid før eit forhold vert definert som eit forpliktande forhold. Per har heller ikkje noko mål om å gå inn i parforholdet. Det viktigaste er at han har det gøy, og har det fint med seg sjølv, altså eit døme på at han lever etter ideal som er sentrale i singeldiskursen. Når dette er sagt, kan det også nevnast at Per ei stund etter at intervjuet vart tatt, har fått sambuar.

I dette kapittelet har vi sett at informantane til ein viss grad har ulike intensjonar med å gå inn i eit parforhold. Vi kan òg seie at partane i forholda forheld seg til ulike verdiar og ideal når det gjeld kva eit parforhold skal vere. Dette fører ofte til at forholda ikkje blir jevnbyrdige.

### **5.3.2 Jevnbyrdighet? – om ulik investering i parforholdet**

Av og til er det slik at idealet til single personar som har valgt å leve som singel bokstavleg tala kræsjar med idealet til single personar, som har eit ynskje om å gå inn i eit forpliktande parforhold. Det kan òg sjåast som at individ har ulike forståingar av kva eit forhold skal vere. At eit forhold ikkje er jevnbyrdig kan ha sin bakgrunn både i at dei viktigaste kriteria for å kalle eit forhold forpliktande (felles enighet og investering av tid og ansvar) ikkje er oppfylt, og at partane har ulike intensjonar med forholdet. Eg skal no gje ei framstilling av forholda til informantane Janne og Gro.

Janne har hatt nokon forhold kor det har vore usemje om det var snakk om forpliktande eller uforpliktande forhold. Ho sjølv ville ha forpliktande forhold, medan partnerane hennar oppfatta forholda som delvis uforpliktande. Det gjekk føre seg forhandlingar mellom Janne og partnerane hennar om korleis forholda skulle vere. Dette gjeld kva grad av forplikting forholda skulle ha. Ein kan også seie at det pågjekk ein konflikt mellom motstridande interesser.

Dei forholda ho beskriv gjekk føre seg fram til ho var 26 år. Problemet med dei var grunna i forplikting i høve til seksualpartnerar utanfor forholdet, eller *utroskap*. Det er snakk om to langvarige forhold over 6 år til saman, kor begge partnerane hennar var utro. Janne prøvde også å vere utro, delvis for å hevne seg og delvis for å finne ut om dette var ein ny type forhold ho kunne tilpassa seg og like. Ho fann ut at det ikkje var det.

No er Janne 32 år, og det siste forholdet ho hadde (det var på intervjudispunktet nyleg avslutta) var også problematisk. Her er forpliktingsproblemet knytta til eit anna kriterium, nemlig *tidsforbruk* i høve til tid saman med partneren. Partneren det gjeld traff ho første gongen på dansegolvet og vart betre kjent med han etter det. Forholdet fungerte slik at dei

traff kvarandre ein gong i veka, ofte i helga. Dei laga middag i lag og ho sov over til neste dag, og så gjekk det ei veke til neste gong. Ein kan også seie at forholdet var mykje på hans premissar. Dersom Janne ikkje kunne møte han den eine dagen i veka, gjekk det to veker til neste gong dei såg kvarandre. Janne på si side kunne gjerne tenkje seg å treffen han oftere. Sidan det ikkje let seg gjera, gjorde ho slutt på forholdet. Vi har sett i tidlegare kapittel at den rådande oppfatninga, både når det gjeld definisjon og ideal i høve til korleis eit forhold skal vere, går ut på at det skal vere forpliktande. Ein kan altså seie at dersom ein vil ha eit uforpliktande forhold, så har ein ein marginal moral. Det som er eit paradoks her, er at individet med den marginale moralen, er den dominerande parten i det uforpliktande forholdet. Noko som er interessant, er at Janne sjølv omtaler dette som eit forpliktande forhold eller kjærastforhold, noko som ikkje stemmer overeins med dei kriteria eg tidlegare har kome fram til. Eg trekkjer ikkje inn dette for å vise at eg har rett og at Janne har feil, når det gjeld korleis eit forhold skal definerast. Eg gjer det for å vise eit døme på at det eksisterer ein stor grad av uvisse, forvirring, og dermed ambivalens når det gjeld korleis eit forhold skal vere eller definerast.

Dersom ein person har hatt forhold til fleire personar, kan desse vere av ulik karakter for det enkelte individet. I eit forhold kan ein vere den dominerande parten, medan ein i eit anna forhold er den som slit med å vere den ”underlegne”. Janne deler dei forholda ho har hatt inn i to kategoriar:

Jeg har hatt forhold i to kategorier...enten så har jeg vært den som har blitt elsket for mye, eller så har jeg vært den som selv elsker for mye, så jeg har aldri hatt noe sånt jevnbyrdig liksom...Jeg har vel hatt 50-50 med sånne tøfler som bare forguder meg, og den andre halvdelen som mure ignorerer meg, hvor jeg er den som gjerne vil ha oppmerksamhet og ikke får det (Intervju nr. 7).

Eg spør ho om ho har hatt kjærleikssorg, og ho svarer at det har ho hatt fleire gonger. Ho seier at særleg dei forholda der ho har vore den som har elskat meir enn ho har blitt elskat har vore veldig vonde. Ho har, som vi tidlegare har vore inne på, vore i forhold kor det har vore uvisse i høve til definering av forholdet. Forholda har kanskje vore definert som forpliktande, men ofte fungert som om dei var uforpliktande. Dette har skapt kjenslemessige problem for Janne, og ho valgte å trekke seg ut av forholda, på grunn av at dei ikkje fungerte slik ho ønska. I motsetning kan det hende dei fungerte

tilfredsstilende for partnerane hennar. Vi har her konkrete døme på at Janne vel singellivet til fordel for parforholdet, sjølv om det har vore veldig vondt å gjera slutt på forholda. Det har kanskje også vore veldig vondt å vere i forhold som ikkje fungerte slik ho ynskja.

Vi skal no gå nærmare inn på Gro sine forhold. I den samanhengen vil eg gje ei oppsummering av kva forhold ho har hatt. Det første ho hadde var då ho var 15 år, til ein gift mann. Då ho var 19 traff ho ein ny mann som ho hadde eit forhold til, men det tok slutt. Det er den same mannen ho har innleia eit nytt forhold til no når ho er 25. I dei fem åra som har gått i mellomtida har ho vore saman med ein annan mann som betydde og betyr veldig mykje for ho. Gro har hatt andre forhold også, men dei eg har nevnt er dei som er dei viktigaste forholda for ho. Eg spør kva typar forhold ho har hatt etter det første forholdet, og ho svarer:

Då eg var nitten trur eg, då var eg jo rimelig betatt av den der guten, og då var det eg som tok kontakt. Eg ville vel eigentleg noko meir, men det var ikkje han interessert i (...) Eg har vel aldri vore i et forhold der eg visste at han var interessert i meg, og eg ikkje var interessert i han, den har eg alltid heldt meg langt unna (...) men sjølvsagt, eg har vore småbetatt, men så har ikkje dei vore interessert i noko meir, eller så har det berre vore...Vi har byrja der med eit seriøst forhold, men så fungerer det berre ikkje (Intervju nr. 8).

Ho seier at ho var i eit forhold til ein person der ho ville ”noko meir” medan han var nøgd slik han hadde det. Det tolkar eg som at han ville ha eit uforpliktande forhold, medan ho sjølv kunne tenkja seg eit forpliktande forhold. Samstundes seier ho at ho aldri ville gått inn i eit forhold der situasjonen var motsatt. Dette kan tyde på at ho ser på det som umoralsk å gå inn i eit forhold til nokon som ynskjer seg eit forpliktande forhold, dersom ho ikkje kan tenkja seg det sjølv. Ho kan derimot til ein viss grad tenkje seg å ha eit uforpliktande forhold, dersom partneren har den same intensjonen med forholdet.

Eg vil heller ha ein sexpartner enn fleire kan ein seie...det er difor det ofte har gått over fleire år, det kan gå eit halvt år uten at vi snakkast, og så finn vi ut at no er det på tide å ha sex igjen, så det blir sånn (...) Eg trur vi heldt på i 3 år totalt, men eg hadde jo ein kjærast inni der då, det var liksom før og etterpå, og han og hadde kanskje forhold, men vi hadde [det] sånn at ok, hadde vi lyst på sex, så tok vi ein telefon og høyrt om den andre var ledig (...) Det var like gjensidig begge veier, det var kun sex...Det var eit anna forhold...då var ikkje han klar for eit forhold, og eg gadd ikkje berre sånn, det var ingenting fast, ok vi gjekk på kino, vi gjekk ut, vi gjorde sånn og sånn, men akkurat då passte det meg ikkje å ha [det] så ustabilt, for du visste aldri noko, eg følte som eg kunne ikkje...Viss eg plutselig hadde behov for noko, så var det ingen sjølvfølge at han stilte opp...då kutta eg ut ganske fort (Intervju nr. 8).

Ho seier først at ho heller vil ha *ein* sexpartner enn fleire, noko eg tolkar som at ho helst vil ha eit forpliktande forhold. I det eine forholdet er det altså snakk om eit uforpliktande seksuelt forhold. I følgje Gro var det uforpliktande frå begge sider. I det andre forholdet var det slik at han ikkje var klar for eit forpliktande forhold, medan ho godt kunne tenkje seg dette. Ho seier at ”akkurat då passa det meg ikkje å ha det så ustabilt.” Eg tolkar det som at Gro i visse periodar føler seg komfortabel med uforpliktande forhold, medan i andre periodar har ho behov for tryggleik og stabilitet. Det kan sjølv sagt også ha med forelsking versus ikkje forelsking å gjere. Med det meiner eg at det kan hende Gro var forelska i han siste, men ikkje i han første. I intervjudispunktet har ho innleia eit nytt forhold til den same personen, fem år etter at ho gjorde slutt på det forrige forholdet. Grunnen til at ho gjorde det slutt forrige gong var at han heile tida prioriterte kameratane sine framfor ho. Det same gjentek seg denne gongen også, og no vurderer ho om ho skal kutte han ut ein gong til. Gro har fleire gongar uttalt at vener er veldig viktig for ho, på ein måte er venene ein ”del” av ho. Når partneren ikkje er viljug til å treffe venene hennar, kan ein sjå det som eit døme på at han ikkje er interessert i å treffe ”heile personen Gro”. Dette kan sjåast som eit viktig kriterium for at ein ikkje kan definere forholdet som forpliktande. Ho vil altså kutte ut forholdet på grunn av at ho ”ikkje gidde det”.

Eit argument for å fortsetje forholdet er at det berre er i byrjingsfasen, og at det kanskje har ei framtid. Dette viser at varighet kan vere eit kriterium for å definere eit forhold som forpliktande. Eit forhold er uforpliktande ein periode i byrjinga, før det etterkvart vert definert som forpliktande. Varigheten kan ikkje stå åleine som definisjonskriterium. Kjenslemessig forbindelse, ansvarskjensle overfor partneren, kva aktivitetar ein driv med, og ikkje minst den felles semja om at forholdet er forpliktande, er viktige kriterier for at forholdet kan definerast som forpliktande. Gro og partneren har sex og snakker ein del utenom, men dei driv ikkje med det vi kan kalle typiske forpliktande parforholdsaktivitetar. Partneren hennar har ikkje den same ansvarskjensla overfor Gro, som ho har overfor han. Dei er heller ikkje generelt samde om korleis forholdet skal vere. På grunn

av at partane ikkje er samde om graden av forplikting i forholdet, kan ikkje forholdet seiast å vere jevnbyrdig.

Ho seier at det passer ho veldig bra å ha eit sånt heilt ukomplisert forhold. Ut frå det ho har sagt i dei foregåande avsnitta ser det ikkje ut til at dette forholdet har vore ukomplisert, etter den betydninga som vanlegvis ligg i dette ordet. På den andre sida kan det hende ho meiner noko anna med ordet enn det som er vanleg. Kanskje ho meiner at forholdet formelt sett er ukomplisert, ikkje at ho og kjenslene hennar har vore ukompliserte. Ho seier at ho slepp mange problem, og med det meiner ho sannsynlegvis kjenslemessige problem. Dette kan likevel tolkast som at ho ideelt sett slepp mange problem, men at ho i praksis får mange problem når ho er i eit slikt forhold.

Gro har altså uforpliktande sex med ein fast partner og gjer uttrykk for at ho trivst bra med dette og singeltilværet generelt. Ein kan seie at det seksuelle forholdet i teorien er uforpliktande, men at det i praksis ikkje er det, då det ikkje fungerer slik. I delkapittel 5.6.1 skal eg komme inn på Gro og hennar utsegn i høve til om ho ynskjer seg ein kjærast, eller om ho ynskjer å bli gift eller ikkje. Eg kjem fram til at ho uttrykkjer motstridande signal i denne samanhengen. I delkapittel 3.2.2 kom eg fram til at ho er misnøgd med statusen som delvis singel, då ho eigentleg kunne tenkje seg eit forpliktande parforhold til den personen ho har eit uforpliktande forhold til. Eg spør kva forhold ho kan tenkje seg å ha til partneren sin, og ho ender opp med ei skildring av ein type forhold ein kan kalle forpliktande. Ho seier likevel at "eg har ikkje behov for noko sånn fast, altså å sende ei melding til kvarandre eller snakke i telefonen, det er heller ikkje noko problem, for det er berre for å finne ut, det er kanskje litt lite, eg veit ikkje, 2-3 gonger i veka kanskje...ja eg syns det held eg...det gjer det" (Intervju nr. 8). Det er denne ambivalansen i utsagna hennar, som gjer at det er vanskelig å gripe kva det eigentleg er ho meiner om saka. Kanskje ho faktisk tykkjer det er tilfredsstillande med eit uforpliktande forhold, som er basert på sex. På den andre sida kan det vere vanskeleg å forstå kvifor ho har behov for å utvikle venskapsdelen av forholdet, dersom det er sex som skal vere det berande elementet i eit uforpliktande forhold. Kanskje det er slik at ho innerst inne håper at ho skal bli gift med sex-partneren sin, og dermed vil bli betre kjent

med han, for å sjå om dei har noko å byggje eit framtidig godt parforhold på. Det kan også hende at ho ikkje vil seie til meg korleis ho eigentleg vil ha det, på grunn av at det kan bli sett på som ein veikskap å ikkje ha kontroll over situasjonen. Dette er på grunn av at ho ellers gjer eit inntrykk av at ho eigentleg ynskjer seg eit forpliktande kjærleiksforhold til partneren sin. Ut frå det Gro fortel, får eg inntrykk av at partneren på si side ikkje har nokon intensjon om å gje opp singellivet sitt.

Gro fortel om ein mann ho hadde eit forhold til i eit par månader. Dette var i den femårsperioden ho hadde eit opphold frå forholdet til han ho har eit forhold til no. I motsetnad til det neverande forholdet var det her snakk om eit forpliktande forhold, men det tok også slutt. Ho seier at ho ikkje veit kvifor det vart slutt, men at ho trur det var på grunn av at eks-dama hans begynte å ta kontakt med han igjen. Slik eg forstår det var forholdet i utgangspunktet det vi kan kalle eit forpliktande forhold, men etter at det var slutt gjekk dei vidare med det vi kan kalle eit uforpliktande forhold. Dette viser nok ein gong at skiljelinjene kan vere uklare. I denne samanhengen kan det vere interessant å komme inn på skiljet mellom kropp og sjel, eller sex og kjærleik.

Berre sex er noko heilt anna enn å ha sex med nokon du er glad i, men sjølvsagt, du kan jo og ha kjærleik uten sex då (...) Altså, er du glad i nokon, det er noko heilt anna, det kan ikkje samanliknast, er det berre sex, så er det jo berre fysisk, det er berre det (Intervju nr. 8).

Ho gjev her uttrykk for at det kan vere eit skilje mellom sex og kjærleik, men ein kan likevel spore ein viss usikkerhet eller ambivalens. Eg spør kva ho meiner er lov å gjera seksuelt når ein er singel, og ho svarer: "Gjer kva du vil, så lenge begge er med på det...eller alle heldt eg på å sei...det bryr meg ikkje...Folk må gjera akkurat kva dei vil, så lenge det ikkje er overgrep på nokon måte" (Intervju nr. 8). På grunn av at ho kom inn på dette med overgrep, stilte eg neste spørsmål slik: "Er det overgrep viss du har sex med nokon som er forelska i deg, viss du ikkje er det sjølv?" Ho svarer:

Det er ikkje overgrep, men den er litt dryg...altså, du bør sjølvsagt ikkje gjera det, men spør ein gut om det...Sjå på andelen av gutter som gjer det (...) Eg trur generelt jenter tenker litt lenger...dei er litt reddare for å såre [nokon] trur eg (...) Du utnytter folk det gjer du, men om det er overgrep, det er kanskje litt drygt...så lenge det er frivillig frå begge partar (Intervju nr. 8).

Ho seier altså at det ikkje er overgrep, men at det likevel ikkje er lov. Ho grunngjev dette med at ein utnyttar nokon dersom ein gjer dette. Ho meiner også at det er meir vanlig at gutar gjer det enn at jenter gjer det. Det er ikkje overgrep så lenge det er frivillig frå begge partar. Det kan vere frivillig frå begge partar, men årsaka til at det er frivillig kan vere ulik. Partane har ofte ulike interesser i forholdet. Er ein forelska i nokon kan det vere vanskeleg å frivillig seie nei til sex.

Enkelte individ opplever og organiserer livet sitt ut frå ei forståing av at eit forhold alltid er forpliktande. Det vil seie at uforpliktande forhold ikkje er eit alternativ i deira verd. Det er òg individ som ser på uforpliktande forhold som ein reell mulighet, noko som gjev seg utslag i at det er vanskeleg å bli samde om graden av forplikting i eit forhold. Dette kan igjen føre til ubalanserte forhold. Det vil seie at den eine parten ynskjer ei større grad av forplikting i forholdet enn den andre parten. Sjølv om idealet i singeldiskursen er open framferd, forhandlingsmøglegheit og valfridom, er det å vere singel ofte forbunde med kaos. Dette er på grunn av at det kan vere vanskeleg å finne ein balansegang mellom kor mykje ein skal vektleggje eigne interesser i høve til partneren sine interesser. Dette kan også ha å gjere med skiljet mellom sex og kjærleik. Ein kan seie at det ikkje er eit klart skilje her, men at dei begge er aspekt ved eit parforhold. Ein kan vektleggje det eine framfor det andre, uten å totalt utelukke det andre. Ein kan difor ikkje seie at nokon forhold er utelukkande seksuelle, medan andre berre dreiar seg om kjærleik. Det er rimeleg å anta at det alltid vil vere ein viss grad av blanding mellom dei to. Nokon finn glede i å ha sex med fleire ulike partnerar, medan andre helst vil ha berre ein partner. Dette kan også gjelde i forhold der sex er det tyngst vektlagde aspektet ved forholdet. På den eine sida vil informantane ha eit forpliktande forhold, men på den andre sida vil dei ha eit uforpliktande forhold, og eigentleg vil dei kanskje ha litt av begge deler. Det synest som om det er ein stor ambivalens til stades. Ei slik uvisse kan vere slitsom og fører ofte til frustrasjon blant dei involverte partar. Vi har no vore inn på opplevinga av det å ha langvarige uforpliktnade forhold. I neste del-kapittel skal vi komme inn på ein annan form for uforpliktande forhold, nemleg "one night-stands".

## 5.4 ”One night-stands”

Ein kan seie at ”one night-stands” er den forma for seksuell aktivitet innanfor singeldiskursen, som er fjernast frå familie- eller pardiskursen. ”One night-stands” gjev til ein viss grad informantane andre opplevingar enn det dei får i langvarige uforpliktande forhold.

Sidan ”one- night stands” er noko som berre skjer ein gong med same person, er det eit interessant spørsmål kva ein eigentleg får ut av det. Janne seier at ho får mykje ut av det å ha ”one night-stands”. Ho får sex, sensualitet og hudkontakt. Det som ikkje er bra er viss ein kjem i ein situasjon kor ein får større behov enn det eine ”one night-standet”. Det vil seie at ein har lyst å treffe partneren igjen på eit seinare tidspunkt, og ein kanskje har eit ynskje om at det kan utvikle seg til ein annan type forhold. Janne har opplevd dette, og ho tykte ikkje det var kjekt. Dette viser at ”one night-stands” kan vere bra så lenge ein ikkje får eit ynskje om at det kan bli noko meir ut av det.

Jeg tror det er mange forskjellige grunner til at man går inn i forhold...Også meg iberegnet har vel hatt en skremmende praktisk holdning til forelskelse, ihvertfall de to forholdene som jeg hadde fra jeg var 21 til jeg var 26 (...) Jeg har nok også vært ganske kontrollert...Når du ikke har vært skikkelig forelsket siden du var 16, så har du ganske kontroll over følelsene dine...Merker at nå er det mye mer interessant, mye mer spennende, kunne godt tenke meg å forelske meg, er åpen for det å gi fra meg den kontrollen, samtidig som i det forholdet jeg nå fortalte om, så gjorde jeg jo ikke det...Det skal vel litt trygghet til før jeg...jeg må nok ha litt kontroll...det skal være litt trygt før jeg tør å slippe den kontrollen (Intervju nr. 7).

Dette sitatet viser at forelsking ikkje berre er snakk om hemningslause kjensler ein ikkje har kontroll over. Ein kan av ulike årsaker velgje å kontrollere desse kjenslene. I og med at ein i vår kultur kan velgje å ha eit uforpliktande forhold (til ein viss grad i alle fall) like vel som eit forpliktande forhold, vert det stor uvisse om kva type forhold ein er på veg inn i. Dette er på grunn av at pardiskursen vert utfordra av singeldiskursen. Det er ikkje lengre sjølvsagt at dersom ein har hatt sex med nokon eller klint med nokon, at ein då automatisk har eit forpliktande forhold. Sjølv om ein har eit ynskje om eit forpliktande parforhold kan ein bli ”offer” for grenselandet mellom enslighet og parforhold. Ein må derfor kontrollere kjenslene sine til ein veit sikkert. Dette er for å ikkje bli såra.

Jeg synes det er veldig spennende å være singel (...) En av de positive tingene ved å være singel, det er at det er spennende når det gjelder flört, hvem er det...du vet at det er du som kan bestemme. Skal jeg ha med meg noen hjem i dag, skal jeg gå hjem sammen med noen i dag, altså du kan jo ikke bestemme det alene, men du vet at viss du får sjangsen, så er det du som er med på å bestemme det...Jeg synes det er veldig spennende...ja...så alt kan skje (Intervju nr. 7).

Ein kan altså konkludere med at det å ha ”one night-stands” eller eingangsforetak kan vere ei kjelde til både nyting, glede, uvisse og frustrasjon. Teksten min har til no krinsa rundt ulike forhold til seksualpartnerar. Kva då med venskapsforhold?

## **5.5 Vennskapsforhold – prioritering**

Ein høyrer ofte om at vener er vår tids familie, at venskap er blitt viktigare enn kjærleiksforhold og seksuelle relasjonar. Det er likevel ikkje sikkert at single individ opplever at det faktisk er slik (Storli 2002). Gro sa i kapittel 5.3.2 at ho var lei av at partneren hennar prioriterte kameratane sine framfor ho heile tida. Vi skal no sjå at problemet ofte kan vere motsatt. Er venskap verkeleg viktigare enn kjærleiks- og seksuelle forhold? Vi har no sett at seksuelle forhold, om ikkje anna, er svært viktige og engasjerande for informantane mine. Dersom ein er singel, og ikkje vant til å vere i eit forpliktande forhold av langvarig art til ein annan person, kan det vere vanskeleg å balansere prioritering av tid mellom vener og partnerar. I singeldiskursen eksisterer det eit ideal om at vener er veldig viktig og sentralt. Ein kan seie at det er det som vert rekna for å vere politisk korrekt. Eg vil vise at dette idealet ofte kjem i konflikt med idealet om at parforholdet og forhold til seksualpartnerar generelt skal prioriterast.

### **5.5.1 Ute på byen – fordeling av tid mellom venner og potensielle sex-partnerar**

Ein mann, Ole, fortalte om kameraten sin, Petter (er også nevnt i kapittel 5.0), som er ein singel kjekkas på 25 år. Det vil blant anna seie at han ikkje har nokon problem med å sjekke opp damer viss han vil. Dette har i det siste blitt eit problem for Ole, som meiner han får for lite oppmerksomhet når dei to er ute på byen i lag. Det foregår slik at dei har vorspiel i lag, drikk øl og har det triveleg. Problemets oppstår når dei går ut. Då forsvinn

Petter i mengden, og viss ein prøver å ringe han, svarer han berre: "Eg er litt opptatt no...vi snakkast i morgen...". Viss dei fortsatt er saman, sviv Petter rundt i lokalet på jakt etter ei dame for kvelden, eller natta. Å finne ei dame er altså det einaste som betyr noko for Petter når dei er ute på byen. I denne samanhengen kan ein spørre om dette er moralsk riktig i høve til Ole. Har Petter ei plikt til å vere med Ole, og ikkje jakte på damer? I følge ein eksistensialistisk etikk, der det frie valet står i sentrum, burde han kanskje gjera det som han sjølv har mest lyst til, å sjekke damer. På den andre sida gjer han også, ved å velje for seg sjølv, eit valg i høve til Ole, noko som igjen kan få konsekvensar for han sjølv. I og med at Petter har mest lyst til å sjekke damer, kan ein seie at venskapsforholdet til Ole kjem i andre rekke. Det er altså mindre viktig enn dei kortvarige seksuelle forholda han kan få ved å sjekke damer på byen. Altså, det er ikkje berre kjærleiksforhold som vert prioritert framfor venskapsforhold, det gjeld også forhold kor det seksuelle aspektet er det viktigaste. Foucault seier at seksualiteten er så viktig, for det er den som får fram sanninga i det moderne mennesket (Foucault 1987). Dette kan vere noko av årsaka til at seksuelle forhold ofte vert prioritert framfor venskapsforhold, sjølv om idealet er at vennskapet skal vere veldig viktig i det moderne samfunnet.

Jørgen seier at dersom han går på byen så er det berre for å "ha det gøy med venner og ikke for å ragge damer eller noen sånn her ting". Han er også opptatt av korleis kameratane hans oppfører seg når dei er ute på byen.

Du ser alltid noen som er ivrigere med flørtingen (...) men jeg ser ikke det som noen grunn for at jeg ikke skal gå ut med de på byen hvis de er ute etter å ragge damer...da skal de fint få lov til det...men der og er det jo litt en balanse (...) det er liksom et usagt bånd at du skal snakke litt i løpet av kvelden og være litt sammen, eventuelt danse litt og ha det moro...det er jo litt av poenget liksom...hele gjengen skal være med...de som går ut sammen...ikke sånn gå ut på et sted og så spredd for alle vinder og ingen vet hva som skjer og hvem som havner i hvaslags krok...for å si det sånn...jeg pleier som oftest å ta det opp i ettertid hvis det skulle skje...spør personen hva som skjedde...hvis det er en som bare forsvinner...det kommer litt an på...hvem det er og situasjonsbestemt og sånn...men hvis det virker unaturlig da, for å si det sånn (Intervju nr. 3).

Grunnen til at han ikkje tykkjer det er ein bra ting å sjekke damer på byen er at ein då "sviktar" kameratane. Som eg kom inn på i kapittel 4, så er tilhøvet mellom *plikt* og *lyst* viktig i den etiske teorien. Dersom kameratane til Jørgen har lyst til å sjekke ei dame på byen, må dei samstundes tenkje på at dei har ei "plikt" til å vere saman med kameratane sine. Dei må vurdere kva som er viktigast; enten det dei har lyst til, eller det dei har ei

plikt til. Ein kan ut frå dette seie at Jørgen har ein pliktetisk tenkjemåte. Hovudfokus ligg her på om handlingar vert utført i overeinsstemming med, og eventuelt også ut av, erkjenninga av plikt.

Jørgen seier at han ”synes det er litt dumt med folk som lar seg styre av alkoholen, og blir totalt en annen person...[De har] plutselig skiftet helt moralsk grunnlag fordi at de har fått alkohol i blodet (...) [De] snakker som en venn, og så går de ut på byen og prøver seg, stikk i strid med det de har sagt...Det synes jeg er litt forkastelig” (Intervju nr. 3). Her tenkte eg eigentleg at eg skulle få eit svar som handla om seksuell åtferd. Vi hadde snakka lenge om venskap og sjekking på byen, og Jørgen virka svært engasjert i dette, og det er sannsynlegvis det som gjer at eg fekk det svaret eg fekk. Han seier altså at folk skifter moralsk grunnlag når dei får alkohol i blodet, men er det eigentleg slik at folk ”skifter moralsk grunnlag” når dei blir fulle? Det er rimeleg å anta at det folk gjer når dei er fulle, er det dei eigentleg har lyst å gjera når dei er edru, men når dei er edru føler dei ei plikt til å uttale seg i høve til det dei oppfatter som moralsk rett eller akseptert.

### **5.5.2 Fordeling av tid mellom venner og partner i forpliktande forhold.**

Det kan vere interessant å sjå på om sivilstatus har noko å seie for kva venner ein omgåast, og kor mykje ein omgåast dei ulike venene. Jørgen seier at det får vere venene sitt valg om dei vil prioritere han eller kjærasten, men han seier også at han ikkje alltid er samd i dei prioriteringane som blir gjort. Han meiner uansett at det er deira valg, og at ingen ekstern person eigentleg har grunnlag til å uttale seg. Dette gjeld likevel berre inn til eit bestemt punkt. Det er akseptert å vere mykje med kjærasten i byrjinga av forholdet, men etterkvart må ein prioritere venene litt meir. ”Gode venner er noe du har hele livet...og går du bort fra dem en gang, så har du gått bort fra dem for alltid” (Intervju nr. 3). Han meiner det er naturleg å vere ekstra mykje saman med kjærasten den første tida, men ein må likevel ikkje la det gå utover venene i for stor grad.

Informantane skiljer mellom det som er normal framferd og det som er ynskjeleg framferd i eit venskapsforhold. Nina ser det som sjølvsagt, og normalt, at ein alltid skal

setja kjærasten først i høve til vennane. Likevel tykkjer ho at folk som gjer dette er "litt kjipe". Det som er "normalt" er ikkje nødvendigvis slik det er ynskjeleg at det skal vere, men det vert akseptert på grunn av at det er "normalt". Ein kan også sjå dette som eit skilje mellom *er* og *bør*, eller mellom *røyndom* og *ideal*.

### **5.5.3 Involvering av vener i parforholdet – balanse mellom det eigne og det andre livet**

Når det gjeld forholdet mellom partnerar og vener, legg Janne vekt på at ho til ein viss grad vil at partnerane hennar skal treffe vennene hennar, og at ho skal få treffe venene til partneren sin. Vi har tidlegare sett korleis dette kan vere eit av kriteria for å kalle eit forhold for forpliktande. Det må likevel ikkje vere fullstendig overlapping i sosiale nettverk. Både ho og partneren må i tillegg ha sitt eige liv og sitt eige nettverk.

Det var ikke noe problem med han som jeg var sammen med sist, for han var jo så opptatt hele tiden at jeg behøvde ikke å forsake noen ting, men der ble det jo trist at ikke han hadde lyst å være med og bli kjent med mine venner ikke sant, ihvertfall hilse på dem og sånt, da blir det det samme fra min side...De lange forholdene som jeg har vært i, der har jeg enten hatt, vi har hatt felles vennepar ikke sant, par er sammen med par, og ellers så har det vært veldig atskilte liv, at jeg har hatt mine venner, han har hatt sine...ja...Vi har ikke delt så veldig mye egentlig av det sosiale livet sammen, hatt veldig forskjellig smak når det gjelder mennesker (Intervju nr. 7).

Dette viser nok ein gang at det beste er ein balansegang eller ein gylden middelvei. Noko som er viktig er at ein i eit forhold, både kjærleiksforhold og venskapsforhold, ikkje må "miste seg sjølv". Olav seier at det i eit forhold er viktig å vere klar over at ein er seg sjølv nærmast, og at det derfor er viktig å bruke tid på venene sine. Likevel seier han at kjærasten sjølvsagt kjem først. Han meiner det er viktig med god kommunikasjon, og å finne ein balansegong eller ein gylden middelweg.

Sjølv om det eksisterer eit ideal i singeldiskursen om at venskapsforhold skal vere veldig viktige, er det ofte slik at det er kjærleiksforhold og seksuelle forhold som vert prioritert. Informantane mine gjev uttrykk for at dei aksepterer at det er slik, på grunn av at det er normalt og ikkje på grunn av at dei tykkjer det er ein god ting. Ein kan seie at idealet er å

finne ein balansegang mellom dei to prioriteringane, eller mellom singeldiskurs og pardiskurs. Dette syner seg ofte vanskeleg å få til i røynda.

## **5.6 Desperat eller avslappa, aktiv eller passiv – korrekt eller ukorrekt**

Single aktørar havnar ofte i skjæringspunktet mellom ulike, og til dels motstridande ideal, når det gjeld korleis deira faktiske forhold fungerer. Det eksisterer også uvisse og ambivalens kring haldningane til singellivet sin status, i høve til parforhold og enslighet sin status. Ein kan spørje kva det er som bør vere målet med livet vårt, om det er singellivet eller parforholdet. Weeks skriv om at vi må ta ansvar for å skape framtida vår, ikkje berre vente på at ting skal hende med oss. Han seier at det er skilnad mellom idealet om kva vi burde ynskje oss av eit bra liv, og kva vi faktisk ynskjer oss. Vi bør ikkje vere passive og vente på at skjebnen skal bestemme framtida vår, men ta del i dei foranderlege omstenda og skape vår eiga framtid, slik vi vil ha den (Weeks 1995: 67). Enkelte måtar å leve på vert sett på som meir bra enn andre måtar. Det varierer sjølvsagt kva det er som vert sett på som det ideelle liv, men poenget er at i dag er variasjonen mykje større enn før når det gjeld kva livsstilar og levemåtar som er akseptert. Ein kan òg seie at det eksisterer fleire ulike diskursar når det gjeld seksualitet og parforhold i dag, enn det det gjorde før. Det varierer frå kontekst til kontekst kva som er den dominerande eller marginale oppfatninga, noko som gjer at det oppstår uvisse om kva som har høgast status, om det er å vere singel, eller om det er å vere i eit forpliktande parforhold. Dei ulike oppfatningane kjem ofte i konflikt med kvarandre. Poenget her er ikkje å finne ut kva det er som har den høgaste eller lågaste statusen, men å sjå på korleis ulike individ forheld seg til at det eksisterer ulike diskursar om korleis nære relasjonar skal sjå ut.

Klara argumenterer for at det gjev høgare status å vere åleinemor enn å vere gammel jomfru. Ho seier det er på grunn av at dersom du har ein unge så har du vore saman med nokon, og det gjev status. Det kan ha med å gjera at det er familiendiskursen som er forståingssystemet til dei som tykkjer at det å vere åleinemor har høgare status enn det å vere gammel jomfru. At du viser at du har vore saman med ein mann, og dermed kan sjåast som seksuelt attraktiv, kan òg vere ein av årsakene, noko som er sentralt i

singeldiskursen. Eg spør vidare om dette er haldningar som ligg i samfunnet, eller om det er noko ho meiner personleg. "Eg føler det, og eg trur ikkje eg hadde følt det viss ikkje det var noko...Eg kan ikkje tenkje meg at det er noko eg har funne på...Eg tykkjer dei har høgare status" (Intervju nr. 6). Det kan altså vere vanskeleg å sette ord på kva som gjer at noko har høgare status enn noko anna. Ein berre føler det. Sjølv om ho føler at det ideelt sett har låg status å vere einsleg, så føler ho seg likevel privilegert, på grunn av at ho er sjølvstendig og greier det meste på eiga hand. Dette kan sjåast som eit døme på uovereinsstemming mellom ideal og praksis.

Jørgen definerer sivilstatusen sin på denne måten: "Sivilstatusen min er jo da at jeg er per i dag ikke involvert i et forhold med en person av det motsatte kjønn...og er liksom på utkikk etter noe jeg ikke har nå...På grunn av det føler jeg at jeg kan definere meg som singel" (Intervju nr. 3). Det ligg altså i definisjonen av å vere singel at ein er på utkikk etter nokon. Vil det seie at det ikkje går an å vere singel i seg sjølv, som ein eigen status? Svaret er at det er enkelte av informantane som gjev uttrykk for at dei ikkje har som ideal å finne ein partner, altså at dei føler at dei kan ha det fint som singel heile livet. Til og med desse seier at dei på eit eller anna tidspunkt håper å finne nokon, og det er sannsynlegvis noko slikt Jørgen meiner med utsagnet sitt.

Dersom singellivet er kortvarig i høve til parforholdet, og ein forheld seg passiv eller "laid-back" i høve til det å finne seg ein partner, har singellivet høg status. Ein skal synast at det er hipt og kult å vere singel, og gje uttrykk for at ein føler det slik. Viss det er singellivet som vert sett på som det ideelle, vert det kanskje ikkje akseptert å gje uttrykk for at ein ynskjer seg ein kjærast, i den forstand at ein kan komme til å framstå som desperat. Marianne Eilenberger har skrive mange bøker om sex og samliv. I boka *Single – om sex, fordommer, pengar og makt* seier ho: "Det er nesten forbudt å si at jeg kunne godt tenke meg å ha en kjæreste, fremfor å være alene. Det lukter av fiasko og åndelig innskrenkethet ikke å være fornøyd med sin enslighetsstatus" (Eilenberger 1998: 9). Enkelte av informantane ser ikkje på singellivet som eit fullverdig liv. Dette er på grunn av at dei ser det som eit mål i livet å få seg ein kjærast, eller eit forpliktande forhold av langvarig art. Dersom singellivet er langvarig i høve til parforholdet, og ein er aktiv eller desperat i høve til det å finne seg ein partner, vert ein kanskje sett på som stakkarslig. At

ein går aktivt inn for å gjera ting som kan resultere i at singelstatusen tar slutt og at parforholdet tar over, passar ofte ikkje inn i singeldiskursen. Singellivet har i denne samanhengen låg status. Det er konflikten i dette todelte symbol- eller meiningsmønsteret som danner grunnlaget for diskusjonen i dette del-kapittelet.

Det ser for enkelte ut til å eksistere ein konflikt mellom kva ein gjev uttrykk for, og kva ein eigentleg meiner, eller mellom ideal og røyndom. Eg skal òg vise at det ser ut til å eksistere ulike haldningar til kva som vert sett på som aksepterte eller uaksepterte måtar å finne seg ein partner. Alt dette har å gjera med kva som vert oppfatta som det politisk korrekte ideal, noko som kan variere frå person til person eller frå gruppe til gruppe. Det kan altså seiast å vere kontekstavhengig. Kva som vert oppfatta som politisk korrekt eller ukorrekt har med å gjera kva diskurs ein opplever og organiserer livet sitt ut frå.

### **5.6.1 Mellom to diskursar**

#### **5.6.1.1 Pardiskurs - Parforholdet som det politisk korrekte ideal**

I enkelte forståingssystem er det det forpliktande parforholdet som vert sett på som det politisk korrekte ideal. Dersom ein er singel og føler at det forpliktande parforholdet er det ein skal trakte etter, kan ein gje uttrykk for at singellivet har låg status, og seie eller på andre måtar gje uttrykk for at ein ynskjer seg ein kjærast, dersom ein ynskjer seg ein kjærast. Det vil seie at ein oppfattar livet i forpliktande parforhold som det politisk korrekte, og at uttrykte ideal og faktiske ynskjer stemmer overeins. Nina uttaler seg om statusen til singellivet, i høve til livet i parforhold:

Det er liksom verdifullt i seg sjølv, som eit mellomstadium, men det er på ein måte ikkje godtatt sånn generelt i samfunnet at du drar ut det stadiet, at det blir for langt (...) Då er du liksom ikkje kul, då er du litt stakkarsleg (...) men eg føler jo ikkje det sjølv i grunnen...men sjølvsagt, du tenkjer litt på det liksom...Kvífor finn ikkje eg nokon? Kvífor klaffar det ikkje for meg? (Intervju nr. 2).

Ho seier at ho ikkje føler seg stakkarsleg, men at det i samfunnet generelt vert sett på som "litt stakkarsleg" å gjera stadiet som singel for langt. Å sjå på singellivet som eit stadium på vegen mot parforholdet, kan betraktast som ein diskurs kor det er eit mål at individet

skal leve livet i forpliktande parforhold. Nina kan seiast å vere deltakar innanfor denne diskursen. Altså individet føler seg ikkje stakkarsleg, men samfunnet ser på individet som stakkarsleg. Dette kan sjåast som eit døme på enten at kulturelle normer avgjer korleis ein skal tenkje om folk, eller at ein trur at det eksisterer ein norm som seier at ein skal tenkje slik eller slik, men at det eigentleg ikkje gjer det, for det er i bunn og grunn individet sjølv som avgjer korleis ein skal tenkje eller reagere i gitte situasjonar. Altså, at det er snakk om ideal, og ikkje den faktiske røynda. Vi kan sjå at *varigheten* til singellivet er eit kriterium som er med og bestemmer kor høg status singellivet har. Dersom den er kort kan det bli sett på som ei fin tid, med dertil høg status, men dersom ein er singel lenge kan ein virke stakkarsleg og desperat. Dette gjeld sjølvsagt dersom ein helst ynskjer seg ein kjærast. Det fins òg individ som gjev uttrykk for at ein ikkje ser det som eit mål å finne seg ein partner. Dei kan dermed ikkje seiast å sjå på singellivet som eit stadium, men som ein eigen status. Dette kan skiljast ut som ein diskurs kor det er singellivet som er idealet.

Nina legg ikkje skjul på at ho ikkje trivst noko særleg med singellivet. Ho seier på ein ganske ukomplisert måte at ho kan tenkje seg ein kjærast, og at ho for hennar del tykkjer det å vere singel vert sett på som mindre bra enn å vere i par. Ho føler det "i forhold til samfunnet generelt og i forhold til gjerne dei (...) men eg trur og det er mange som lengtar etter å ha ein spesiell liksom, og nettopp det at dei fleste faktisk tenker sånn, det gjer at dei ser på singeltilværet som litt lågarestående med hensyn til kva dei trur er best liksom" (Intervju nr. 2). Dette kan tolkast som at ho oppfattar det som at det er parforholdet som er det gjeldande idealet og ikkje singellivet, noko som kan vere årsaka til at ho ikkje har vanskar med å innrømme at ho ynskjer seg ein kjærast. I neste avsnitt skal vi over til ei haldning som kjem i konflikt med Nina si haldning.

#### **5.6.1.2 Singeldiskurs - Singellivet som det politisk korrektes ideal**

No for tida kan det i mange samanhengar sjå ut som det er politisk korrekt å meine at det er "kult" eller positivt å vere singel. Dette kjem til uttrykk gjennom t.d. haugevis av avisartiklar, damebladartiklar og tv-seriar om emnet. Ein reportasje i Det Nye artikulerer

klart denne oppfatninga: ”Singeltilværelsen appellerer til oss, og trendforskere påstår at det er in å være singel og selvstendig” (Amdal 2001). Det er enkelte som ikkje er tilfreds med å vere singel, men som likevel gjev uttrykk for at dei er det. Dersom singellivet, i det kulturelle mønsteret ein forheld seg til, har høg status, kan ein kanskje seie at ein ikkje ynskjer seg ein kjærast, sjølv om det er det ein ynskjer seg mest i heile verda. Idealet er kanskje her at ein skal ha det veldig kult og fint som singel. Dersom ein vil at det skal sjå ut som det å vere singel har høg status, må ein verke laid back og avslappa, og ikkje stresse for å finne ein partner. Det må kort sagt virke som ein kan tenkje seg å vere singel til evig tid.

Mange ser på det som stakkarsleg å gje uttrykk for at ein ynskjer seg ein kjærast viss ein ikkje har det, akkurat som ein kan føle seg stakkarsleg dersom ein har vore lenge arbeidsledig, og ikkje klarer å skaffe seg ein jobb. Ein kan få inntrykk av at det i motsett fall ofte er akseptert å seie at ein ynskjer å vere singel dersom ein er i eit forpliktande forhold av langvarig art. Om ein gjev uttrykk for det eine eller det andre kjem ikkje nødvendigvis an på kor høg den sosiale aksepten er, men på kor mykje ein bryr seg om kva andre tenker om ein. Altså eit resultat av prosessen der spenninga mellom det handlande subjekt og dei symbolske mønster er det sentrale.

Som Thea Haavet og Trude Sæle seier i boka *Dating på norsk*, har folk vanskeleg for å innrømme at dei ynskjer seg ein kjærast, sjølv om dei sannsynlegvis ynskjer seg ein kjærast. Kvinner og menn er redde for å virke desperate (Haavet & Sæle 2002). Det kan vere vanskelig å innrømme at ein ikkje er ”in”, altså å ikkje syns at det er kjekt å vere singel og sjølvstendig. Dette kan føre til at enkelte ikkje tør å innrømme at dei faktisk ikkje er så nøgde med singellivet som dei ”burde” vere. På den andre sida ser vi at hendingar som til dømes kronprinsbryllupet kan resultere i ”giftebølger”, noko som skaper tvil om det er singellivet eller livet i parforhold som er in.

Som Jørgen har sagt tidlegare, så tykkjer han det er fint å vere singel, men samstundes er han alltid på jakt etter den rette. Dette kan tolkast enten som at han ikkje har det så bra, men at han prøver å gje eit inntrykk av at han har det bra likevel, eller at han rett og slett har det fint som singel, så lenge han ser for seg at dette stadiet ikkje trekkjer ut i det

uendelige. Når det gjeld om det seksuelle er eit viktig aspekt for han, og om det er noko som manglar i livet hans no seier han: "Ja det er det vel...klart...det er jo en del av det hele...skal ikke legge skjul på det (...) Føler liksom ikke livet er komplett per i dag" (Intervju nr. 3). Ein kan altså sjå at han tykkjer det er ok å vere singel, men at det seksuelle aspektet er så viktig at han føler at livet hans ikkje er komplett. Jørgen kan seiast å finne seg i skjæringspunktet mellom ein singeldiskurs og ein pardiskurs.

Gro seier at det provoserer ho at det verkar som det viktigaste i livet er å ha ein partner. Ho meiner at ein kan ha det veldig bra utan. Med dette meiner ho kanskje at det er betre å leve uten ein partner, enn å leve med ein som ikkje er "draumeprinsen". Det følgjande sitatet er eit døme på at ho kan seiast å ha ein ambivalent haldning til desse spørsmåla:

I og med at det ikkje er noko viktig for meg nokon gong å bli gift...Eg har sjølvsagt planlagt bryllupet mitt eg og, sånn som alle andre, men det er ikkje noko viktig, det er...nei (...) Ja, eg har jo sjølvsagt planlagt kjolen, det har eg...og har vel funne ut at eg skal ikkje ha det sånn...eg veit veldig mykje om kva eg ikkje skal ha i forhold til kva eg skal ha (Intervju nr. 8).

Dette kan tolkast som at ho eigentleg ynskjer å bli gift, men at ho ikkje vil innrømme det, i fare for å miste ansikt, altså å "lukte av fiasko og åndelig innskrenkethet". (Jfr. Eilenberger 1998). Berre det at ho ser på det som ein sjølvsagt ting å ha planlagt bryllupet sitt verkar litt rart. På den andre sida kan det tolkast som at ho ikkje tykkjer det er så viktig å bli gift, men viss ho blir gift, så ser ho på det som ein viktig ting å ha planlagt bryllupet sitt. Gro er opptatt av å få fram at ein kan ha det fint som singel, men akkurat no bidreg det vanskelige forholdet ho er inne i, til at ho ikkje har det så veldig fint. Dette er eit teikn på at så lenge ein ikkje er i eit problemfylt forhold kan ein ha det fint som singel. Klara er òg singel og verkar som ho trivst med livet sitt. Samstundes er ho kanskje litt annleis enn dei andre sidan ho kaller seg sjølv einsleg.

Gjennom heile intervjuet med Klara får eg inntrykk av at statusen som einsleg, eller singel er sjølvvalgt og at ho trivst svært bra med livet sitt. "Eg er eit åleine-menneske, det skriv eg i dagboka mi" (Intervju nr. 6). Røynda viser seg likevel å vere meir komplisert enn at enten så har ein det bra eller så har ein det ikkje bra, eller enten så velger ein det eller så velger ein det. Klara har aldri sett på det som ein sjølvfølgje at ho skulle bli gift. "Nei...det har eg aldri gjort (...) eg kunne jo gifta meg mange gonger viss eg ville...men

eg har aldri villa (...) tre-fire gongar har det vore heilt alvorleg" (Intervju nr. 6). Klara legg heile tida vekt på at ho har valgt singellivet sjølv. Ein kan sikkert tolke dette sitatet på mange måtar, men eg vel likevel å tru at Klara stort sett er nøgd med tilværet slik det er i dag. Klara tykkjer det er svært mange fordelar med det å vere einsleg.

Eg kunne ramse opp i dagesvis...Eg har ingen å ta hensyn til, og så kan eg gjera, ja det er jo noko av det same, eg kan gå ut når eg vil, eg kan eta når eg vil, eg kan dansa på bordet når eg vil...sant...Eg har heilt friheten...og eg har jo spesielt frihet når eg ikkje har foreldre lenger og...Ikkje det at eg slår meg så veldig laus, det går ikkje på det, men det er så godt å ikkje ha, det er positivt å ikkje ha nokon som ventar på deg, men det er av og til negativt, at du aldri har nokon som ventar på deg...Det kan vere negativt og...det er i høgtider...fullt i høgtidsdagar likar ikkje eg, for det er så familiært, då i jula og sånt må du helst ha nokon, sant...Då er det ikkje så heilt kjekt, men ellers så tykkjer eg...og så kan du reise når du vil og så bestyre med pengane dine...sant...Det er ingen som skal ha pengar hjå meg anna enn skattepengar (Intervju nr. 6).

Ho legg altså vekt på at fridomen ho har som singel er veldig positiv. Ho treng ikkje ta hensyn til nokon andre enn seg sjølv. Ho tykkjer likevel det er negativt å vere åleine på enkelte tidspunkt. Dette treng ikkje nødvendigvis bety at ho ikkje trivst åleine, for ho har det stort sett bra. Her seier ho at ho har vore vinglante til spørsmålet om ho skulle gifte seg eller ikkje. Ho har med andre ord ikkje alltid vore like bestemt som ho er no. Ut frå dette reknar eg med at ho sannsynlegvis hadde svart annleis dersom ho hadde blitt stilt dei samme spørsmåla for 40 år sidan. Eg spør om ikkje det kunne vore kjekt å hatt barn no (husk at Klara er 67 år), og ho svarer:

Joo..men så tenker eg det at eg trur eg hadde beskytta dei i hjel, og det hadde du gjort i hvertfall når du er åleine, for eg er veldig, eg har jo ein nevø som bur her oppe, så det tykkjer eg er veldig slitsomt, for eg ventar på han korti han kjem innatt...Han er over 30, men eg ventar på han likevel, eg er redd det skjer noko hos han, så det er sånt som eg ikkje er god til å slekke...og eg var...Eg er kanskje litt for bekymra for dei som eg er i lag med...at det skal skje dei nåke...det er dei eg har vore saman med av menn og...for viss, åh herregud det har skjedd noko sant, og det er så godt at eg slepp det...Nesa mi seier det at: Tante du er så rar, du er berre redd for alle andre, seier ho...ja kan hende det, og det er kanskje derfor ein skal vere for seg sjølv...viss det er ei meinung med livet, eg veit ikkje eg...kan jo vere det (Intervju nr. 6).

Ho seier altså her at ho er åleine på grunn av at ho skal slekke å bekymre seg over barn og partnerar. Ho har med andre ord ingen andre å bekymre seg for enn seg sjølv, og det tykkjer ho er bra. Ein kan til ein viss grad seie at Klara fjerner seg frå familiediskursen.

## **5.6.2 Å finne ein partner – Konfliktfelt i singeldiskursen**

Det kan vere mange måtar å finne seg ein partner på. Spørsmålet i denne samanhengen handlar om kva måte som vert sett på som den politisk korrekte, eller mest sosialt aksepterte. Det fins både tradisjonelle måtar og utradisjonelle måtar. Når det gjeld dei utradisjonelle metodane, som sjekking på internett, kontaktannonser, singelfestar og singelturar, eksisterer det eit ideal i singeldiskursen om at det er politisk ukorrekt. Når det gjeld dei tradisjonelle sjekkemetodane, er idealet ofte at sjekking på arbeidsplassen til dømes er bra, og sjekking på byen er därleg. Generelt kan ein seie at idealet er at ein skal vere mest mogleg passiv og ”laid back”, og minst mogleg aktiv og desperat.

### **5.6.2.1 Tradisjonell sjekking – aktiv eller passiv**

Når det gjeld den ”tradisjonelle” sjekkinga er det òg aksepterte og mindre aksepterte måtar å gå fram på. Grovt sett kan ein seie at sjekking på byen ofte vert sett på som desperat eller aktiv, og dermed politisk ukorrekt, medan sjekking på jobben eller i venneklokkene vert sett på som politisk korrekt. Årsaka til dette er at i sistnevnte tilfelle verkar ikkje sjekkinga så påfallande, og individet framstår dermed som meir avslappa, ”laid-back” eller passiv. Olav seier at folk som går på byen for å sjekke ofte vert sett litt ned på, og kanskje latterleggjort.

Grunnen til at det er sånn er vel at når man er ute på byen, så kan det være litt mer løssluppent det hele...at den sjekkingen som skjer ute på byen kan være litt mindre seriøs i gáseøyne da...Ønsket kan jo være like sterkt, men (...) det ligg kanskje ikke noen dypere følelser bak det, så hvis man treffer noen ute på byen veldig sånn kort øyeblikk, så kan man nok oppleve liksom veldig sterkt sånn tiltrekning eller sånn, men det trenger ikke være en forelskelse eller noe sånt som er noe som kan vare av den grunn (Intervju nr. 9).

Det han seier kan tolkast som at sjekking på byen, av utanforståande, kan oppfattast som useriøst, men at det av dei involverte partane kan vere like seriøst som sjekking andre stader. Han legg her vekt på at eit forhold bør vere noko som inneber kjensler, forelsking, og at det skal vere over tid. Det dydsetiske idealet om handling ut frå dei rette kjenslene står altså sentralt. Han meiner sjekking på byen er meir ”løssluppent”, og at det dermed ikkje ligg nokon djupare kjensler bak det. Dette er ei forklaring på kvifor han meiner at sjekking på byen ikkje har like høg status som sjekking på jobben til dømes. Det eksisterer foreløpig ikkje noko svar på kvifor det er negativt at kjensler og forelsking er

fråverande, og at forholdet kanskje er av kortvarig art, men det har sannsynlegvis å gjere med ideal i høve til kva Olav tykkjer eit parforhold skal vere. Han seier ein annan stad i intervjuet at han tykkjer det er det same kvar eller korleis folk treff kvarandre, så lenge det er ”positivt”, så lenge folk er ”litt seriøse” og så lenge folk er ”snille med kvarandre”. Idealet er altså at ein skal vere positiv, seriøs og snill. Dette er ofte ikkje tilfelle når det gjeld sjekking på byen. Dersom sjekkinga ender opp med ein one night-stand, kor ein av partane får eit ynskje om at det kan utvikle seg til eit meir forpliktande forhold, vert den andre personen kanskje oppfatta som lite snill, viss han eller ho må skuffe den først nevnte.

I intervjematerialet som ligg til grunn for denne undersøkinga, er det varierande svar når det gjeld om ein sjekkar opp nokon eller om ein blir sjekka opp. Mange gjev uttrykk for at dei berre *blir* sjekka opp, og at dei aldri sjekkar opp nokon sjølv. Dette kan verke litt rart. Kanskje det er slik at ein ikkje er bevisst på kven det er som sjekkar og kven det er som blir sjekka opp? Det kan òg komme av at informanten prøver å skape eit idealbilete av seg sjølv og ikkje fortel kva som eigentleg er tilfelle. Marianne Eilenberger skriv om idealet som seier at ein ”skal ikkje leite etter nokon, men sitte i ro og slappe av”.

Jeg skjønner det ikke. Vi skal gjøre en innsats for å få utdannelse, jobb, og vi får hele tiden høre at vi må gjøre noe selv, men ikke når det gjelder en partner. Men når vi lever i et parforhold, da er det motsatt, da må man jobbe for å holde kjærligheten ved like. Det eneste vi ikke må gjøre, er å gjøre en aktiv innsats for å få en kjæreste. Hvis vi leter, virker vi desperate og skremmer dem vekk (...) Hvis vi vil ha en partner, må vi treffe mennesker, og jeg synes at det ville være en rasjonell og praktisk løsning med litt kvalitets-singlekultur. Men det krever at vi innrømmer at vi gjerne vil ha en partner og innser at man faktisk kan finne kjærligheten ved å lete etter den – det øker i det minste sjansene (Eilenberger 1998: 144/145).

Med eit slikt ideal i bakhovudet er det ikkje rart viss nokon ikkje vil innrømme at dei faktisk går ut på byen for å sjekke opp nokon. Det kan for enkelte bli oppfatta som politisk ukorrekt. Eilenberger argumenterer, slik eg tolkar det, for eit nytt ideal, som til ein viss grad kjem i konflikt med den singeldiskursen kor idealet om at ein skal forhalde seg passiv i høve til det å finne seg ein partner står sentralt. Det er heller ikkje alle informantane som er negative til sjekking på byen. Axel meiner det kan vere ein bra ting, så lenge det ikkje vert for overdrive. Han meiner at ein til ein viss grad må vere aktiv på sjekkemarknaden.

Det er jo den der jakta som er det mest spennande...og viss dei byr seg altfor fram og dei kjem der, og det står skrive over heile panna "ta meg", så er det ikkje akkurat så veldig spennande jakt (...) Eg trur ofte at viss eg går på byn og sånn, så er det ofte det at...Eg treng ikkje ha alle, men berre vite at du er der og at du har sjangsen liksom...det er ein veldig god følelse (...) Det må du jo altså, du kan ikkje heilt berre sitte i ro...du må til dels delta aktivt...eller i alle fall meir eller mindre, men eg er ofte veldig passiv i sånne situasjoner, for eg blir ofte litt sjenert (...) For min del prøver ikkje å vere så veldig aktiv...det blir så desperat at du kan ta det første og beste...Det er ofte sånn at når du er i homofile forhold, så møter du folk som vil heilt andre ting enn det du vil...Eg møtte ein som virka veldi koselig og vi snakka og vi møttes nokre gongar liksom, og snakka og var berre venner...heilt til han begynte å snakke om kva han likte seksuelt...eit assortert utvalg av piskar og...Eg følte at eg aldri gud hjelpe meg eg vil ikkje dette (Intervju nr. 5).

Han seier altså her at grunnen til at ein ikkje skal vere for aktiv eller pågående når ein skal sjekke opp nokon, er at motparten skal ha det litt spennande i jakten. *Spenninga* er altså kriteriet for korleis ein skal oppføre seg i ein sjekkeprosess. Han seier samstundes at ein må vere aktiv til ein viss grad. Det dreiar seg altså også her om å finne ein balansegong, eller ein gylden middelweg.

Altså eg veit ikkje...du går vel eigentleg ut på byen for å sjå deg litt om og (...) Sjå liksom kva som er på markedet...finne ut om julesalget er begynt...hohoho (...) Det er jo ikkje derfor du går ut...du går jo ut for å danse og ha det kjekt og vere med venner (...) men du er jo alltid klar viss noko dukker opp (Intervju nr. 5).

Axel er åpen om at han kan gå ut på byen med den hensikt å finne seg ein partner for kvelden, eller noko som varer lenger. Han seier at det ikkje nødvendigvis er det som er føremålet, men at han er open for det viss moglegheita dukker opp. Poenget mitt er ikkje å få fram at han kan gå på byen for å finne seg ein partner, men at han innrømmer at han kan gjera det. Dette kan ha med å gjera at det i det homofile miljøet, som han seier, er ein meir sjølvsagt ting at ein ser etter ein partner ute på byen. Eg spør om han nokon gong har opplevd at det har blitt noko seriøst ut av å bli sjekka opp på byen, og han svarer: "Dei fleste forhold eg har hatt, nesten alle har vært sånn sjekka opp på byen...Som homofil er det veldig vanskelig å møte folk...Du møter liksom ikkje ein homofil partner på S-laget liksom (...) For heterofile så er det mykje lettare med sånne ting...I utgangspunktet så er alle heterofile så...viss du er homofil så er det liksom ikkje det samme (Intervju nr. 5). Det verkar altså ikkje som han ser nokon grunn til å ikkje innrømme at han går på byen for å sjekke. Ein kan seie at Axel er deltakar i ein diskurs, kor sjekking på byen vert sett på som eit akseptert fenomen.

Som vi har sett tidlegare har ikkje Per problem med å innrømme at han ynskjer seg sex og har ein del av det, men han vil ikkje innrømme at han går aktivt inn for å få det. Han seier at han går ein del på byen, lever eit ”publiv”.

Ja...hehe...jeg går ikke ut på sjekkeren liksom eller noe sånt...Jeg går bare ut og treffer folk (...) Det er for å sitte å preike (...) og så av og til så utvikler det seg og da havner en ofte på sjekkeren...hehehehe...men det er sånt som bare kommer helt an på (...) og det er jo som oftest den veien det går fordi at jeg går jo sjeldan aktivt inn i en sånn sjekkegreie...uhyre sjeldan...Det er som oftest damene som tar initiativet i første omgang for min del...Nå er det ikke sånn blant de fleste tror jeg, men sånn er det i hvert fall for meg...Jeg tar sjeldan initiativ sånn i utgangspunktet...Det er som oftest damene som tar initiativ og så fortsetter jeg på en eller annen måte (Intervju nr. 4).

Per har altså tidlegare gjeve uttrykk for at han ynskjer seg sex, men sitatet ovanfor viser at han ikkje innrømmer at han går på byen med det som hensikt, det er noko som berre skjer. Det kan hende at det faktisk stemmer, men det kan òg hende at det passive idealet er det som ligg til grunn for framstillinga hans. Richard Sennet si bok *Intimitetstyranniet* er sentral i denne samanhengen. "Det virkelige selvet består av motivasjoner og impulser; det er det aktive selvet. Men det er ikke aktivt i samfunnet; der eksisterer det i stedet et passivt "meg"" (Sennett 1992: 128). Det sjølvet som er i arbeid vert splitta i eit "eg" og eit "meg" (Sennett 1992: 127/129). "Eget" er den aktive delen av sjølvet, som fungerer i privatlivet. I det offentlige eller i samfunnet er det den passive delen, "meget", som vert tatt i bruk.

At sjølvet har to delar, ein aktiv og ein passiv, kjem til uttrykk i enkelte situasjonar. Til dømes når det er snakk om sjekking på byen, er det ofte den passive sida som blir vektlagt av informanten. Det er få som seier at dei aktivt sjekkar opp nokon, dei fleste påstår at dei blir sjekka opp. Årsakene til dette kan vere mange. Enten er det faktisk slik, eller så er det slik at informanten av ulike årsaker ikkje opplever, eller vil innrømme at han faktisk av og til sjekkar opp nokon sjølv. Informantane mine bruker ikkje nødvendigvis ord som eg eller meg, men det er heller ikkje det som er poenget mitt. I Sennett sin samanheng, som er arbeidslivet, skriv han om at "eget" høyrer til i privatlivet, medan "meget" høyrer til i det offentlige. Sjølv om folk er veldig opptatt av at det er personlegdomen deira som har ført til at dei har oppnådd noko i arbeidslivet, så refererer dei til den passive delen av sjølvet når dei skal beskrive dette. Det er paradoksalt, men

Sennett seier at dette fungerer som eit forsvar eller eit vern. Dersom ein ser på sjekking som eit ”arbeid”, meiner eg denne teorien kan overførast til den aktuelle situasjonen. Årsaka til at det er slik, kan vere at det foregår ein diskusjon i det enkelte individet om kva som er det rette uttrykket; aktiv eller passiv sjekking.

### **5.6.2.2 Utradisjonelle metodar for å finne ein partner**

For å ikkje verke desperate unngår single folk ofte å bli med på singelturar, oppsøke singelfestar eller møte nokon på internett (Haavet & Sæle 2002). Dette merkar eg sjølv òg, både i intervjuet eg har teke, og i tilfeldige samtalar eg har hatt.

Eg snakka med ei kvinne på 26 år, som eg veit ynskjer seg ein kjærast, og sa til ho at eg hadde tenkt meg på ein singelfest. Eg lurte på om ho ville vere med, men ho sa at sånne teite ting ville ikkje ho vere med på, så eg fekk gå åleine. Ho tykte det var teit på grunn av at føremålet med festen, å finne seg ein partner, var så openberr. Dette viser at sjølv om det var ein sjanse for at ho kunne treffe nokon på denne festen, så ville ho ikkje, på grunn av at ho syns det var ein teit ting. Ellers har eg snakka med andre vener, som seier at dei aldri kan tenkje seg å gå på date med nokon dei har truffe via chatting på internett. Årsaka til dette er at dei trur at ingen ”normale” folk driv med slike ting, sannsynlegvis er det berre desperate data-nerdar som ikkje har nokon vene i det verkelege livet. Kontaktannonser er også heilt utelukka, sjølv om personane har veldig lyst på ein kjærast. Ein av informantane i *Dating på norsk* uttaler seg om korleis ho oppfattar folk sine haldningar til alternative måtar å treffe partnerar: ”Innstillingen min går ut på at det meste skal være utprøvd. Mange har den oppfatning at det bare er rare folk der, men sånn som samfunnet utvikler seg, er det mer toleranse for alternative metoder å finne seg en kjæreste på, og flere vanlige folk tør å prøve” (Haavet & Sæle 2002: 52). Dette viser, som eg tidlegare har vore inne på, at ei handling vert meir og meir akseptert når fleire og fleire utfører denne. Ein kan kanskje seie at den opphavlege singeldiskursen er i ferd med å bli uttynna, eller få ein ny avgreining (Jfr. Foucault 1999). Det kan òg sjåast som eit døme på at det er ein gjensidig verknad mellom det handlande subjektet og dei symbolske mønstera.

I dagens singelkultur kjem det til fleire og fleire originale måtar å finne seg ein partner. Kontaktannonser, chatting på internett, singelturar gjennom reisebyrå o.l. kan nevnast. Gro uttaler seg negativt til slike originale måtar å finne seg ein partner på.

Eg flirer litt av kontaktannonser...nettet faktisk...kjem litt an på kva måte (...) For så vidt så treng det ikkje vere noko galt med å prøve ein kontaktannonse, trur det handler om at for meg så er det så fjernt at det...måtte vore heilt merkelig (Intervju nr. 8).

Ein kan ut frå dette få inntrykk av at ho ikkje tykkjer det er rett å vise at ein har lyst å treffen nokon, men det er ikkje tilfelle. Det ho eigentleg meiner er at ho tykkjer det vert fokusert altfor mykje på at ein må finne seg ein partner, at ein ikkje kan ha eit godt liv utan ein partner. Ho seier også at ho hadde følt seg desperat viss ho hadde nytta seg av kontaktannonser. Det er altså negativt å bruke kontaktannonser, for ein må ikkje verke desperat. På den andre sida gjev Gro inntrykk av at ho veldig gjerne ynskjer seg ein kjærast. I vår kultur eksisterer det eit ideal om den autentiske kjærleiken, den som berre skal dukke opp frå ingenting, og at det skal vere kjærleik ved første blikk o.l. Dette kan ein ikkje oppnå gjennom internett og kontaktannonsar. Ein kan oppnå det ved å treffen nokon på ein singelfest eller på tur, men dette kjem i konflikt med eit anna ideal om at kjærleiken skal dukke opp når du minst ventar det. Eg har snakka med ei kvinne på 27 år, som har truffe partneren sin på internett. Forholdet fungerer veldig bra, men ho har likevel problem med å akseptere måten dei traff kvarandre på. Ho ser på det som ein viktig ting at det var ”tilfeldig” at partneren hennar dumpa innom internett og møtte ho, og at det ikkje er slik at han i lang tid har gått aktivt inn for å treffen nokon på internett. Ei kan altså seie at dersom det var planlagt vert det rekna som desperat og ukorrekt, men dersom det var tilfeldig stemmer det overeins med idealet om at kjærleiken skal dukke opp når du minst venter det.

Ein kan sjå at det er ein viss ambivalens til stades når det gjeld dette temaet. På den eine sida er folk redde for å prøve dei nye metodane på grunn av at det berre er rare folk som nyttar seg av slike ting. På den andre sida er det faktisk fleire og fleire folk som tør å prøve (Hoftun 2003). Det andre paradokset ligg i det at sjølv om ein ynskjer seg ein kjærast veldig sterkt, vil ein likevel ikkje prøve ut alle dei moglegheitane som finst for å finne det. Ein kan seie at det er to ideal som konkurrerer med kvarandre i singellivet; skal

ein gå aktivt inn for å finne ein kjærast, eller skal ein sitte i ro og vente på at kjærasten skal dukke opp av seg sjølv?

Vi har i dette kapittelet sett at ein pardiskurs og ein singeldiskurs eksisterer side om side i singelkulturen. Ideala om kva eit godt singelliv skal vere kjem ofte i konflikt med idealia om kva eit godt parforhold skal vere. Sjølv om singeldiskursen kan sjåast som marginal i høve til pardiskursen, kan den i mange samanhengar òg vere dominerande. På grunn av at det i singelkulturen går føre seg ein konflikt mellom desse diskursane, vert det ofte eit problem for det enkelte individet å organisere livet sitt mellom dei. Det kan vere vanskeleg å gripe konkret kva folk eigentleg ynskjer seg. Ein kan altså spore ein viss grad av ambivalens.

## **6. Uforpliktande forhold – Moralsk eller umoralsk**

Det å ha uforpliktande forhold, både langvarige, kortvarige og ”one night-stands”, kan verta oppfatta på ulike måtar. Korleis det vert oppfatta kan ha med individua sine ulike seksualmoralske ideal eller forståingssystem å gjera. Det eg skal belyse i dette kapittelet er kva som vert oppfatta som akseptert åtferd og kva som ikkje vert det, eventuelt kvifor det er slik. Dette gjeld både kva haldning ein har til seg sjølv og si eiga åtferd, og kva haldning ein har til andre og deira åtferd. Det er i hovudsak snakk om ein konservativ og ein liberal diskurs.

For å vise eit døme på kva dette temaet kan dreie seg om, vil eg fortelle om ein episode eg har opplevd sjølv. Det var ein kveld eg var ute på ein nattklubb, og sat ved eit bord og drakk eit glas med vatn. Etter ei stund kjem det ein mann bort til meg, eg vil anta han var ca. 35. Han gjer meg ein øl og ein samanbretta lapp og går derifrå. På lappen står det eit mobiltelefonnummer og ”Hvis du har lyst.” Eg veit ikkje kva det var eg skulle ha lyst til, men reknar med det var sex han ville ha, eller kan hende eit forpliktande forhold. Slikt er jo umogleg å vite. Det som er interessant her er dei reaksjonane eg fekk når eg viste lappen til diverse personar etterpå, og fortalte om episoden. Enkelte vart veldig overraska over at det gjekk an å gjera noko slikt, for det hadde dei aldri trudd. Andre vart sinte på mine vegne og meinte at dette var svært frekt og umoralsk, og dei meinte eg burde føle meg krenka og fornærma. Spørsmålet er då om det denne mannen gjorde eigentleg var umoralsk eller om det var heilt i orden. Burde eg bli fornærma eller burde eg ikkje reagere i det heile tatt? Dersom eg syntest episoden berre var morsom og ikkje reagerte noko særlig, skulle eg likevel lage ein scene for å vise min kostbarhet, kun på grunn av at det var det som var forventa av meg? Denne episoden er døme på både det å ha eller ta initiativ til uforpliktande forhold generelt, og på at det eksisterer skilnader mellom korleis menn og kvinner bør oppføre seg i slike situasjonar. Eg skal blant anna komme inn på begge desse emna i dei følgjande del-kapittela.

Finn Skårderud skriv i boka *Uro* om skilnader mellom menn og kvinner sin måte å kommunisere på. Det følgjande sitatet er henta frå denne samanhengen, men det kan òg vere ein god illustrasjon på forskjellane mellom ulike individ sine seksualmoralske ideal.

Kommunikasjon forutsetter konvensjoner – og konvensjonene må være felles. Er de ikke felles, snakker vi om hersketeknikker. Den ene behersker bedre hva den andre behersker dårligere. Uten konvensjoner å gjemme oss bak, blir vi sårbare – og tause (Skårderud 2000: 108).

Dersom ein ser på kommunikasjon som mellommenneskeleg, og konvensjonar som sosiale konvensjonar eller konvensjonar om seksualmoral, kan vi sjå for oss ein situasjon der til dømes ein person har mange seksualpartnerar og ein sosial konvensjon seier at dette er feil, medan denne personen meiner at det er rett. Det vil altså seie at denne personen og det øvrige sosiale miljøet ikkje har felles konvensjonar når det gjeld seksualmoral. Dersom konvensjonen som seier at dette er feil er den som veg tyngst, vert dette den herskande konvensjonen, og personen dette gjeld kan altså ikkje skjule seg bak sin eigen konvensjon, og vert dermed sårbar. Ein kan argumentere for at det seinmoderne samfunnet befinn seg i eit spenningsfelt mellom ulike diskursar når det gjeld seksualmoral. Det vil seie at folk er i tvil om kva som er den gjeldande moralen eller konvensjonen; på den eine sida er individet mykje meir frigjort enn før når det gjeld forholdet til kropp og seksualitet (liberal seksualmoral), men på den andre sida eksisterer gamle sosiale normer som seier at du ikkje skal gjere sånn og sånn (konservativ seksualmoral). Kva for ein av diskursane som er dominante, kan variere frå kontekst til kontekst, og individ til individ. Dette er også noko som vert framheva av Weeks: "Finding a balance between meaningful individual choice on the one hand, and agreed cultural standards of judgement on the other is a peculiarly fraught business" (Weeks 1995: 64).

Det eksisterer fleire motstridande ideal når det gjeld korleis ein skal forhalde seg i høve til det å ha sex når ein er singel. Det kan argumenterast for at det er når ein bryt med desse idealet at ein vert sett på som umoralsk eller avvikande. I og med at det varierer kva som er det dominante idelet, kan ein seie at kva som vert sett på som moralsk eller umoralsk til ein viss grad er avhengig av kva for eit forståingssystem det enkelte individet oppfatter og organiserer livet sitt ut frå.

## **6.1 Konservativ – moderat - liberal**

### **6.1.1 Den konservative diskursen**

Eg tek utgangspunkt i at det eksisterer to typar diskursar når det gjeld singellivet sin seksualmoral; konservative og liberale. Idealtypisk sett kan ein seie at ei konservativ haldning er fullstendig avvisande til alle typar uforpliktande forhold, og at ein liberal haldning er fullstendig aksepterande. Den kristne moral og fornuftsmoralen kan seiast å representere den konservative diskursen, medan den postmoderne moral representerer den liberale diksursen. Røynda er derimot ikkje så ukomplisert. Ein kan òg snakke om moderate haldningar, som kan seiast å vere ei forgreining frå den konservative diskursen. Eg vil i første omgang gje ei framstilling av det vi kan kalle konservative og moderate haldningar. For å illustrere dette vil eg bruke informantane Anne, Nina, Jørgen og Klara. Noko dei fire har til felles er at dei sjølv ikkje plar inngå i uforpliktande forhold av nokon art.

Anne seier at kva ho tykkjer om folk som treff partnerar ute på byen, det kjem an på kor mange dei treff. Ein kan tolke dette som at dersom ein har hatt til dømes to "one night-stands", så er det akseptert, men dersom ein har hatt til dømes ti "one night-stands", så er det uakseptabelt. Det verkar altså ikkje som ho har ein klart definert "enten-eller"-haldning til dette temaet. Eg spør om ho tykkjer "one night-stands" er akseptert, og ho svarer:

Trur kanskje eg berre tilhører fortida med mine synspunkt...Eg aksepterer at folk gjer det liksom (...) men at ein skal gjera det heile tida i staden for...at dei på ein måte gjer opp å finne den rette, eller søker altfor intenst etter den rette, så dei ender opp med å utlevere seg sjølv intimt til gud og kvarmann...Det er ikkje rett for deira eigen del...og så er det no mange sjukdommar i omløp (Intervju nr. 1).

Dette underbyggjer det eg skreiv i forrige avsnitt, om at ho aksepterer at folk har "one night-stands", berre dei ikkje har det heile tida. Ho tykkjer ikkje det er rett for "deira eigen del" å ha uforpliktande seksuelle forhold til nokon dei treff på byen, men kvifor er det ikkje rett å "utlevere seg sjølv intimt til gud og kvarmann"? Anne grunngjev det ut frå at det har konsekvensar for enkeltindividet, at det ikkje er rett for deira eigen del. Kanskje det er sjølvkjensle det er snakk om? Uansett så dreiar det seg her om eit "utanfrå"-

perspektiv. Anne snakkar ikkje om seg sjølv, men om korleis ho trur andre folk reagerer på det å ha "one night-stands". Dette kan ha å gjera med at ho sjølv ikkje har uforpliktande forhold. Ho seier at det er mange sjukdommar i omløp. Ho ser altså på det som nok ein grunn til å ikkje ha "one night-stands". Det går jo an å bruke kondom, men det er ikkje sikkert det endrar Anne sitt syn. Anne har eit ganske konservativt forhold til uforpliktande sex i høve til enkelte andre av informantane, som kan sjåast som ganske liberale. Eg spør ho om det er enkelte tabuar knytta til det å vere singel, og ho svarer: "Det er kanskje sånne seksuelle vanar...du skal liksom ikkje snakke så veldig mykje om sex" (Intervju nr. 1). Grunnen til at ho svarte slik, kan vere at samtalen allereie dreia seg om sex, og då er det naturleg å tenkje i dei banar ho gjer. Dersom samtalen i utgangspunktet hadde krinsa rundt andre tema, kan det hende ho hadde svart annleis. Når det gjeld om folk som er singel i det heile tatt kan ha sex seier ho: "Nei...så lenge du ikkje er i eit fast forhold, så skal du vel eigentleg ikkje ha sex...då blir det one night-stand, og one night-stand er slik eg ser det ikkje hundre prosent sosialt akseptert, men det er på god veg til å bli det" (Intervju nr. 1). Meiner ho her at "one night-stands" er på god veg til å bli akseptert av ho sjølv, eller av folk generelt? Ho seier at dersom du skal ha sex når du er singel, så må det bli "one night-stands". Ho ser altså ikkje moglegheita for å ha eit uforpliktande seksuelt forhold som går over tid, altså å vere "delvis singel". Eller kanskje ho ikkje har tenkt over om, eller at, det eksisterer ei slik moglegheit.

Eg går eigentleg ikkje så mykje ut...eg har aldri vore nokon sånn stor festløve (...) du går ut for å bli kjent med nokon du eventuelt skal ha eit forhold til tykkjer eg virkar heilt patetisk...ikkje patetisk...men liksom så håplaust...nokon i jungelen ute på ein plass...tettpakka...folk drikk og du må rope for at den andre skal høre deg...Alt du får fram er liksom tre setningar...kva heiter han og kva gjer han på (Intervju nr. 1).

Anne seier først at ho ser på det som patetisk å gå ut på byen for å finne ein partner, men så modererer ho seg til å seie at det er håplaust. Kva årsaka er til dette er usikkert, men det er rimelig å anta det har noko å gjera med kva som er dei eksisterande ideala, altså kva som er akseptabelt å gje uttrykk for, og kva som ikkje er det. Eg spør om ho har hatt noko forhold til nokon ho har truffe på byen, og ho svarer "nei". Men når eg spør ho kva ho tenker om andre som treff folk på denne måten, svarer ho at "det kjem an på kor mange dei treff det...sånn one night-stand opplegg...det er no det som ofte er resultatet når ein jaktar på byen...eg har prøvd det og det var ikkje tingen for meg" (Intervju nr. 1). Her

seier ho altså at ho har hatt eit forhold til nokon ho traff på byen, sjølv om ho tidlegare sa at ho ikkje hadde hatt det. Årsaka til dette kan vere to ting: enten at ho ikkje definerer dette som eit forhold, eller at ho eigentleg ikkje ville innrømme at ho hadde hatt eit forhold til ein person ho traff på byen. Anne kan seiast å ha eit relativt konservativt syn på uforpliktande sex. Det viser seg likevel at ho er ambivalent i dette spørsmålet. Dersom det ved første syn kan sjå ut til at ho er negativ til mange ting, kan ein, dersom ein granskar utsagna grundigare, sjå at ho modererer seg og samstundes gjev uttrykk for meir liberale haldningar, det vil seie moderate haldningar. Nina kan òg seiast å gje uttrykk for moderate haldningar til det å gå på byen for å finne seg ein partner.

Eg tenkjer eigentleg ingenting spesielt anna enn at dei får gjera som dei vil, men eg tenkjer og at eg lurar på korleis det fungerer liksom...om dei blir lykkelige av det liksom...Men eg tenkjer absolutt ingenting sånn negativt om dei...at eg er lurare enn dei eller sånn...Eg syns det er lov å vere singel på alle dei måtane, uten at folk reagerer eigentleg...sjølvsagt...Eg kan gjerne ta avstand frå ting fordi eg tykkjer at folk er annaleis enn meg sjøl og i eit anna miljø og sånn, men eg trur ikkje det er nokon hovudregel for korleis ein skal vere når ein er singel heller...det er på ein måte akseptert at ein går ut på byen av og til og lever livet litt...men...ein skal ikkje vere for kjip heller (Intervju nr. 2).

Dette kan tolkast som at ho aksepterer fullt ut at folk går på byen og treff partnerar, men at ho ikkje har forståing for det. Ho skjønar ikkje korleis det fungerer, og ville ikkje gjort det sjølv. "Nei, faktisk ikkje...nei aldri (...) ein kan jo sikkert møtast sånn og, men eg trur det er større sjanse for å treffene nokon på ein litt annan måte...gjennom vene...for min eigen del trur eg eg tykkjer det er greiast" (Intervju nr. 2).

Eg seier til Nina at eg trur det er ein del tabuar knytta til det å vere singel, spesielt når det gjeld sex og slike ting, og ho svarer: "At du ikkje skal ha så masse sex når du er singel?" Her kan eg seie at eg fekk det svaret eg var ute etter, men eg meiner likevel at spørsmålet mitt ikkje nødvendigvis la nokre føringar på kva ho skulle meine om dette. Ho kunne svara både at ho var enig eller at ho var uenig. Nina seier: "Eg trur det er akseptert å ha det til ein viss grad...Eg trur ein sånn gylden middelveg er det beste viss ein skal snakke om kva som er akseptert blandt folk flest liksom, men eg trur at viss ein gjer veldig ofte sånne ting, så trur eg ein kan bli sett litt ned på av andre" (Intervju nr. 2). Om det er akseptert å ha sex når du er singel, kjem altså an på mengden. I likhet med Anne meiner ho at dersom ein har sex berre av og til er det akseptabelt, men dersom ein har det ofte er det uakseptabelt.

Jørgen har ein i utgangspunktet moderat haldning til korleis ein kan gå fram for å finne seg ein partner. Han seier at han er veldig aksepterande og at folk må gå fram slik dei vil.

Jeg mener at vi er alle forskjellige...det ligger i primalinstinktet vårt hvordan vi oppfører oss for å finne oss en partner...så jeg synes ikke det er riktig å forlange at alle andre skal gå ut og gjøre det på samme måten som jeg gjør det...jeg er veldig aksepterende og veldig for at folk skal finne seg...tenke over det viss det er det de føler for...spesielt viss de tror det kan være noe at de da ikke feiger ut...da egentlig mener jeg det er viktig at de gjør i alle fall et forsøk (Intervju nr. 3).

Her gjev han uttrykk for at han er veldig aksepterande i høve til ulike måtar å finne seg ein partner på. Dette kan komme av at då eg stilte spørsmålet la eg kanskje ei vidare tydning i ordet "partner" enn det Jørgen oppfatta det som. Eg meinte både forpliktande forhold, uforpliktande forhold og "one night-stands", men eg har inntrykk av at Jørgen berre la meininga forpliktande forhold i ordet. Ut frå dette kan ein tolke det som at han er "veldig aksepterande" så lenge det er snakk om å skaffe seg eit forpliktande forhold, og kanskje ikkje dersom det er snakk om uforpliktande forhold eller "one night-stands". Det kan tyde på at han er ambivalent i dette spørsmålet. Jørgen seier:

Jeg er prinsipielt i mot såkalte one night-stands...spesielt med personer du ikke har et forhold til før den ene seansen (...) jeg har sånne konservative holdninger på hele det der kjøret der at er du sammen med en annen person, så kan du ikke ha noen på si og sånt som det...Det går og litt på det forpliktende...Du er forplikta til å forholde deg til en person, men som singel og ha en seksualpartner fast eller en du har et spesielt forhold til...det ser jeg ikke på nødvendigvis som noe galt (Intervju nr. 3).

Som vi har sett tidlegare kan det vere vanskeleg å ha eit fast og forpliktande forhold dersom det berre dreier seg om sex. På bakgrunn av kriteria for å kalle eit forhold forpliktande, må eit slikt forhold sannsynlegvis bli uforpliktande. Ut frå dette kan ein seie det verkar som Jørgen prøver å modifisere sine eigne haldningar. Det ser ut til at han eigentleg berre aksepterer enten ingen sex eller eit fast, forpliktande kjærleiksforhold.

Jørgen har tidlegare gjeve uttrykk for at han går ut på byen for å ha det gøy med venner, og ikkje for å "ragge" damer. Sjølv om han ikkje har det som hensikt, kan det likevel hende at det skjer.

Hmmm...nå må jeg tenke meg om...jo det har jeg faktisk...hohoho...må jo ut og prøve å finne ut hva det er for noe...men det er vel prinsippet bak...det har jeg aldri gjort...jeg har aldri gått ut på byen for å ragge damer...med det som hovedhensikt liksom (...)

Hmmm...øh...det betyr vel egentlig som sagt å sitte i en bar...og du sitter der for å få kontakt med damer som du forøvrig ikke har noe til felles med...du kjenner de ikke fra før, og er kanskje mer innstilt på å dra de med hjem og se hva som skjer enn å bli kjent med personen først...da må jeg sette ned foten...og i fylla begynne å preike eller skal prøve å liksom bli kjent med noen...det blir liksom feil (Intervju nr. 3).

Han legg her vekt på at sjekking på byen er ein negativ ting, på grunn av at ein ikkje får moglegheit til å bli kjent med personen før ein tek ho med seg heim og har sex. Denne argumentasjonen finn vi igjen i intervjuet med Klara. Ho kan heller ikkje tenkje seg å gå på byen for å finne seg ein partner.

Nei, det fordrar eg ikkje (...) det tykkjer eg er utidig...Altså, no kan du seie, kanskje eg er vakse opp i den tida det var menn som gjorde det, men eg likte ikkje det heller. Då kunne dei gå ut og velge kven dei ville ha, og kven dei ville danse med, heilt forferdelig, så det var godt at det vart løyst opp litt, sånn at alle fekk blande seg sånn (...) No foregår jo sjekkinga litt annleis sant, no er det jo kvinnfolk og som tar initiativet sånn, ikkje det at eg ville gjort det heller, for det blir så tilfeldig tykkjer eg, at du går ut på byen og skal finne nokon og så, er det SÅNN du finn nokon då? Hæ? At du skal vere så heldig at du treff dei på restaurant, nei det trur eg ikkje på, det held ikkje trur eg, då er det betre på skulen du, i same klasse, for då trur eg du kjenner dei før du blir interessert, viss du skjónar kva eg meiner, men viss du skal begynne med det følelsesmessige til å begynne med, så trur eg ikkje det går (Intervju nr. 6).

Ho gjev her uttrykk for ei negativ haldning til det å gå på byen for å finne seg ein partner. Grunnen ho oppgjer er at ho ikkje trur det er mogleg å finne ein partner på denne måten. Ho er også negativ til at menn skal sjekke opp, og at kvinner skal vere passive. Ho seier likevel at dette gjeld då ho var ung, og at det sannsynlegvis har endra seg i dag, at no for tida kan også jenter sjekke opp. Ho er uansett negativ til metoden. Ho meiner at det kjenslemessige skal kome sist, og at det å bli kjent med personen skal komme først, og det oppnår ein ikkje ved å ha "one night-stands" på byen. Då blir det omvendt rekkefølge.

Jørgen meiner det kan vere smigrande å bli sjekka opp av ei jente på byen eller andre stader, men at det "kommer veldig an på oppførselen til personen...hvordan du blir sjekket opp...Har en følelse av at en del damer som sjekker opp på byen, de er ganske fulle" (Interjvu nr. 3) Eg spør om han tykkjer fulle jenter er fråstøytande: "Ja...i alle fall sånn å bli sjekket opp...det kan bli ganske morsomt (...) Det å bli sjekket opp av en full dame, det kan bli latterlig...komisk...men selvfølgelig...å bli sjekket opp av en dame som faktisk er ærlig og ikke skikkelig beruset, og faktisk mener det hun sier, så er det kjempe det...helt supert...men det er ikke så mange som tør det" (Intervju nr. 3). Dette med å vere

påvirka av alkohol har vi vore inne på før, og er det eigentleg slik at edru jenter seier det dei meiner? Eg vil anta at det heller er omvendt.

Det er eit poeng i denne oppgåva at single individ i det seinmoderne samfunnet befinn seg i eit spenningsfelt mellom ulike kulturelle mønster, spesielt når det gjeld seksualmoral. ”Allslags moral er utvatna, eg veit ikkje om eg skal seie utvatna, men han har i alle fall endra seg, eg veit ikkje kva som er bra og ikkje bra, men om det er bra det er sånn som no, det har ikkje eg, det kan ikkje eg finne ut” (Intervju nr. 6). Klara er usikker på kva som er best. Er det slik det var før, eller er det slik det er no? Ein ting er ho sikker på, og det er at det er lov å ha sex når du er singel. ”Ja, fader meg hahaha, det skulle no berre mangle.” På spørsmålet om det er lov å ha fleire partnerar samtidig er svaret: ” Eg syns ikkje dei skal ha mange altså...for det trur eg blir berre konflikter av (...) Ikkje for mange i livet i det heile tatt...sant...eg trur ikkje det” (Intervju nr. 6). Dette vil eg seie er eit paradoks, for viss ein er singel og vil ha sex må det nødvendigvis vere med ulike partnerar. Viss ikkje går ein jo inn i eit slags forpliktande parforhold av langvarig art, og då kan ein ikkje lenger definerast som singel. Ein kan på den andre sida definerast som serie-singel, men det ser ikkje ut til at Klara tykkjer dette er moralsk riktig. Ho grunngjев dette ut frå at det kan bli konfliktar. Det ser altså ut til at Klara meiner at ein enten må vere fullstendig singel, eller gå inn i eit langvarig forhold. Noko som er interessant med henne er at ho på den eine sida gjev uttrykk for svært liberale haldningar, men på den andre sida verkar ho ganske konservativ. Ho seier at det er sikkert minst ti år sidan sist ho hadde sex. Ho seier også at ho aldri kunne tenkt seg å ha sex med nokon ho traff tilfeldigvis på byen, då måtte ho i såfall vore veldig full.

### **6.1.2 Den liberale diskursen**

Vi skal no over til informantane Janne, Axel og Per, som kan sjåast som litt liberale enn dei foregåande. Dei argumenterer for at single folk har like mykje rett til å ha sex som folk i parforhold. ”Sjølvsagt...alle har jo behov for sex...og single folk har jo ikkje noko mindre behov for sex enn folk som lever i eit parforhold” (Intervju nr. 5). Axel gjev, slik eg tolkar det, uttrykk for at han tykkjer det er akseptert å ha sex sjølv om ein er

singel. Dette er grunna i at behovet er like stort for single som for andre. Det kan også dreie seg om ein generell haldning om at så lenge ein tar vare på sine eigne behov og ikkje skader andre kan ein gjera som ein vil. Det er òg eit poeng at ein rett og slett ikkje bryr seg om kva andre måtte meine om sine eigne handlingar.

Jeg føler at det er en litt sånn dobbel greie, fordi at de fleste single jentevenninnene jeg har er veldig opptatt av at de ikke må virke billige liksom, samtidig som, jeg ser jo at de, de har jo sex titt og ofte (...) Jeg føler det er greit å ha sex, syns det er naturlig å ha sex, så viss noen syns at det er helt forferdelig, så syns jeg det er ubehagelig viss det er mennesker som står meg veldig nær (...) har ikke vært borti det egentlig (...) men de som er på en måte bortenfor den nære kretsen, de skiter jeg i (...) Man skal ikke plage andre liksom, men man skal heller ikke plage seg selv med å leve etter andres regler...Jeg tror at holdningene fins i visse miljøer (...) men selv så (...) jeg har på en måte min egen moral (...) sørge for at jeg har det bra og ikke tråkke over noen andres grenser, så føler jeg ikke at jeg har noe problem med å ha sex med hvem jeg vil, så ofte jeg vil (Intervju nr. 7).

Janne viser at ho er klar over kva haldninga som kan eksistere i samfunnet, men at ho ikkje bryr seg om kva andre måtte meine om livet hennar. Ho lar ikkje andre styre livet hennar, ho har altså ein privatisert moral. Ho seier rett nok andre stader i intervjuet at ho godt kan tenkje seg ein kjærast, men eg får likevel inntrykk av at ho trives med singeltilværelsen og har glede av uforpliktande sex. Ho nøler heller ikkje med å innrømme at ho faktisk ser på det som noko som har verdi i seg sjølv, og ho aksepterer at det er ein skilnad mellom seksuelle forhold og kjærleiksforhold. Janne seier at sex er viktig for ho, og at ho ikkje trur ho kan ha eit godt liv utan sex. I tillegg til dette seier ho at ho godt kan vere aktiv i eit sjekkeopplegg. Oppsjekkinga skjer ofta på dansegolvet. "Kommunikasjonen foregår på et annet plan føler jeg når man danser, det er en annen greie, grensene er mera flytende (...) altså du kan danse bort til en person og du kan danse deg bort fra den personen igjen uten at du må snakke, så det syns jeg er..ja..veldig deilig" (Intervju nr. 7). I denne forbindelsen er det naturlig å komme inn på om ho har hatt sex med nokon ho ikkje har snakka med på forhånd.

Som regel har jeg snakket litt da fordi (...) jeg må like hodet på den som jeg har sex med, for det er ofte den praten som tenner meg, men når jeg kommer til senga så er jeg ikke så interessert i å snakke (Intervju nr. 7).

Ho seier altså her at ho ikkje vil ha sex med nokon dersom ho ikkje liker personlegdomen til vedkommande. Dette verkar som noko ho personleg føler for, og ikkje noko ho gjer eller seier av sosiale hensyn.

Vi har tidlegare sett at Per har ein del sex sjølv om han er singel, og han legg heller ikkje skjul på det. Han meiner det er sjølvsagt at ein har lov til å ha sex når ein er singel, og han trur at det er ein allmenn oppfatning.

Altså sex er jo sex liksom (...) Jeg kan ikke se noe galt i det, og jeg tror ikke folk flest ser noe galt i det altså...Det at man skal gifte seg og alt det der pøet der, og ha et seriøst forhold for at man skal ha sex, det tror jeg er helt borte....og det er uhyre få som tenker sånn....Men nå har jeg kanskje et rart liv da, i og med at jeg lever et sånt publiv...og at vennene mine er litt sånn her den stilenså...det kan godt være jeg treffer litt rare mennesker, men (Intervju nr. 4).

Han meiner det er akspetert på grunn av at ”sex er jo sex liksom”. Han ser på sex som ein heilt vanleg ting, kanskje nesten like vanlig som å ete eller å gå på do. Dersom ein har eit slikt syn på sex er det naturleg å ha ei haldning som seier at du kan ta så mykje du har behov for, dersom du har moglegheit for det. Han meiner også det er akseptert å ha fleire partnerar parallellt.

Ja det tror jeg er akseptert i hvertfall blant de fleste...Jeg aksepterer det nå i hvertfall (...) Jeg tror det at man syns det er greit...jeg har i allefall ikke oppdaget noe eller opplevd...Det er ofte jeg har kommet inn i venneflokken på en eller annen pub med en eller annen dame, og så dagen etter kommet med en annen dame, og så noen dager senere så kommer jeg med den første damen igjen og sånt...det er jo ingen som sier noe på det (Intervju nr. 4).

Eg spør om han har mange damer, og han svarer: ”Hahahahaha...jeg har mange relasjoner ja.” Den liberale seksualmoralske diskursen er den som høver best inn i det idelet vi tidlegare har sett ligg til grunn for den opphavlege singeldiskursen. Det sentrale idelet er at individet skal ha fridom til å velge og nytte seg av alle dei moglegheitar som finns, så sant dei ikkje skader andre (Jfr. Weeks 1995).

### **6.1.3 Ambivalent seksualmoral**

Vi har sett at individ kan gje uttrykk for ganske klare konservative eller liberale haldningar til seksualmoral. Det vil seie at det, som ein argumenterer for gjennom den normative etikken, er einskap mellom liv og lære (Nyeng 1999). No skal eg vise at enkelte individ inngår i uforpliktande forhold, samstundes som dei gjev uttrykk for at dei tykkjer det til ein viss grad er umoralsk å inngå i slike forhold. Ein kan seie at dei har ein

ambivalent seksualmoral, eller at dei befinn seg i spenningsfeltet mellom konservative og liberale diskursar når det gjeld seksualmoral.

Janne er ein av dei som seier at ho får mykje ut av å ha eingangsforetak, men det er det ikkje alle som gjer, blant andre Gro. Det interessante er at ho har det likevel, sjølv om ho ikkje nødvendigvis får så stort utbyte av det.

Eg er eigentleg veldig glad i sex, men eg liker ikkje ein ny partner, det er så stress, så då vil eg heller ha ein partner som du kjenner, men eg har jo hatt one-night-stands som slutter då, det har eg...Eg har liksom ikkje brydd meg, og andre gonger har eg gjort det i edru tilstand då...Det er ikkje det du er stolt over, men på ein annen måte så gjort er gjort og kva skal ein gjera med det...det var gøy (Intervju nr. 8).

Gro seier at ho er veldig glad i sex, men at ho ikkje liker ein ny partner. Dette kan tyde på at ho eigentleg ikkje liker "one night-stands". Ho seier også at det å ha slike eingangsforetak ikkje er noko ho er stolt over. At ho ikkje er stolt over det kan tolkast som at ho ser på det som ein negativ eller umoralsk ting, i det minste at ho trur at andre tykkjer det. Ho seier at ho får veldig lite ut av "one night-stands", at det er berre sex ho får ut av det. Samstundes seier ho at det sjeldan er snakk om bra sex. "Av og til så berre gjev eg faen og ok greit, kvifor ikkje." Eg spør kvifor ho gjer det då, og ho svarer at det er fordi ho "har lyst på sex". Eg spør om ho har lyst på sex viss det ikkje er bra sex også, og ho svarer at "det hender ein sjeldan gong...ja, nei eg veit ikkje". Dette kan sjåast som at det ikkje nødvendigvis er sexen som er årsaka til at Gro har slike eingangsforetak. Gro verkar ikkje som ho er sikker på sjølv kvifor ho har det, ho uttrykkjer ein viss grad av ambivalens. Ho liker altså ikkje å ha ein ny partner, og ho er ikkje stolt over å ha "one night-stands", men ho er glad i sex, og då helst med ein partner ho kjenner godt.

Det er ikkje alltid det å ha "one night-stands" er like ukomplisert som det det i utgangspunktet ser ut til å vere. "Forrige gong eg hadde "one night-stand" det var i grunn ein som eg var utrolig sjarmert av, han kjente eg jo, men det blei jo berre krøll ut av, det sa seg sjølv at det ikkje blei noko meir" (Intervju nr. 8). At det vart "krøll ut av det", vil det seie at ho eller han eigentleg ville noko meir enn den eine seansen? Kva glede ein har av eingangsforetak kan ha å gjera med om ein har sterke kjensler for partneren enn det reint seksuelle. Gro fortel om korleis ho opplever det å ha "one night-stands".

Eg har av og til lurt på om grunnen til at eg føler meg betatt (...) om det rett og slett var for å unngå dårlig samvit (...) Det er vel i grunn sjeldent at eg berre har hatt sex med nokon ein gong, det er som regel viss eg har vore på ferie og ein ikkje møter folk igjen...Eg veit ikkje, men eg har absolutt hatt at vi har sex og ferdig med det (Intervju nr. 8).

Ho seier her at ho føler seg betatt av dei ho har eingangsforetak med, men at det som oftast går over etter to dagar. Dette grunngjев ho med at ho var betatt for å unngå därleg samvit. Altså, ho kunne ikkje hatt sex med nokon ho ikkje var betatt av eller forelska i, for ”det var liksom ikkje lov å berre ha sex viss du ikkje var glad i nokon, og viss du følte noko for dei, så var det greitt” (Intervju nr. 8). Dette er i tråd med det Axel tidlegare har uttalt. Gro seier også at det ikkje er så ofte ho har sex med nokon berre ein gong, at det er som regel dersom ho har vore på ferie og ikkje treff folk igjen. Kan dette også vere for å unngå dårlig samvit, at ho slepp å ”sjå personen i augo” etterpå? Uansett, det som er poenget her er: kvifor er det ikkje lov å ha sex med ein person du ikkje er glad i? Kvifor kan dette føre til dårlig samvit? Jo, det er på grunn av den moralske regelen om at ein ikkje skal såre andre, og på grunn av at ein, som Anne sa, for sin eigen del ikkje skal utlevere seg sjølv intimt til Gud og kvarmann. Gro snakkar i det følgjande sitatet om korleis ho opplever det at ho sjølv eller andre har ”one night-stands”:

Eg må innrømme det, eg var på ferie med ei venninde av meg, og ho hadde ein one night-stand med ein som ho møtte eit par timer før, og den hadde eg litt problem med å takle. Det likte eg ikkje heller, at eg i det heile tatt tenkte sånn, at det er noko galt med det, for det må jo ho få lov å bestemme absolutt sjølv, men eg tykkjer det var litt merkelig at liksom du møter nokon og hopper til sengs så fort, eg trur ikkje eg ville klart det no...Hadde eg vore full nok hadde eg kanskje klart det, for då er grensene utruleg mykje lågare, men eg trur det blir feil (Intervju nr. 8).

Ho viser her at ho er klar over ambivalansen i sine eigne reaksjonar. Ho seier at ho hadde problem med å takle at venninna hennar hadde sex med ein person ho nettopp hadde møtt, ein person ho med andre ord ikkje kjente. Samstundes seier Gro at ho ikkje likte at ho tenkte slik. Ho meiner at ein må ha lov til å bestemme slike ting sjølv, men når situasjonen oppsto tenkte ho likevel at det var galt av venninna å gjere det ho gjorde. Dette viser at liberale og konservative diskursar er i konflikt med kvarandre. Gro har eit ideal om ein liberal seksualmoral, som går ut på at folk må få gjera som dei vil. Samstundes er det idealet om den konservative seksualmoralen som til ein viss grad styrer reaksjonane hennar.

Eit sentralt seksualmoralsk problem i singelkulturen er om det er akseptert å ha fleire ulike seksualpartnerar. Olav uttaler seg i høve til dette:

For det første så synes jeg det er greit...å ha flere...Jeg vet ikke om jeg ville hatt det samtidig, jeg føler litt sånn ansvar...Altså, hvis det er noe som er litt regelmessig uten å være kjæresten, så tror jeg jeg ville følt et lite ansvar på en måte (...) men jeg tror det er akseptert å ha sex selv om man ikke har kjæreste, det tror jeg. (Intervju nr. 9).

I høve til seg sjølv føler han ikkje at det er rett å ha fleire partnerar, på grunn av at han vil føle ei forplikting, som han ikkje klarer å innfri. Han føler altså eit ansvar for den aktuelle partneren, noko som kan sjåast på som eit døme på ein nærhetssetisk tankegong. Ein kan også tolke det i høve til at han, som Petter, er redd for kva konsekvensar det kan få for han sjølv, altså å seie at han ikkje vil gjøre situasjonen ubehageleg for seg sjølv. Både Olav og Petter gjev uttrykk for ei ambivalent haldning til uforpliktande forhold. Dei har slike forhold, men føler samstundes til ein viss grad ubehag ved situasjonen. Det betyr at dei eigentleg ikkje ser på det som moralsk riktig å ha slike forhold. Dei grunngjev skepsisen sin ut frå noko ein kan kalte kontraktsetisk og nærhetssetisk tankegang. Per, på den andre sida, ser ikkje ut til å sjå noko gale i å ha uforpliktande forhold. Korleis grunngjev han dette moralsk? I delkapittel 3.2.3. seier Per at ”om du har lov å ha sex når du er singel?! Hohoho selvfølgelig hohoho...ellers hadde jeg ikke klart å være singel lenge...hohoho.” Han ser altså på det å ha sex når han er singel som noko som gjer livet betre å leva. Han får meir ut av livet sitt dersom han har sex enn dersom han ikkje har det. Ei slik tolking kan ha grunngjevinga si i eksistensialistisk etikk. Fokus ligg her på mennesket sin radikale fridom. Det er ikkje noko bakanfor det frie valet som kan rettleie mennesket til det absolutt rette eller gode liv. Ved å velje, vel vi både for oss sjølv og for andre. Angst og usikkerhet står sentralt. Det er kanskje akkurat av denne årsaka at Olav og Petter er skeptiske til uforpliktande forhold, at det ikkje er klart definerte reglar for kva som er lov, at det dermed oppstår angst og uvisse.

Individet forheld seg til ulike forståingssystem når dei handlar, eller gjer seg opp meiningar om det som skjer rundt dei. Når det gjeld informantane sitt forhold til uforpliktande sex, kan ein grovt sett snakke om to typar diskursar; konservative og liberale. Diskursane er i konflikt med kvarandre, men flettar seg også inn i kvarandre på

enkelte område. Det vil seie at alle haldningar ikkje er stereotyp konservative eller liberale. Haldningar vil òg oppstå i skjæringspunktet mellom ulike diskursar, og blir dermed å rekne som ambivalente. Det eg argumenterer for, er at ulike kulturelle mønster er i konflikt med kvarandre, noko som ofte fører til ein ambivalens i informantane sine haldningar til kva som er akseptabel åtferd, og kva som ikkje er det.

## 6.2 Utruskap

### 6.2.1 Å gå inn i andre sitt forhold

Det er ei grense som er streng, og det er å ikkje gå inn i eit parforhold...det tykkjer eg er, det liker ikkje eg altså, å freiste nokon utpå når du er enslig, Det er veldig lett når du er enslig, for då trur dei at du er så sexhungrig at dei berre kan hive seg på sant (Intervju nr. 6).

Dersom ein er singel står ein i teorien fritt til å ha sex med kven ein vil, noko som kan føre til at ein trakkar over, i teorien, ulovlege grenser. Det vil seie at ein går inn i andre sitt forhold. Gro har erfaring med dette. "Det første useriøse forholdet, då var eg 15 (...) Det fungerte ikkje i det heile tatt, i og med at han var gift og hadde to unger, og eg var barnepika deiras (...) Eg sleit utruleg mykje med dårlig samvit" (Intervju nr. 8). Ho seier at ho hadde dårlig samvit, på grunn av at ho hadde eit forhold til ein gift mann. Det tyder på at ho ser på det som ein negativ eller umoralsk ting å ha sex med nokon som allereie er i eit forhold.

Den partneren ho har i dag, som ho òg hadde eit forhold til for fem år sidan, dreiv og ringte til Gro medan han var sambuar med ei anna kvinne. Ho seier at ho ikkje hadde sex med han i denne perioden, for ho meiner det hadde vore uakseptabelt. Sjølv ikkje når forholdet er slutt er det askeptabelt, så lenge han ikkje er flytta ut frå sambuaren. Ho meiner at ein bør vise såpass mykje respekt for eks-kjærasten. Ho tykkjer altså ikkje det er akseptabelt å ha sex med ein person, sjølv etter at personen har gjort det slutt med den forrige kjærasten. Kortid er det eigentleg rekna for at forholdet er slutt? Per, som ellers verkar ganske liberal, ser ut til at han er fullstendig i mot utruskap.

Det som jeg ser veldig mye er jo det at på byen og sånn, så er det ikke mye respekt for par (...) I mange situasjoner har jeg ikke mye tro på menneskeheten altså...Vi ligner mer på aper ofte..I forhold til at man ser noe og så vil man ha det, og så prøver man å ta

det...uavhengig av om de er sammen med noen eller ei...Det er sånn som ikke jeg kunne funnet på å gjøre i det hele tatt...Det er respektløst syns jeg...men det ser jo ut som damene liker det da så...hehehe (Intervju nr. 4).

Han legg her vekt på at han ikkje bryr seg om kva folk gjer eller ikkje gjer. Det er berre ei grense han er opptatt av at ein ikkje skal trakke over, og det er å gå aktivt inn for å ha sex med nokon som allereie er i eit parforhold. Han tykkjer det er respektlaust og seier han aldri kunne funne på å gjere det sjølv. Han seier også at det ser ut som om damene liker det. Med det meiner han at dei damene som blir sjekka opp liker det. ”Ja..skal ikke så mye til å....få en eller annen dame som er i et parforhold til å smile fra øre til øre” (Intervju nr. 4). Eg seier at ein skulle jo tru det var omvendt eigentleg, at dersom nokon er opptatt, så vegrar ein seg litt for å prøve seg på den personen. Per svarer at ”Ja det burde i alle fall vært det...det er det jeg mener...vi er litt nærmere apene enn vi tror.” Når det gjeld at ein vegrar seg litt for å gå bort til ein person som er opptatt, seier han: ”Ja, sånn tror jeg også at det er...sånn er jeg...jeg er...Hvis en dame er sammen med noen, eller virker som hun er sammen med noen, da er jeg helt kald, da er det ikke noen flørting altså...men jeg opplever det hele tiden at det er sånn veldig mange tenker tror jeg” (Interjvu nr. 4).

### **6.2.2 Å gå ut av sitt eige forhold**

Det er ei haldning som seier at ein ikkje skal vere utru, men dersom ein har vore det må ein prøve å gjera det beste ut av det. Det vil seie å gjera det som gagnar alle partar best. Klara gjev uttrykk for ei slik haldning.

Det som ikkje går ut over partneren er no greitt nok forsåvidt, men det er jo ikkje greitt altså, eg tykkjer dei skal vere tro, det må eg seie...det er no, men visst dei skulle verta freista, så meiner eg det er ikkje nokon dødssynd, sant (Intervju nr. 6).

Ho gjev gjennom dette sitatet uttrykk for at ho til ein viss grad kan synast å ha eit ambivalent forhold til utruskap. På den eine sida meiner ho at det ikkje er akseptert verken, som einsleg, å gå inn i andre sitt forhold, eller som del av eit parforhold, å vere utro med nokon utanfor forholdet. Det verkar likevel som ho tykkjer grensa er strengare for einslege å gå inn i andre sitt forhold enn for dei som er del av eit parforhold å vere

utru med nokon utanfor forholdet. Ho seier at dersom ein har vore utru, så er det ikkje nokon dødssynd.

Du tykkjer sikkert eg er veldig frigjort, men det er ikkje eg...nei for det er ikkje eg altså, for eg har...men når du kjem innpå kva eg, korleis eg ville, men eg tolererer sjølvsgåt at andre, sånn som det der med at dei tok seg eit eventyr og sånn...Eg trur ikkje at eg hadde gjort det, men eg tykkjer at andre kan få lov å gjera det viss dei føler for det, eg tykkjer ikkje det gjer noko...Men det er berre det, kva står du ansvarlig overfor?...Altså, før i tida så sto du ansvarlig overfor Gud, men det er det jo veldig få som gjer no...så då ville du jo kan du seie...du ville ikkje hive deg utsnø noko, på grunn av at Gud såg det (...) No er det jo ikkje nokon Gud som ser dei, og då er det jo forholdet til dei du er i lag med, det er kun det og så du sjølv, betyr jo ikkje noko det når ikkje (Intervju nr. 6).

Ho argumenterer for at det er kven eller kva du står ansvarleg overfor, som avgjør korleis ein skal fare åt. Før var det Gud, men no er det berre du sjølv og partneren du står ansvarleg overfor. Dette viser det Bauman meiner, at det er ein forskyvning frå den kristne moral, via fornuftsmoral til den postmoderne moral, kor det enkelte individet sin privatiserte moral står i sentrum (Bauman 1995). Klara meiner at ærlegdom i eit forhold er veldig viktig, men at for å få eit forhold til å fungere må ein kanskje ”lure seg til noko av og til”. Dette er ein slags form for ”det ein ikkje veit har ein ikkje vondt av”-moral.

Som vi har sett tidlegare er Per fullstendig i mot utroskap, når det gjeld å gå inn i nokon andre sitt forhold. Det kan vere interessant å sjå om han har dei same haldningane dersom han sjølv er i eit parforhold, altså viss nokon prøver å sjekke han opp og han er oppteken.

Flørte det er jo gøy det...Jeg for min del stanser med den lille flørten...og...før det begynner å bli mer seriøs flörtning...det er liksom en sånn balansegang der synes jeg (...) Det er morsomt egentlig altså...hvis du går ut med en dame som du enten er sammen med eller ei, så av en eller annen merkelig grunn, så dukker damene opp og skal sjekke meg opp liksom...Det er litt morsomt...koko faktisk...men det er ofte sånn (Intervju nr. 4).

Han seier altså her at han godt kan flørte, men at han stopper før det blir meir ”seriøs flörtning”. Han meiner ein må finne ein balansegang der. Per deler syn med blant andre Anne. Det finst enkelte personar som er ein del av eit parforhold, men når dei er på byen så lever dei som om dei er single og vel så det.

Det er også eit eksempel...og det er direkte tragisk...sånne folk ser eg litt ned på...det må eg innrømme...Dei definerer seg sjølv som kjærast, og seier at dei vil vere i lag med denne eine personen, og så fer dei og kliner med folk i fylla, eller berre drikk seg dritings og sjalabais...Eg tykkjer det er direkte unødvendig, og utrulig urettferdig overfor

kjærasten...Kjem ein i det dilemmaet...skal ein seie noko, eller skal ein ikkje seie noko...Å vere venner med slike personar, det hadde vore ein belastning...Eg har heldigvis ingen sånne venner (Intervju nr. 1).

Når det gjeld utruskap vil eg påstå at det eksisterer ein hegemonisk eller dominerande diskurs. Dei fleste ser på det som negativt og umoralsk å ha sex med nokon som er i eit forhold. Personar som er utru vert sett litt ned på av andre. Det er uklart kva som er verst, om det er å gå inn i andre sitt forhold eller om det er å vere utru med nokon utanfor sitt eige forhold. Enkelte modererer seg til å seie at dersom ein først har vore utru, så er det ikkje nokon dødssynd, og ein må freiste å gjera det beste ut av situasjonen. Dette kan komme av at før sto vi ansvarlege overfor Gud, men i dag er det berre oss sjølv, partneren og andre involverte partar vi skal stå til rette for. Dette fører til at det også i denne samanhengen kan vere vanskelig å komme fram til eintydige svar. Det er likevel ingen som går så langt som til å seie at dei er for utruskap av noko slag. Ein kan difor seie at den hegemoniske diskursen ikkje vert angripen av nokon annan diskurs.

### **6.3 Kjønnsskilnader**

Ein kan ofte sjå at det eksisterer ulike oppfatningar av korleis kvinner og menn bør fare åt i seksuelle situasjoner. Det tradisjonelle idealet er ofte slik at kvinner skal vere passive og dydige på sjekkemarknaden, medan menn skal vere aktive og helst seksuelt erfarne. Det kan vere mange måtar å forklare ein slik moralsk skilnad. Sigurd Skirbekk forklarer moralen ut frå funksjonalitet eller dysfunksjonalitet.

Tradisjonelt har kvinner vært dømt strengere enn menn når de har brutt ekteskapelige normer (...) En vanlig oppfatning i vår tid har gått ut på å tolke dette som uttrykk for mannsjåvinisme eller som manglende utvikling av likestilling. Denne tolkningen virker ikke helt rimelig når vi tar i betrakting at ingen kjente samfunn straffer kvinner hardere enn menn for andre typer lovbrudd, knyttet til for eksempel til tyveri eller mord. Et funksjonalistisk perspektiv åpner her for andre forklaringer. Historisk og evolusjonspsykologisk kunne forskjellene i reaksjonsmåter ses i sammenheng med at opprettholdelsen av familie og slekt ikke behøvde å bli truet om en mann fikk barn med en fremmed kvinne. Derimot kunne det tære på en families muligheter til å føre fram barn med egne gener, hvis den skulle fø på fremmede barn (Skirbekk 1999: 284).

Dette er ei forklaring på kvifor det generelt ser ut til å vere ein strengare seksualmoral for kvinner enn for menn. Det skal altså mindre til for at ei kvinne blir sett på som ”billig” og ”horete” enn at ein mann blir det, og forklaringa på dette er av sosiobiologisk art. Eg

meiner likevel at ein ikkje kan forklare moralen ut frå eit funksjonalistisk perspektiv, i alle fall ikkje berre ut frå kva som er funskjonelt for samfunnet, ein må i tilfelle sjå på kva funksjon moralen har for det enkelte individet i tillegg.

Idealet i singeldiskursen, dersom ein tek utgangspunkt i fjernsynsseriar som *Sex & Singelliv* t.d., er at kvinner skal vere like frigjorte som menn når det gjeld seksualitet. Dagbladets helgemagasin 24. august 2002 inneheldt eit intervju med to kvinner. Det handla om tv-serien *sex og singelliv*. Kvinnene uttaler seg om kva dei tykkjer om denne serien:

Det er bra de snakker mye om sex. Det er på tide at jenter kan være brautende og vågale. Jeg liker at serien ikke er så politisk korrekt at man ikke er dårlige damer selv om man har vært sammen med mange menn. Det er lov å gjøre feil, og single kvinner er ikke ofre, sier Linn (Vintervoll 2002).

Ein kan spørje om det verkeleg er slik at ein er eit därleg menneske dersom ein har hatt eller har mange ulike seksualpartnerar. Er det berre i denne tv-serien at det er lov å gjere feil, eller at single kvinner ikkje er offer, eller er det slik i røynda òg? Dessuten, kva er det som vert rekna som feil, og av kven? Er det det enkelte individ eller dei sosiale normene som avgjer kva seksualmoral ein skal leve etter?

### **6.3.1 Det er slik, men det bør vere slik – samfunnsnormer versus individuell fridom**

Ein kan seie at det er eit ideal i vår kultur om at menn og kvinner skal vere likestilte. Det vert ofte sett litt rart på dersom single folk snakkar om sexlivet sitt, i høve til korleis det vert sett på at folk som er i parforhold gjer det same.

Sånn ut frå dei som eg kjenner sjølv, så trur eg at eg hadde reagert litt uansett på begge dei (...) men eg hadde nok reagert endo meir viss det var ein singel som hadde sagt det trur eg...men eg trur eg hadde reagert mindre viss det var ein gut...Eg har nokre kompisar som gjerne kunne sagt slike ting til meg, men då hadde eg berre syns det var ok...men viss venninnene mine hadde kome og sagt slikt, då hadde eg begynt å lura litt trur eg...nei eg veit ikkje...det er ganske ille, men det er faktisk slik (...) Det er liksom meir akseptert at ein singel gut går ut og tar for seg...at dei har eit åpent syn på sex, og at dei faktisk kan fortelle om det til andre og sånn (Intervju nr. 2).

Nina fortel her at ho oppfattar det som at det er ein skilnad på korleis kvinner og menn bør fare åt i høve til kor mykje dei snakkar om sexlivet sitt, og kor mange

seksualpartnerar dei har. Eg får inntrykk av at ho ikkje tykkjer det *bør* vere slik, men ho konstaterer at det *er* slik. Ho seier at ho reagerer mindre dersom gutar har ei utagerande seksuell åtferd enn viss jenter har det, sjølv om ho tykkjer "det er ganske ille" at det er slik. Dette kan tolkast som at ho har ei haldning som gjer skilnad på kva reglar som gjeld for kvinner og menn, men at ho eigentleg ikkje tykkjer det er riktig å ha ein slik haldning. Dette ser eg som eit teikn på at ho forheld seg til to ulike diskursar, og er uviss på kva for ein av dei som bør vere dominerande i hennar haldning. Gro uttalte seg på liknande vis i delkapittel 6.1, og det gjer også Olav i neste avsnitt.

Jeg føler at ikke det bør være det, men jeg tror ikke det er helt det samme altså, men en bør være likestilt der altså (...) Hva man vil gjøre med kroppen sin og med hvem, det må være opp til hver enkelt...men det er vel ikke helt sånn tror jeg...jeg tror jenter er mye mer utsatt for sladder enn gutter...Med gutter, da er det litt tøft liksom, hvis du har hatt sex med mange, mens jenter er kanskje, da skal man liksom ikke ha hatt sex med så mange (Intervju nr. 9).

Han seier altså at det *er* ein skilnad på korleis menn og kvinner bør oppføre seg når det gjeld sex, men at han sjølv tykkjer at det ikkje *bør* vere det. Eg spør Olav om han ville innleia eit forhold til ei jente som han visste hadde hatt mange seksuelle forhold før han.

For meg har ikke det noe å si sånn i utgangspunktet altså, men hvis jeg hadde vært interessert i å bli kjæreste eller litt mer sånn så ville jeg sikkert vært litt på vakt (...) håpet at hun var stabil da (...) Jeg ser ikke på sex som veldig viktig, men det er liksom ikke det absolutt viktigste hvis personen er grei og jeg liker personen og går veldig godt sammen med personen, så har ikke det så mye å si, da er det mer hvordan den personen er med meg og med andre da som gjelder (Intervju nr. 9).

Han legg altså vekt på at det viktigaste er om personen er grei, at han liker personen og at han går godt i lag med personen. Det er korleis personen er med han og andre på dette tidspunktet, som er det gjeldande kriteriet for om han vil innleie eit forhold eller ikkje. Samstundes seier han at han ville vore litt på vakt den første tida, for å sjå om ho var "stabil". Dette viser at han seier at han ikkje bryr seg om fortida hennar, samstundes som han vil vere på vakt og håpe at ho er stabil, nettopp på grunn av fortida hennar. Han sender ut tvetydige eller ambivalente signal. Olav kan seiast å ha ein dydsetisk tankegong, då han legg vekt på kvinna sine "særeigne karaktereigenskapar", med hensyn til spørsmålet om han vil innleie eit forhold til henne.

Olav seier at han blir glad viss ei kvinne prøver å sjekke han opp, for sjølv er han litt redd for å sjekke opp damer. Han kjenner ikkje kodane. Samstundes seier han at "det kan være

slitsomt og hehehe...viss det blir for mye" (Intervju nr. 9). Dette er i tråd med det Haavet og Sæle hevdar, altså at "de fleste føler seg ukomfortable med for påtrengende og direkte flörting" (Haavet & Sæle 2002: 76). Det kan gjelde både kvinner og menn. Per tykkjer ikkje det er skilnad på korleis kvinner og menn bør oppføre seg i sjekkesituasjonar. "Det er ingenting som sjokkerer meg (...) kvinner og menn er akkurat like gale eller like bra alt ettersom" (Intervju nr. 4). Slik eg tolkar det meiner han at folk kan gjera ting som er gale, men at det har ikkje nokon betydning om personen er kvinne eller mann. I likskap med Olav liker også Per at kvinnene sjekkar han opp.

Nei det er jo bare kjempegøy det (...) det er som oftest damene som tar initiativet i første omgang for min del (...) Jeg syns det er helt greit...det passer meg helt ypperlig, for jeg syns i utgangspunktet den der sjekkegreien er stress...hohoho (Intervju nr. 4).

Han verkar ikkje som han tykkjer det er sosialt negativt av ei kvinne å vere aktiv og pågåande i ein sjekkeprosess. Han meiner det er positivt, og grunngjев det med at det er praktisk for han sjølv.

Det som kan trekkjast ut av dette er at mange har den oppfatninga at det eksisterer ein strengare seksualmoral for kvinner enn for menn, at det skal mindre til for at ei kvinne blir oppfatta på ein negativ og umoralsk måte enn at menn blir det. Dei fleste meiner likevel at det ikkje bør vere slik. Det er ofte ein skilnad mellom personlege meiningar og det som er rekna som den allmenne oppfatninga. Ein kan òg seie at det er ein konflikt mellom dominerande og marginale diskursar. Årsakene til at det er slik kan vere mange og ulike. Hovudpoenget her er at det eksisterer ein klar ambivalens mellom korleis det vert oppfatta at ting *er* og korleis ein tykkjer ting *bør* vere.

## 7. I skjæringpunktet mellom ulike diskursar

Vi har sett at det eksisterer ulike diskursar i kulturen vår. I utgangspunktet eksisterte det berre ein familiediskurs, som dei fleste opplevde og organiserte livet sitt ut frå. Etterkvart har det vaks fram ein sjølvstendig singeldiskurs, som ein kan seie trugar hegemoniet til familiediskursen (Jfr. Loga 2002). Etterkvart som det har vorte mindre og mindre vanleg å gifte seg, og folk ventar lengre før dei får barn, kan ein seie at familiediskursen har fått ei forgreining i ein pardiskurs. Det er denne pardiskursen eg har sett i høve til singeldiskursen. Eg har vist at mange single organiserer livet sitt ut frå ideal som hører til denne pardiskursen. Det er også i singeldiskursen tendensar til at enkelte retningar er i ferd med å forgreine seg som eigne diskursar.

Det er to ting eg har gjort i denne oppgåva. Eg har i første omgang sett på singellivet sin status i høve til parforholdet sin status. Vi har her sett korleis single individ forhandlar om korleis nære mellommenneskelege relasjonar skal vere, ut frå verdiar i to ulike og til dels motstridande diskursar; singeldiskursen og pardiskursen. For å kunne framstille dette valgte eg å gjera ei inndeling av dei ulike relasjonane single personar inngår i. To av dei er til seksualpartnerar, og desse relasjonane kan vere forpliktande eller uforpliktande. Den tredje typen er venskapsforhold. Dette er berre idealtypar; det vil seie at alle forholdstypane kan innehalde både forpliktande og uforpliktande element, sjølv om dei heller mest mot den eine kanten. Det som viser seg er at individua forheld seg til typiske ideal for singeldiskursen, at singellivet skal vere dynamisk, fritt og uforpliktande, samstundes som dei til ein viss grad har eit ynskje om å inngå i eit forpliktande parforhold. Ein kan anten gje uttrykk for at ein trivst veldig bra med singellivet, og ikkje har noko ynskje om å gå inn i parforholdet, eller ein kan seie at ein mistrivst i singellivet og ynskjer å gå inn i parforholdet meir enn noko anna i heile verda. Eg har vist at mange er redde for å virke desperate viss dei deltar i chatting på internett, singelfestar o.l. for å finne seg ein partner. Dei har òg sterke synspunkt på folk som deltek på slike ting. Samstundes er det eit faktum at fleire og fleire er deltakarar på slike treffstader. Dette viser at folk er usikre på kva som eigentleg er ”lov” å gjera og ikkje gjera. Dei er redde for noko som vert meir og meir vanleg for mange menneske. Når informantane fortel om ideala sine i høve til kva eller korleis eit forhold skal vere, er det ganske eintydig at dei

meiner det skal vere forpliktande. Når dei fortel om sine faktiske forhold er situasjonen meir uviss. Dette kan ha med å gjere at ein freister å tilpasse sine eigne ideal til partneren sine ynskjer, noko som kan vere ein vanskeleg balansegong dersom partane forheld seg til ulike diskursar når det gjeld korleis eit forhold skal vere. Også det å ha "one night-stands", noko som er spesielt for singeldiskursen, kan føre til uvisse og frustrasjon, sjølv om det òg kan vere ei kjelde til nyting og glede. Som vi har sett kan det vere vanskelig å finne den ønska vekta av forplikting i eit forhold. Folk vil ha både forpliktande og uforpliktande forhold, eller litt av begge deler. Når det gjeld venskap kan det vere vanskeleg å finne den rette balansegongen for prioritering i høve til seksuelle forhold. Seksuelle forhold får ofte fortrinnsrett, sjølv om det i singeldiskursen er eit ideal om at vener er vår tids familie, altså at venskap skal vere viktigare enn kjærleik og sex. På bakgrunn av dette kan ein seie at singellivet i det seinmoderne samfunnet har ein viss grad av ambivalens. Dette er på grunn av at det er vanskeleg å finne den ønska balansen når det gjeld vektlegging av ideal frå singeldiskursen og pardiskursen.

Det andre eg har gjort er å vise kva ulike ideal som eksisterer når det gjeld seksualmoral i singeldiskursen. Diskursane på dette området representerer ein konflikt mellom kristen moral, fornuftsmoral og postmoderne moral, eller konservativ og liberal moral. Dette er to ytterpunkt som individet forheld seg til. Enkelte individ forheld seg ganske eintydig til den eine eller andre av desse (ein kan sjølvsagt òg snakke om moderate variantar), medan enkelte andre plasserer seg midt i skjæringspunktet mellom desse to. Det er i sistnevnte tilfelle at det tydelegast oppstår ambivalens hos det enkelte individet, når det gjeld kva som er akseptabel åtferd og kva som ikkje er det. Ein kan i denne samanhengen òg seie det som at det konservative idealet, som handlar om seksuelt fråhald dersom ein ikkje er i eit forpliktande parforhold, stiller krav til individet og styrer samvitet, medan det er det liberale idealet, som seier at du kan ha eit seksualliv knytta til andre personar sjølv om du er singel, som eigentleg eksisterer i det enkelte individet og styrer handlingane. I enkelte kontekstar, som når det gjeld til dømes utruskap, kan ein seie at det eksisterer hegemoniske konservative diskursar, kor idealet er at dette ikkje er akseptert. I mange samanhengar kan ein òg argumentere for at det pågår ein konflikt mellom dominerande og marginale diskursar. Til dømes dersom det vert oppfatta som at det eksisterer ein

strengare seksualmoral for kvinner enn for menn, og individet har ein personleg haldning som seier at kvinner og menn skal vera likestilte, kan den fyrstnemnde haldninga sjåast som den dominerande diskursen, og den sistnemnde som den marginale diskursen. Det vil seie at individet ofte kan ha ei oppfatting av at det er ein skilnad mellom korleis ting *er* og korleis dei *bør* vere.

Single individ lever eit liv kor valfridomen herskar, men det å ha sjansen til å velje er ikkje utelukkande positivt, det ber òg med seg mange farer. Individet er frie, og har inga plikt til å binde seg til nokon eller noko, med mindre dei ynskjer det sjølv. På den andre sida lurar risikoen for å bli einsam og åleine. I denne oppgåva er det singellivet eg har skildra, men det kan òg kan lære oss noko generelt om det seinmoderne mennesket sine nære relasjonar.

## 8. Kjelder

### Bøker og artiklar:

Alver, Bente, Larsen, Øyvind & Eimar Munthe 1984: *Hjelp meg – jeg har gikt! – Holdninger og forventninger til skolemedisin og alternativ medisin*. Oslo: Universitetet i Oslo

Alver, Bente & Torunn Selberg 1992: "Det er mer mellom himmel og jord" – Folks forståelse av virkeligheten ut fra forestillinger om sykdom og behandling. Oslo: Vett & Viten

Arnstberg, Karl-Olov 1997: *Fältetnologi*. Stockholm: Carlssons

Bauman, Zygmunt 1995: *Postmodern etik*. Göteborg: Daidalos

Beck, Ulrich og Elisabeth Beck-Gernsheim 1995: *The normal chaos of love*. Cambridge: Polity

Bjelland, Lina 1999: *Kjærligheten i våre hender – Kjærlighetens rolle for det moderne menneskets selvforståelse*. Bergen: Universitetet i Bergen

Cargan, Leonard og Matthew Melko 1982: *Singles: Myths and realities*. Beverly Hills: Sage

Douglas, Mary 1997: *Rent og urent. En analyse omkring urenhet og tabu*. Oslo: Pax

Eilenberger, Marianne 1998: *Single – om sex, fordommer, penger og makt*. Oslo: Bladkompaniet

Foucault, Michel 1999: *Diskursens orden*. Oslo: Spartacus Forlag A/S

Focault, Michel 1987: *The History of Sexuality. Volume 2*. London/New York: Penguin Books

Folgerø, Tor 2001: "Skeive" barnefamiliar? – Ein etnologisk studie av homoseksualitet, kjønn og foreldreskap mellom normer og overskridningar. Bergen: Universitetet i Bergen

Frykman, Jonas 1993: *Horan i bondesamhället*. Stockholm: Carlssons

Frønes, Ivar 2001: *Handling, kultur og mening*. Bergen: Fagbokforlaget

Giddens, Anthony and Christopher Pierson 1998: *Conversations with Anthony Giddens – Making Sense of Modernity*. Cambridge: Polity

- Giddens, Anthony 1990: *The Consequences of modernity*. Cambridge: Polity
- Giddens, Anthony 1992: *Intimitetens forandring – seksualitet, kærlighed og erotik i det moderne samfund*. København: Hans Reitzels Forlag
- Hallesby, O 1931: *Den nye moral*. foredrag holdt for studenter i universitetets gamle festsal. Oslo: Universitetet i Oslo
- Haavet, Thea & Trude Sæle 2002: *Dating på norsk – snarveier til kjærligheten for single*. Oslo: Genesis forlag
- Hellesund, Tone 2002: *Den norske peppermø – Om kulturell konstituering av kjønn og organisering av enslighet 1870-1940*. Bergen: Universitetet i Bergen
- Kvale, Steinar 1997: *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal
- Miles, Rosalind 1991: *The Rites of Man – Love, Sex and Death in the Making of the Male*. London: GraftonBooks
- Nyeng, Frode 1999: *Etiske teorier – en systematisk fremstilling av syv etiske teoriretninger*. Bergen: Fagbokforlaget
- Schütz, Alfred 1963: Common-sense and scientific Interpretation of Human Action, i Maurice Natanson (ed.): *Philosophy of the Social Sciences. A Reader*. New York: Random House
- Sennett, Richard 1992: *Intimitetstyranniet*. Oslo: Cappelen
- Skirbekk, Sigurd 1999: *Ideologi, myte og tro ved slutten av et århundre – Sosiologisk kulturteori og funksjonsanalyse*. Oslo: Tano Aschehoug
- Skårderud, Finn 2000: *Uro – en reise i det moderne selvet*. Oslo: Aschehoug
- Weber, Max 1990: *Makt og byråkrati*. Oslo: Gyldendal
- Weeks, Jeffrey 1995: *Invented Moralities – Sexual Values in an Age of Uncertainty*. New York: Columbia University Press

## **Artiklar frå Aviser og magasin:**

- Amdal, Ingvild 2001. Playerpikene: De leker med menn. *Det Nye september*
- Hoftun, Hanne 2003. Singelsamfunnet. *Henne februar*

Kaluza, Susanne Louise & Ole Henrik Ystehede 2002. Øver sex med venner – Må være flinke i senga. *Dagbladet* 22. september

Loga, Jill M. 2002. Sex & the City. *Bergens Tidende* 13. oktober

Storli, Kristine Holger 2002. Den single sannheten. *Shape Up* september

Storli, Kristine Holger 2001. Sex & Singel & Frustrert! *Shape Up* mars

Vintervoll, Lene 2002. Heltente damer. *Dagbladet* 26.august

## **Munnlege kjelder:**

Intervju nr. 1, band 1: Anne

Intervju nr. 2, band 2: Nina

Intervju nr. 3, band 3: Jørgen

Intervju nr. 4, band 4: Per

Intervju nr. 5, band 5: Axel

Interjvu nr. 6, band 6a og 6b: Klara

Intervju nr. 7, band 7a og 7b: Janne

Intervju nr. 8, band 8a og 8b: Gro

Intervju nr. 9, band 9a og 9b: Olav